

LANDSMØTET I AKP (m-l) 1980

**FRAMLEGG
TIL
PRINSIPP-
PROGRAM**



Pris kr. 5,-

Forord frå den førebauande programkomiteen

Den førebauande programkomiteen har sett det som oppgåva si å gjera ferdig eit utkast til revisjon av AKP (m-l)s prinsipp-program som kunne diskutera ute i partiet så snøgt som mogleg.

Vår meining er at det beste no er å halda fast ved 1976-programmet som utgangspunkt, og revidera det. Landsmøtet står sjølvstendig fritt til å vedta eit heilt nytt programframlegg. Vi vil åvara mot denne løysinga. Vi meiner at 1976-programmet i store trekk er rett, og at AKP (m-l) framleis kan bruka hovudlinene i det. Å revidera det krev mykje mindre arbeid enn å skriva eit nytt program. Det blir også lettare og mindre tidkrevjande for partiet å diskutera ein revisjon. Den som vil, kan lett leggja vårt framlegg ved sidan av 1976-framlegget, og sjå kva vi vil endra. Dermed vert det greiare å få oversyn

over kva endringane tyder politisk. Det vert vanskelgare å finna fram i eit heilt nytt programutkast, og det vil truleg krevja stor diskusjon å bli samde om slike ting som utvalet av saker som blir handsama, struktur osv. før diskusjonen om ulike konkrete formuleringar kan byrja.

Som ein fylgje av hastverk er ein del formuleringar dårlegare enn vi ynskjer, og det finst ein del gjentakningar i framlegget. Ulike personar har til dels skriva ulike avsnitt med svært lita tid til sams gjennomgåing av alt stoffet. Dette vil òg svekkja heilskapen. Etter vårt syn finst det framleis rom for å skjera ned ein del i programmet, og det trengst ei stilistisk bearbeiding.

Vi har lagt hovudvekta på å få ferdig eit utkast som inneheld ein del nye saker samanlikna med 1976-programmet, slik at partiet kan gå i gang med å diskutera endringar.

Vi gjer framlegg om at le-saren konsentrerer seg om

desse nye politiske sakene fyrst, og lar veikskapane i forma koma i andre rekkje. Vi trur at innlegg, kritikk og endringsframlegg om desse politiske hovudsakene er det som trengst mest no.

Den førebauande programkomiteen

Forord fra arbeidsutvalget i AKP (m-l)

AKP (m-l) skal etter planen holde sitt 3. ordinære landsmøte i løpet av 1980.

Som ein del av forberedelse foran dette landsmøtet har arbeidsutvalget vedtatt å sende ut dette utkastet til nytt prinsipp-program for AKP (m-l). Utkastet er laga av ei lita gruppe som fikk i oppdrag å skriva et forslag som kunne stimulere lands-

møtediskusjonen. *Utkastet er ikke gjennomgått verken av sentralkomiteen eller av arbeidsutvalget. Det står bare for forfatternes egen regning.*

Dette forslaget er følgelig ikke bindende for sentralkomiteen, dens organer eller medlemmer. Det er altså mulig at sentralkomiteen eller medlemmer i den vil reservere seg mot forslaget eller deler av det, eventuelt utarbeide nye forslag eller motforslag.

Partilagene bør oppfatte dette forslaget som et fritt og uforpliktende utgangspunkt for diskusjon.

Arbeidsutvalget har beslutta å utgi utkastet offentlig fordi vi ser det som en fordel å få partiets politikk diskutert så bredt som mulig. Ved å få ut et offentlig forslag, gjør vi det lettere for medlemmene i Rød Ungdom og Norges Kommunistiske Studentforbund og for uorganiserte sympatisører å få sagt sin mening om AKP (m-l)s politiske linje. Om forslag til program blir

kritisert av våre politiske motstandere på forhånd, så er det bare en fordel, fordi det gjør det lettere for oss å se om partiets fiender kan utnytte. Vi kan ikke se at denne typen utkast inneholder noe som kan skade partiet og som det er gode grunner for å holde bare internt nå. At det fins forskjellige syn på noen politiske spørsmål og at vi arbeider med programsaker, er offentlig kjent. Vi la det bl.a. fram i forbindelse med forarbeidet til militærpolitisk program. Vi trur at det å offentliggjøre mer materiale om sånne spørsmål, skaper større tillit til AKP (m-l).

Derfor ønsker vi også at deler av debatten rundt revisjonen av prinsipp-programmet blir ekstern. Partiledelsen forbereder materiale til Røde Fane og en supplerende artikkelsamling om programspørsmål med motstridende synspunkter på noen viktige saker. Vi ønsker at Klassekampen og Røde Fane trykker debattinnlegg. Dette gjør det mulig

å trykke flere debattinnlegg enn det vi kan få spredd internt, og det gjør at medlemmer av ungdomsforbundene og sympatisører kan få delta. Partiledelsen vil også vurdere å offentliggjøre enkelte endringsforslag — eventuelt hele forslag til programrevisjon om noen ønsker å utarbeide det.

Vi oppfordrer folk utafor partiet til å sende debattinnlegg, kritikk og eventuelle forslag direkte til programkomiteen, c/o redaksjonen i Røde Fane.

Vedtak om prinsipp-programmet vil sjølsagt bli gjort internt i AKP (m-l) i samsvar med de vanlige prinsippene for partidemokratiet.

Studiespørsmål til et debattmøte om prinsipp-programmet vil bli offentliggjort i Klassekampen i løpet av oktober måned.

Arbeidsutvalget i sentralkomiteen i AKP (m-l)

20. september 1979

I Arbeidarklassens kommunistiske parti

1) Kva er AKP (m-l)?

Kapitalismen har skapt den moderne arbeidarklassen — proletariatet. Proletariatet kan berre frigjera seg ved at det styrtar kaptialismen og gjer slutt på all utbytting. Difor er proletariatet den mest revolusjonære klassen i historia til menneskeætta.

Skal proletariatet greia å sigrar over borgarskapet, må det skapa ein eigen organisasjon for å leia denne kampen; sitt eige revolusjonære parti. AKP (m-l) prøvar å bli det revolusjonære partiet til proletariatet i Noreg.

AKP (m-l) vil kjempa for interessene til arbeidarklassen i den daglege striden mot kapitalismen og imperialismen. AKP (m-l) vil òg kjempa for den historiske oppgåva til arbeidarklassen: Gjera sosialistisk revolusjon og skipa proletariats diktatur i Noreg, og gå vidare saman med proletariatet i alle land for å tryggja sigeren for kommunismen i heile verda.

For å utvikla ei rett line for denne kampen, treng AKP (m-l) revolusjonær teori. AKP (m-l) nyttar marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking, som er den revolusjonære teorien arbeidarklassen har utvikla gjennom meir enn hundre års kamp. Partiet arbeider med å knyta denne teorien saman med kunnskap bygd på grundige studiar av tilhøva her i landet, slik at vi kan utvikla ein marxistisk politikk som duger for revolusjonen i Noreg.

AKP (m-l) slåst mot borgarleg politikk som prøvar å forkle seg som sosialistisk, mot moderne revisjonisme og sosialdemokratisme.

AKP (m-l) byggjer på den proletariske internasjonalismen. Partiet kjempar for at arbeidrarar og undertrykte i alle land skal gå saman. Vi kjempar mot rasisme og nasjonal sjåvinisme i Noreg. Vi står arbeidrarar i klassekamp, frigjeringsrørslar, undertrykte land som forsvargar sjølvstendet sitt, og sosialistiske statar.

AKP (m-l) er ein del av den kommunistiske verdsrørsla. Om arbeidsfolk i heile verda skal frigjera seg, må revolusjonane i alle land stå kvarandre. AKP (m-l)

må søkja kontakt med dei mest målmedvitne av dei revolusjonære i alle land, dei verkelege marxist-leninistiske partia og organisasjonane, stø dei og læra av dei.

Samstundes kan ikkje partiet vårt kopiera blindt det andre har gjort. I den kommunistiske verdsrørsla må alle verkelege marxist-leninistiske parti stå på lik fot. Berre kommunistane og arbeidrarane i Noreg kan utvikla ei line som er rett for revolusjonen i Noreg, og berre dei må rå over politikken til det norske kommunistpartiet.

Dei russiske sosialimperialistane har greidd å gjera nokre parti som tidlegare var kommunistparti til reiskapar for den fascistiske og imperialistiske politikken sin. Dette er ei svært alvorleg historisk røynsle for oss. AKP (m-l) må aldri underordna seg noka utanlandsk makt, men alltid vera ein reiskap for arbeidsfolk i Noreg.

AKP (m-l) ynskjer å ta opp i seg den mest medvitne og revolusjonære delen av arbeidarklassen i Noreg, dei som klårast ser dei langsiktige måla til proletariatet, og som vil bruka heile livet sitt til å kjempa for at kommunismen skal sigrar. På lik line med desse vil partiet ha som medlemmer småbønder, arbeidande fiskarar, intellektuelle og andre revolusjonære frå andre klassar som tar klassestandpunktet til proletariatet og ynskjer å kjempa saman med det for kommunismen.

I Noreg i 1980 finst det ikkje noko anna revolusjonært parti enn AKP (m-l). Samstundes er partiet lite, og har ikkje så stor røynsle. Det har berre støtte frå ein avgrensa del av proletariatet. Enno er det berre frøet til det revolusjonære partiet som trengst om sosialismen skal sigrar i Noreg. Mykje av det eit slikt parti må gjera, maktar ikkje AKP (m-l) å gjera no.

Å utvikla AKP (m-l) frå veiktil sterkt og frå urøynd til røynd, går ikkje av seg sjølv. Det er avhengig av dei som står partiet, og av medlemmene og leiinga. Vi må arbeida hardt i mange år for å læra, knyta band til massane av arbeidsfolk og vinna støtte gjennom å føra klassekamp. Berre då kan vi etter kvart forma om partimedlemene til verkeleg revolusjonære, og gjera AKP (m-l) til proletariatets parti i Noreg i den fulle meininga av ordet.

2. AKP (m-l) i klassekampen

a) Eit parti av ein ny type AKP (m-l) er skipa for å leia proletariatet i den revolusjonære kampen for å styrta kapitalismen. Alle andre parti som finst i Noreg, er organiserte for å vera med i det borgarleg-parlamentariske spelet om taburettar og bein under kapitalismen. Difor skil AKP (m-l) seg grunnleggjande frå alle andre norske parti.

Dette skiljet viser seg i ulik politisk line, ulik organisasjon og ulik arbeidsmåte.

Dei andre partia måler framgang og tilbakegang i parlamentarisk makt under kapitalismen. Dei byggjer på ulike typar av borgarleg politisk teori, irekna revisjonistisk og sosialdemokratisk teori. Dei er organiserte for å vinna parlamentarisk framgang. Dei kan venta støtte frå den borgarlege staten og frå monopolgrupper. Massekampen utanfor dei borgarlege statsorgana kan truga posisjonane deira under kapitalismen. For å få støtte frå monopola og staten, må dei borgarlege partileiarane visa at dei duger til å undertrykkja inassekampen og halda arbeidsfolk i ro.

AKP (m-l) må måla sin eigen framgang ut ifrå kva som tener arbeidarklassen og kva som tener kampen for det langsiktige målet, sosialismen. AKP (m-l) byggjer på arbeidarklassens politiske teori, marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking. AKP (m-l) er organisert for å driva med klassekampen og revolusjon. Parlamentarisk arbeid er underordna dette. AKP (m-l) kan berre veksa og styrkja seg ved å ta del i masserørslene til arbeidarklassen og folket heile tida. For å få auka støtte, må partiet syna arbeidsfolk at det er ein bra tenar for interessene deira. AKP (m-l) må også vera førebudd på fiendskap og forfylgning frå monopolborgarskapet og staten.

Fordi det kommunistiske partiet skil seg frå dei borgarlege partia på grunnleggjande område, kallar vi det eit parti av ein ny type.

Historia syner at det er ei svært vanskeleg oppgåve å skapa eit slikt parti. Det finst ikkje på førehand nokon fullgod plan for kva politikk dette partiet skal føra, korleis det skal organiserast og korleis det skal arbeida. Ein slik plan må kommunis-

tane utvikla sjølv gjennom å samla røynsle over mange år. Blir partiet sterkt, kjem reaksjonen før eller seinare til å prøva å knusa det med vald.

Arbeiderforeningene som Marcus Thrane leidde (1848), Det norske Arbeiderparti (1887) og «NKP» (1923) var alle saman opphavleg revolusjonære arbeidarparti som kjempa for sosialismen. Men revolusjonære i desse partia leid nederlag. Arbeiderforeningene vart knuste, og DNA og «NKP» vart til borgarlege parti. Ein av grunnane til dette var at dei var prega av uklære og range idear om kva slags parti arbeidarklassen treng for å skapa sosialismen. Ingen av dei oppfylte fullt ut krava til eit parti av ny type.

AKP (m-l) arbeider for å bli eit slikt parti. Her følgjer ei samanfating av den lina partiet har utvikla for dette fram til 1980.

b) Kva vil det seia å leia klassekampen?

AKP (m-l) er skipa for å leia klassekampen. Denne oppgåva stiller store krav til partiet og partiets medlemmer.

Lenin kalte kommunistpartiet for generalstaben til arbeidarklassen. Skal AKP (m-l) kunna verka som ein nyttig generalstab for arbeidsfolk, må partiet evna å utvikla den kommunistiske teorien som rettleier kampen på lang sikt, og liner for dagspolitikken som rettleier den daglege klassekampen. Partiet må vera beraren av den revolusjonære marxistiske politikken innanfor arbeidarklassen.

AKP (m-l) kan ikkje gi ordrar til det arbeidande folket slik ein generalstab gir ordrar til soldatane under ein krig. Skal politikken få framgang og partiet verkeleg fungera som ei leing i klassekampen, må kommunistane evna å overtida arbeidsfolk om at det AKP (m-l) gjer framlegg om er rett og verkar bra i praksis. Det krev at AKP (m-l) er den mest leiande delen av arbeidarklassen politisk sett, og har svært nære og gode samband med heile arbeidarklassen og det arbeidande folket. Revolusjonære proletarar må vera ryggraden i partiorganisasjonen, og partiet må ha kommunistar frå alle viktige klassar og lag i det arbeidande folket som medlemmer.

Skal den kommunistiske

politikken bli massane sin politikk, må AKP (m-l) leia ved at *partiet sjølv går i spissen*. Partiet må analysere situasjonen i dei store kampane, det må tidleg stilla rette parolar og sjølv syna gjennom hardt arbeid kva som er rette vegen å gå. Partiet åleine er berre ein liten del av det arbeidande folket, og kan ikkje vinna store slag. Arbeidsfolk vil få respekt for partiet og arbeida saman med det dersom dei ser at AKP (m-l) tar dei tyngste bøkene og er der striden er hardest. Men dei kjem aldri til å stå partiet om dei ser at det står på si delina og nøyer seg med å laga kommentarar og parolar.

Difor er det naudsynt at dei einskilte medlemmene i AKP (m-l) stiller krav til seg sjølv. Dei må sjølv setja interessene til arbeidarklassen og folket fremst, arbeida hardt for å verta dyktige kommunistiske politikkarar, og vera viljuge til å gi personlege offer for å tena klassekampen og folket. Partiet må aldri bli ein stige der folk går inn for å vinna seg rikdom eller eit namn. Folk veit at leiarane i dei stora borgarlege partia får slike fordelar. Ingen i partiet må få nokon fordel av å vera medlem av AKP (m-l).

Medlemene i AKP (m-l) har ulike personlege evner og krefter. Både dei og partiet gjer feil. Men skal partiet vinna tillit, må folk sjå i praksis at medlemene i AKP (m-l) jobbar etter beste evne, lærer av sine egne feil, og ikkje arbeider for seg sjølv, men for det arbeidande folket. Slike folk kan leia store klassekampar. Det er dette vi meiner når vi seier at AKP (m-l) må verta eit parti av leiarar.

c) Masselina

Skal AKP (m-l) utvikla ein rett politikk og få støtte i det arbeidande folket, må partiet arbeida etter masselina. Teorien om masselina er i fyrste rekkje utvikla av Mao Zedong.

Masselina byggjer på det proletariske verdssynet. Kjernen er prinsippet *frå massane — til massane*.

Det tyder at partiet og medlemmene må læra av dei arbeidande massane. Vi må samla røynslene deira, og få greie på behova og ynskja deira. Fyrst er desse meinigane og ynskjene einskilte og usystematiske. Partiet må studera dei og dra dei saman, og bruka dei til å laga

ein politikk som AKP (m-l) fører ut til massane. Slik må AKP (m-l) gå til det arbeidande folket med parolar og liner som byggjer på røynslene og krava deira, men som er reinodla og systematiserte. Sidan må partiet sjå på kva resultat kampen for denne politikken gir, og på nytt summara opp kva massane meiner. Dette må gjera igjen og igjen i ein uendeleg spiral.

Dette er å arbeida i samsvar med den marxistiske sannkjenningsteorien (erkjennelsesteorien). Han lærer oss at rette tankar ikkje vert til i hovudet på folk skilde frå røyndomen, men at dei vert til og blir prøva i sosial praksis.

Skal AKP (m-l) kunna bruka masselina, må partiet ha djupe røter i massane. AKP (m-l) må leiva med i arbeidsfolks liv, læra av folket og ha vyrdnad for det. AKP (m-l) må gå ut ifrå kva massane verkeleg treng — gå ut ifrå deira objektive behov. Det må ta omsyn til kva massane ynskjer, og kva dei har skjona og ikkje skjona.

Sjølvstendig kan massane ta feil. Arbeidarklassen er påverka av propaganda frå borgarskapet og opportunistane. Av og til greier propagandamaskinen til imperialismen å fremja reaksjonære straumdrag i delar av folket. Innanfor arbeidarklassen og mellom andre arbeidsfolk er det motseiingar og ulike interesser. Masselina tyder at AKP (m-l) må kjempa mot slike range synspunkt mellom arbeidsfolk, men med vyrdnad for dei ærlege menneska som har dei, og med tillit til at dei arbeidande folket etter ei tid vil skjona dei verkelege innhaldet i dei reaksjonære politiske linene.

AKP (m-l) må evna å sameina seg med og utvikla alle gode og rette straumdrag i masserørsla, og nytta dei til å driva attende skadelege og range straumdrag. Berre slik kan AKP (m-l) evna å gjera masserørsla meir konsekvent, målmedvitne og progressiv, og unngå at partiet vert ei isolert sekt eller eit opportunistisk etterslep som berre følgjer etter den spontane rørsla.

Dei borgarlege og revisjonistiske retningane er prega av djup vanvyrdnad for massane. Dei ser på historia som noko som vert laga av store heltar og borgarlege politikkarar, medan massane er mindreverdige brikkar

som vert brukte av leiarane, «stemmekveg» osv. Borgarlege politikarar veit at dei ikkje kan få støtte frå arbeidsfolk om dei stør monopola og imperialismen ope. Difor lyg dei ofte for massane. Leiarane i dei borgarlege sosialdemokratiske og revisjonistiske partia er oftast borgarlege byråkratar som lever eit liv fjernt frå det livet arbeidsfolk lever. Difor veit dei ikkje kva folk ynskjer og meiner, og kva som skjer i arbeidarklassen.

AKP(m-l) må lære av dette dårlege førebiletet. AKP(m-l) må syna i praksis at det høyrer på folk og respektar dei. Leiinga, grunnorganisasjonar og medlemmer må prøva å skaffa seg så brei kontakt med massane som råd er. Hovudmassen av leiarar og medlemmer må vera vanlege arbeidadarar og arbeidsfolk som kjenner problema til massane på kroppen av di dei sjølve lever det same livet og fører dei same kampane.

Berre massane kan endra noregshistoria og tryggja sigeren i den sosialistiske revolusjonen. AKP(m-l) kan berre fylla oppgåva si gjennom å utvikla masselina, vera den tryggaste støtta for dei kjempande massane og gå i brodden for massekampen sjølv.

d) Teoretisk arbeid og politisk diskusjon i AKP(m-l)
Skal AKP(m-l) evna å utvikla ei riktig og framgangsrisk politisk line, så krev det godt arbeid med å utvikla politikken innanfor partiet.

Ei rett kommunistisk politisk line kan berre bli utvikla ved at partiet driv vitskaplege undersøkingar og har ei vitskapleg haldning.

Mao har sagt:

«Den marxistiske filosofien, den dialektiske materialismen har to svært tydelege særdrag: det fyrste er klassekarakteren, at han ope erklærer at den dialektiske materialismen tener proletariatet; og det andre er den praktiske karakteren, at han strekar under at teorien er avhengig av praksis, han legg vekt på at praksis er grunnlaget for teorien, og at teorien på si side tener praksis.»

«Om praksis» (juli 1937)

AKP(m-l) må binda saman ulike typar studiar. Det er naudsynt at partiet og flest mogleg medlemmer heile tida studerer verka til dei kommunistiske klassikarane Marx, Engels, Lenin, Stalin og Mao Zedong. Vi må også studera røynslene frå sosialistiske revolusjonar og systerparti, verdshistoria og verdutviklinga no. Samstundes blir desse studiane lite verdte om dei ikkje blir knytte saman med grundige studiar av norsk historie, og framfor alt svært omfattande arbeid med å læra å kjenne stoda i Noreg no. Berre ved å kombinera studiar av klassisk og utanlandsk marxisme med grundige studiar av Noreg, kan AKP(m-l) utvikla ei marxistisk line som duger for arbeidarklassen i Noreg.

AKP(m-l) må knyta saman studiar og praksis. Å søkja sanninga frå fakta tyder å prøva om teoriane er riktige ved å sjå om dei verkeleg gir resultat i klassekampen. Utan praksis blir teorien livlaus, medan praksis som ikkje blir rettleidd av marxistisk teori blir blind.

Vitskapleg arbeid for å utvikla politikken kan ikkje

overlastast til nokre få personar innanfor AKP(m-l). Ei lita gruppe personar kan ikkje skaffa seg oversyn over alle sider ved klassekampen i Noreg og Noregs stilling i verda. Difor må partiet evna å bruka kreftene til flest mogleg av medlemene og tilhengjarane til å driva slikt arbeid. AKP(m-l) må stri for å gjera partiet til ein god arbeidsplass for intellektuelt arbeid. Både teoretiske studiar, samanfating av røynslene til massane og å gå ut med politikken er vitskapleg arbeid.

Difor må AKP(m-l) bli betre til å nytta vitskapleg tenking og vitskaplege metodar når partiet skal analysere politiske spørsmål. Det er naudsynt å oppmuntra kritisk tenking og debatt i partiet. Vi treng den haldninga at spørsmål blir avgjorde av kva undersøkingane syner, og at dei ikkje er avgjorde for dei er undersøkte, diskuterte og analyserte. Vi må slå fast at vi ikkje kan uttale oss skråsikkert om saker vi ikkje har undersøkt og ikkje har røynsle med. Vi må ikkje vera redde for å vedgå at partiet har teke feil og endra line når fakta syner at slik er det. Partiet er skipa for å tena arbeidarklassen og gjera revolusjon. Ei vitskapleg haldning tyder også at partiet konsentrerer arbeidet sitt for å undersøka røyndomen på område som har mykje å seia for klassekampen og revolusjonen. På desse områda er det naudsynt at partiet utviklar seg til ein autoritet i kraft av kunnskap. Men det er svære område for menneskeleg verksemd som partiet ikkje er skipa for å organisera. Partiet gjer seg nytte av kunnskap som er utvikla i naturvitskapen og kunsten, og partiet stør naturvitskap og kunst fordi folket har bruk for det. AKP(m-l) må freista å gjera seg til ein autoritet når det gjeld vitskapspolitikk og kunstpolitikk. Men det er ikkje ei oppgåve for AKP(m-l) å endra seg til eit universitet eller kunstakademi. Difor er det heller ikkje partiet si sak som organisasjon å gjera seg til øvste autoritet i til dømes alle slag vitskaplege og kunstnarlege spørsmål. AKP(m-l) har bruk for å læra av dei store kunnskapane til arbeidsfolk og intellektuelle som står utanfor partiet. Det gjeld òg kunnskap som folk har som er usamde med eller motstandarar av partiet vårt. Dette er ein viktig del av masselina til partiet, og i samsvar med prinsippet — frå massane til massane.

For at partiet skal kunna spela ei leiande rolle i den politiske kampen i Noreg, er det naudsynt at AKP(m-l) utviklar seg til eit kraftsentrum for intellektuelt arbeid som trekkjer til seg folk i kraft av den røynsla og dei politiske og vitskaplege kunnskapane som blir konsentrerte i partiet.

e) AKP(m-l) og masseorganisasjonane.
For å frigjera seg må det arbeidande folket organisera seg. Så lenge arbeidarane står imot kapitalismen og imperialismen som einskildpersonar eller smågrupper, står dei veikte. Massane kan berre sigra ved å slutta seg saman i organisasjonar. AKP(m-l) har som oppgåve

å hjelpa fram at folket skipar så svære og sterke masseorganisasjonar som mogleg. *AKP(m-l) slåst for at masseorganisasjonane skal tena medlemene sine interesser.*

I Noreg er leiinga i mange av dei store masseorganisasjonane teken over av politiske representantar for borgarskapet og monopolkapitalen. Dei brukar makta over desse organisasjonane til å hindra at medlemene kjempar for klasseinteressene sine. Det gjeld mellom anna toppleiinga i den norske fagrørsla, som er den sterkaste og viktigaste masseorganisasjonen i Noreg.

Oppgåva til AKP(m-l) er å gå saman med dei breie massane av medlemmer i desse organisasjonane i kampen for at organisasjonane skal tena medlemene, og for å få leiingar som lojalt vil tena medlemene sine interesser.

AKP(m-l) må stri for stort demokrati i masseorganisasjonane. Masseorganisasjonane kan berre veksa og leva når dei er demokratiske. Medlemene kan berre vinna og utøva makta i dei så lenge det er stort demokrati i masseorganisasjonane, der folk får seie meininga si, vedta line og velja leiing. Derfor må AKP(m-l) gå i fremste rekke i kampen for stort demokrati i masseorganisasjonane.

AKP(m-l) vil kjempa for at masseorganisasjonane skal fylgja den line som partiet meiner er rett, til dømes at fagrørsla skal driva klassekamp og ikkje classesamarbeid. Det må skje ved at partiet kjem med framlegg og freistar å få støtte for dei gjennom demokratisk diskusjon med medlemene. Medlemene i AKP(m-l) må arbeida lojalt i masseorganisasjonane på lik line med andre medlemmer. AKP(m-l) kan ikkje krevja å få kommandera nokon, og partiet må ikkje bruka intrigemaking og kuppmetodar.

AKP(m-l) må stri for arbeidsfolks felles interesser og langsiktige mål. Masseorganisasjonane er organiserte rundt eit avgrensa program, og har med seg folk som utover det kan stå mot kvarandre i mange viktige saker. Det er berre på eit slikt grunnlag dei kan halda fram som masseorganisasjonar. AKP(m-l) må respekttera dette og kjempa for at dei skal halda fram med å sameina store masser med ulike syn. Samstundes må AKP(m-l) stri innanfor masseorganisasjonane for at dei så godt og konsekvent som mogleg skal kjempa for det som medlemene står saman om.

AKP(m-l) må også arbeida for at ulike delar av det arbeidande folket og ulike masseorganisasjonar skal stå kvarandre. Kommunistane må gå inn for å utvikla solidariteten mellom ulike fagforbund, mellom organisasjonar av arbeidarar, bønder, fiskarar, kvinner, ungdom, intellektuelle osv., og mellom arbeidsfolk av ulike nasjonalitetar og frå forskjellige land. Berre gjennom å utvikla solidariteten kan arbeidarklassen og folket med tida skapa den einskapen som trengst for å vinna eit sosialistisk Noreg.

AKP(m-l) må gå inn for å bli den krafta i masseorganisasjonane som har tanke for arbeidsfolks langsiktige mål, og som går inn for å retta inn dei einskilde dagskampane slik at dei best mogleg tener desse måla.

Vi har som mål at AKP(m-l) blir den høgste forma for

proletarisk klasseorganisasjon. Med det meiner vi at AKP(m-l) er den krafta som mest konsekvent går inn for å organisera massane, og at AKP(m-l) vann framgang for synspunkta sine i masseorganisasjonane i kraft av ei riktig line og gjennom demokratisk diskusjon, og at AKP(m-l) er den krafta i masseorganisasjonane som mest konsekvent går inn for måla deira og for å utvikla solidariteten mellom arbeidsfolk. (Einskapsfrontpolitikk, politikken i fagrørsla og politisk taktikk elles, er handsama i del 6.)

3. Partiets organisering

a) Demokratisk sentralisme

AKP(m-l) er organisert etter prinsippa for den demokratiske sentralismen. Teorien for den demokratiske sentralismen vart fyrste gongen samanfatta av Lenin og utvikla vidare av Mao. Partivedtektene uttrykkjer line til AKP(m-l) for demokratisk sentralisme i detalj. Her tar vi berre opp AKP(m-l) sitt syn på organisasjonsteorien.

Den demokratiske sentralismen er den proletariske organisasjonsforma.

Arbeidarane kan aldri sigra over borgerskapet om dei slåst som einskilde individ. Den demokratiske sentralismen er metoden for å sameina og konsentrera kreftene i arbeidarklassen mest mogleg.

Demokratiet er midlet arbeidarklassen bruker for å frigjera skaparkrafta si. På grunnlag av demokratiet blir det mogleg å samla røynsler og idear, diskutera seg fram til ei politisk line og velja leiing.

Sentralismen er metoden for å gjera slaget mot klassefienden så hardt som mogleg ved at arbeidarane underordnar seg ein medveten, frivillig og jernhard disiplin, når politikken skal setjast ut i livet.

Den demokratiske sentralismen sameinar desse to motseiingane. Rett nytta kan han skapa slike tilhøve i partiet at det «rår både sentralisme og demokrati, både disiplin og fridom, både einskapleg vilje og personleg frimot og initiativ» (Mao).

Partidisiplinen må vera slik at den einskilde underordnar seg organisasjonen, mindretallet underordnar seg fleirtalet, lågare organ underordnar seg høgare og helle partiet underordnar seg sentralkomiteen.

Eit aktivt indre partiliv og frisk diskusjon er naudsynt for den demokratiske sentralismen. Det er ikkje noko mål at alle skal vera samde, tvert om: «utan motseiingar døyr partiet» (Mao). Folk kan gjerne vera usamde i fleirtalsvedtak og direktiv frå leiinga, men dei må fylgja dei så lenge dei gjeld, og freista å få dei endra ved å bruka demokratiske middel innanfor partiet.

Vi er for stilen med at medlemene legg meiningane sine ope fram.

Mao Zedong har sagt:

«Praktiser marxismen, leninismen og ikkje revisjonisme. Samein og ikkje splitt. Ver opne og likeframme og driv ikkje med intrigar og konspirasjonar.»

Vi er mot fraksjonar i partiet fordi det strir mot ein slik stil. Det undergrever verkeleg demokrati fordi fraksjonen set sin eigen disiplin over partidisiplinen og hin-

drar ein sterk og frivillig partidisiplin. Det øydelegg sentralismen. Eit parti som er kløyvd opp i fraksjonar, kan ikkje leia arbeidarklassen i den sosialistiske revolusjonen. Fraksjonar løysar opp einskapen, øydelegg disiplinen og bryt opp partioorganisasjonen. Difor må vi ikkje tillata fraksjonar, men rydda dei ut av AKP(m-l) med hard hand. Det er mogleg å gjera feil i bruken av den demokratiske sentralismen både i retning av for mykje sentralisme som undertrykkjer skaparevna til medlemene, og for mykje demokrati som oppløysar organisasjonen.

Rett demokratisk sentralisme er ikkje noko som utviklar seg ein gong for alle, men det krev at partiet og medlemene har organisatorisk røynsle. Tillemplinga av den demokratiske sentralismen må òg endra seg i samsvar med den politiske utviklinga i klassekampen.

Men det finst ikkje noko alternativ til den demokratiske sentralismen. Sosialdemokratlar og revisjonistar kallar han for «diktatur over medlemene» og «for sentralistisk». Men dei borgarlege arbeidspartia er sjølve prega av *byråkratisk sentralisme*. Leiarane avgjer politikken, medlemsvedtak blir ikkje fylgde. Av og til rår samstundes ultrademokrati: Medlemene kan fritt handla i strid med partivedtak. Ikkje noko av dette kan sameinast med verkeleg demokrati, og AKP(m-l) har ikkje noko positivt å læra av desse borgarlege organisasjonsformene.

b) Kritikk og sjølvkritikk

AKP(m-l) treng metoden med kritikk og sjølvkritikk av mange grunnar. Han er ein naudsynt del av den demokratiske sentralismen. Han gjer det mogleg å setja skarpt lys på range og byråkratiske tendensar, slik at partiet kan slåst mot dei. Han er òg ein naudsynt del av masselina, fordi massane berre vil ha tillit til AKP(m-l) om dei ser at partiet ærlig gjer opp med egne feil.

Mao seier:

«Det kommunistiske partiet er ikkje redd for kritikk, fordi vi er marxistar, fordi sanninga er på vår side og dei grunnleggjande massane, arbeidarane og bøndene er på vår side». (*Tale på det kinesiske kommunistpartiets landskonferanse om propagandaarbeid, 12. mars 1957*).

Kritikk og sjølvkritikk er naudsynt om AKP(m-l) skal evna å utvikla ei rett politisk line. Kommunistane må ikkje frykta kritikken og sjølvkritikken, for vi veit at berre sanninga tener proletariatet. Vi kan ikkje unngå å gjera feil. Då er det bra at vi får kritikk, så det vert mogleg for oss å retta på feila våre.

c) Kamp mellom liner i partiet

Så lenge det finst eit borgarskap og borgarlege idear står sterkt, vil det òg finnast borgarlege idear innanfor dei revolusjonære partia til proletariatet.

Det er ein galen ide at det er mogleg å reinska ut alle borgarlege idear og all borgarleg politikk frå alle medlemmer i partiet. Det vi må kjempa for, er at marxistiske idear og proletarisk politikk har makta i AKP(m-l). Vi seier at det alltid vil finnst ei proletarisk og ei borgarleg line innanfor det re-

volusjonære kommunistpartiet, og det er ei oppgåve for oss å utvikla kampen mellom dei to linene.

Borgarlege tendensar som kjem til syne hos ærlege kommunistar, vil vi kjempa mot ved å bruka demokratisk diskusjon og fylgja formelen einskap — kritikk — einskap.

Det vil også skje igjen og igjen at det dukkar opp borgarlege politikarar og karrieristar innanfor partiet som prøvar å omskapa AKP(m-l) til eit borgarleg arbeidsparti, eit revisjonistisk parti. Om slike folk ikkje kan omvandlast igjen med hjelp av demokratisk diskusjon, må dei ut av partiet. AKP(m-l) kan ikkje ha medlemmer som kjempar for kapitalismen og imperialismen medan AKP(m-l) kjempar for å styrta dei. «Om ein har reformistar, mensjevikar i rekkjene, er det uråd å sigra i den proletariske revolusjonen» (Lenin). «Å kjempa mot imperialismen når ein har slike «stridsfelagar» med i ryggen, vil seia å koma i ein situasjon der ein vert skoten på frå to sider — framanfrå og bakanfrå» (Stalin). Om slike medlemmer vert borte frå AKP(m-l), «(...) så svekkar det ikkje, det styrkar både partiet, arbeidarrørsla og revolusjonen» (Lenin). I slike tilfelle seier vi at partiet styrkar seg ved å reinska seg.

d) Legalt og illegalt arbeid

Under kapitalismen må kommunistane alltid vera budde på valdeleg undertrykking og krig. AKP(m-l) har plikt til å vera førebudd, slik at det ikkje kan bli knust av forfylgingar, men kan kjempa vidare same korleis tilhøva er.

Difor er det eit prinsipp at dei viktigaste delane av partioorganisasjonen skal vera løynde for klassefienden. Sjølv i tider då klassefiendane lar AKP(m-l) vera legalt, må organisasjonsforma vera slik at partiet er førebudd på å gå i illegalitet. Partiet må binda saman legalt og illegalt arbeid.

Samstundes kan AKP(m-l) berre vinna støtte for revolusjonær politikk blant massane ved å bruka så mange måtar som råd for å få politikken spreidd. Politikken til AKP(m-l) kan ikkje vera løynde, tvert om må han vera så offentleg og vidt kjend som mogleg. AKP(m-l) må skipa eit apparat for å spreia politikken sin som folk kan ta kontakt med for å læra av partiet, be om hjelp, koma med framlegg og kritikk. Eit slik apparat trengst også for at partiet skal kunna ta kontakt med andre parti og organisasjonar.

Borgarskapet ynskjer å pressa AKP(m-l) til å gi opp å halda hemmeleg viktige delar av organisasjonen, og gjera alt offentleg. Dette tener dei interessene som kan tenkja seg å knusa partiet med vald. Samstundes vil dei nekta AKP(m-l) å nytta retten til å fungera legalt i full breidde. Den rette line er å kjempa for å styrkja den hemmelege delen av partiet, og å kjempa for å skapa ein sterkare open del av partiet som har størst mogleg fridom til å arbeida legalt.

e) Sjølvberginga

Eit revolusjonært parti som har som mål å styrta kapitalismen i Noreg, kan ikkje gjera seg avhengig av stønad frå andre enn dei som har interesse av å stri mot borgarskapet og imperialismen. Det må byggja på ar-

beidarklassen og dei arbeidande massane i Noreg.

Når det gjeld økonomi, må AKP(m-l) byggja på prinsippet om å skaffa det partiet treng gjennom eige arbeid, og gjennom støtte frå dei arbeidande massane i Noreg. AKP(m-l) må praktisera sparsemd, kjempa mot sløsing og ikkje gi grobotn for byråkratiske yrkespolitikarar med høge løner.

AKP(m-l) snyltar ikkje på masseorganisasjonar og tar ikkje fagforeiningane sine pengar til sine partiutgifter. AKP(m-l) lar seg ikkje finansiera frå utlandet, slik som dei moderne revisjonistane som får pengar frå Sovjet.

Når det gjeld den norske staten, er det hovudlina til AKP(m-l) at det ikkje ynskjer at staten skal støtta partia av di det undergrei dei borgarlege rettane. AKP(m-l) kan likevel ta imot visse former for stønad frå staten dersom partiet finn at det er naudsynt for å gjera det mogleg å utvikla den politiske propagandaen snøgt. Dette er eit kompromiss med hovudlina, det er ynksjeleg at det får midlertidig karakter, og det må ikkje hindra at partiet i hovudsak byggjer økonomien på arbeidsfolk og på eigne krefter.

II Imperialismen og den proletariske verdsrevolusjonen

4. Imperialismen

a) Dei indre motseiingane i kapitalismen kan ikkje løysast utan revolusjon.

Den kapitalistiske storproduksjonen oppstod og utvikla seg under føydalismen. Dei føydale produksjonsforholda hindra utviklinga av produksjonen, og måtte sprengjast. Gjennom store borgarlege revolusjonar på 1800- og 1900-talet sikra kapitalistane seg makta over statsapparatet. Kapitalismen i verda fekk sitt store gjennombrøt.

«Borgarskapet har under det snaukt hundreårige klasseherredømet sitt skapt meir massive og kolossale produksjonskrefter enn alle dei førre generasjonane til saman.» (Marx og Engels i Det kommunistiske partis manifest.)

Men kapitalistane er ikkje i stand til å styre desse veldige produksjons- og samferdselsmidla. På den eine sida får produksjonen stadig meir samfunnsmessig karakter. På den andre sida er det ein fåtalig kapitalistklasse som eignar til seg resultat av denne produksjonen.

Motseiinga mellom produktivkreftene sin karakter og produksjonstilhøva gir seg bl.a. utslag i periodiske overproduksjonskriser. Det vert produsert meir enn det marknaden kan ta imot fordi massane er utbytta. Difor hopar det seg opp store lager som ikkje får avsetnad. Det fører til øydeleggjing av produktivkrefter, arbeidarar vert arbeidslause og fabrikkar nedlagde.

Kapitalismen ruinerte millionar av småprodusentar og dreiv dei inn i fabrikkane. Med dette skapte dei også den klassen som skal leggja heile det kapitalistiske systemet i grava — det moderne proletariatet.

Marx og Engels synta at dei indre motseiingane i kapitalismen aldri kunne løysast innanfor ramma av kapitalismen. Dei synta at

kapitalismen aldri kan få bort grunnlaget for krisene, og aldri hindra dei i å bli kvassare. Dei slo fast kva som er dei indre utviklingslovene for den kapitalistiske økonomien, og synta at den utviklinga lovbunde må føra til at kapitalismen sjølv lid nederlag, at proletariatet gjer revolusjon og skipar sosialismen.

b) Imperialismen er det monopolistiske stadiet i kapitalismen.

Konkurransen mellom dei ulike kapitalistane for å oppnå størst mogleg profitt førte til at den tidlege frikonkurranskapitalismen voks over i monopolkapitalisme, det vil seia imperialismen. Dette løyste ikkje dei grunnleggjande motseiingane i kapitalismen. Det gjorde dei tvert om mykje skarpere.

I imperialismen sin tidbolk er overproduksjonskrisene vortne kraftigare, og dei kjem oftare. Utviklinga av statsmonopolkapitalismen der staten spelar ei meir og meir sentral rolle som verkeleg felleskapitalist, løyser ikkje motseiingane under kapitalismen, for tileigninga er framleis privat. Tvert om fører utviklinga av statsmonopolkapitalismen til ei skjerping av den kapitalistiske krisa.

Utviklinga av monopolkapitalismen og imperialismen har ikkje endra på at den analysen Marx og Engels gjorde er gyldig. Motseiingane mellom den veksande samfunnskarakteren av produksjonen og den private tileigninga av produksjonsresultata kan framleis berre løysast ved at proletariatet gjer revolusjon, knuser den borgarlege staten og skipar si eiga statsmakt i staten, proletariatets diktatur, og nyttar det til å gjera produksjonsmidla om til verkeleg samfunnsseige, til felleseige for arbeidarklassen.

Lenin samanfatta dei viktigaste kjenneteikna ved imperialismen slik:

1. konsentrasjon av produksjon og kapital, som har nådd eit så høgt utviklingssteg at han har skapt avgjorde monopol som spelar den avgjerande rolla i det økonomiske livet;
2. bankkapitalen er smelta saman med industrikapitalen, og det er skapt eit finansoligarki på grunnlag av denne 'finanskapitalen';
3. kapitaleksporten, til skilnad frå vareeksporten, får særskilte mykje å seia;
4. det oppstår internasjonale monopolistiske kapitalistsamskipnader som deler verda mellom seg, og
5. den territoriale oppdelinga av jorda mellom dei kapitalistiske stormaktene er avslutta.

Imperialismen er kapitalismen på det utviklingssteget då monopola og finanskapitalen sitt herredømme er skipa, då kapitaleksporten har fått ei framståande rolle, då oppdelinga av verda mellom dei internasjonale trustane har teke til og oppdelinga av territoriet på heile jorda mellom dei største kapitalistiske landa er avslutta.»

Lenin sin analyse av grunndragane i imperialismen gjeld framleis.

c) Imperialismen er det høgste og siste stadiet i kapitalismen.

Lenin synta at imperialismen er det høgste stadiet i kapitalismen. Det finst ikkje noko grunnlag for vidare utvikling av kapitalismen til eit kvalitativt nytt stadium etter dette. Imperialismen kan ikkje løysa dei indre motseiingane sine og ikkje hindra at dei vert stadig kvassare.

Imperialismen sin tidbolk er difor samstundes tidbolk for den proletariske verdsrevolusjonen. Imperialismen er det siste stadiet i kapitalismen, då sosialismen vil gå fram til verdsfemnande siger.

Den sosialistiske revolusjonen i Russland i 1917 og dei folkedemokratiske revolusjonane i Kina, Korea, Vietnam og landa i Aust-Europa etter 2. verdskrigen er uttrykk for dei omveltningane som før eller seinare vil råka heile verda. Sjølv om revolusjonane har lide nederlag gjennom kontrarevolusjonar i Sovjet, Vietnam og dei fleste av desse tidlegare sosialistiske landa, tyder dette ikkje at den sosialistiske verdsrevolusjonen er slått attende eller er mogleg å stogga. I desse landa skjerpar dei same antagonistiske motseiingane seg som driv utviklinga i alle kapitalistiske og imperialistiske land fram mot sosialismen. Gjennom kontrarevolusjonane har imperialismen vunne viktige mellombels sigrar, men føresetnadene for sosialistiske revolusjonar mognar på nytt.

d) Den allmenne krisa i kapitalismen har utvida basisen for den sosialistiske verdsrevolusjonen.

Den gamle frikonkurranskapitalismen var råka av periodiske økonomiske kriser. Slike kriser finst òg under tidbolk for imperialismen. Men imperialismen har samstundes ført med seg *den allmenne krisa i kapitalismen*.

Denne allmenne krisa er samstundes ei økonomisk, sosial, politisk og militær krise som råkar alle sider ved det imperialistiske og kapitalistiske verdsystemet, skjerpar alle motseiingar og verkar inn på alle former for kapitalistisk og borgarleg verksemd. Ho er eit uttrykk for at imperialismen har nådd toppunktet i den historiske utviklinga si.

Den allmenne krisa vart innleidd i 1914 med utbrotet av den fyrste imperialistiske verdskrigen som enda med ein rad proletariske revolusjonar, særskilt med den sigerrike sosialistiske Oktoberrevolusjonen i Russland i 1917.

Stalin viste at skjerpinga av dei internasjonale motseiingane i imperialismen har blitt ein faktor som driv fram proletariske revolusjonar:

«Tidlegare såg ein den proletariske revolusjonen berre som eit resultat av den indre utviklinga i vedkomande land. No er dette standpunktet allereie utilstrekkeleg. No må ein fyrst og fremst sjå den proletariske revolusjonen som eit resultat av utviklinga av motseiingane i det imperialistiske verdsystemet.»

Samstundes understrekar Stalin at revolusjonen utviklar seg ut frå dei særskilde vilkåra i dei einskilde landa. På grunn av den ujamne utviklinga vil revolusjonen sigra i kvart

einskild land og *ikkje* i heile verda i *eitt* slag.

Lenin, Stalin, og særskilt Mao, har synt korleis framvokstene av imperialismen har *utvikla* basisen for den proletariske verdsrevolusjonen. Den kampen dei underkua folka og nasjonane i Asia, Afrika og Latin-Amerika fører for nasjonal og sosial frigjerings, er ein lekk i den verdsomfemnande striden for den proletariske verdsrevolusjonen. Dei anti-imperialistiske og nydemokratiske revolusjonane i dei koloniale og halv-koloniale landa er ein heilstøypt del av den sosialistiske verdsrevolusjonen. Mao seier det slik:

«Ein slik revolusjon går til åtak på imperialismen i sjølvve røtene hans, og vert såleis ikkje tolt, men motarbeidd av imperialismen. Derimot vert han støtta av sosialismen, det sosialistiske landet og det internasjonale, sosialistiske proletariatet. Såleis vert ein slik revolusjon ein uskiljeleg del av den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen.»

e) Motseiingane i det imperialistiske verds-systemet gir opphav til krig og revolusjon.

Eit særdrag ved det imperialistiske verdssystemet er at nokre få imperialistiske stormakter rivaliserer om hegemoni og verdsherredøme.

Lenin synta at rivaliseringa om hegemoni ikkje er ein politikk som leinga i ei imperialistisk stormakt kan velja eller la vera å velja. Denne rivaliseringa er ein lovbunden fylgje av den imperialistiske økonomien. Lenin sa: «For imperialismen er det nettopp karakteristisk at strevet *ikkje berre* går ut på å annektera jordbruksområde, men òg høgt utvikla industriområde (Tyskland sin appetitt på Belgia, Frankrike sin på Lothringen). For det fyrste tvingar den avslutta oppdelinga av jorda imperialismen til å strekkja ut handa etter *kvart og eitt* territorium gjennom nyoppdeling, og for det andre er det karkateristisk for imperialismen at nokre stormakter rivaliserer om hegemoniet.»

Den økonomiske, politiske og militære makta til dei ulike imperialistiske stormaktene legg grunnlaget for at dei kan dela opp verda i «interessesfærer» som dei held kvart sitt hegemoni over.

Men det er ei lov at kapitalismen utviklar seg *ujamnt*, at ulike industrigreiner, ulike kapitalistiske land osb. utviklar seg med *ujamn* fart. Det vil seia det same som at den økonomiske og politiske makta statane har, vert endra med tida. Nokre makter går snøgt fram, andre stagnerer, andre går attende. Men med dei endra styrketilhøva mellom dei imperialistiske stormaktene som det fører med seg, kvassast også kampen for å endra den oppdelinga av verda som byggjer på dei gamle styrketilhøva.

Rivaliseringa om hegemoniet og den ujamne utviklinga av styrketilhøvet mellom dei imperialistiske stormaktene er ei *kjelde til krig* under imperialismen og er årsaka til at *krig mellom imperialiststatar i røynda er uunngåeleg under imperialismen*.

Den imperialistiske krigen er framhaldet av den imperialistiske politikken

imperialismen fører i fredstid. Denne politikken avlar uunngåeleg både *urettvise* krigar mellom dei største imperialistiske stormaktene for å dela verda opp på nytt, og *urettvise* krigar frå dei imperialistiske stormaktene mot mindre imperialistiske land for å annektere landområde eller heggja heile landet under seg som koloni eller halvkoloni. Denne politikken frå dei største imperialistiske maktene avlar også *urettvise* krigar for å sikra gamle og røva nye koloniar, nykoloniar og interessesfærer, og *urettvise* krigar for å hindra proletariatet i å gjera revolusjon, ta statsmakta og byggja sosialismen.

Men motseiingane i imperialismen må òg avla *rettvise* krigar. Den imperialistiske underkuinga fører uunngåeleg til at folka i dei underkua nasjonane gjer oppreist, fører væpna kamp mot dei imperialistiske statane for å frigjera landet og gjera nasjonal og demokratisk revolusjon.

Krigen som folket i eit mindre imperialistisk land fører mot aggresjon eller okkupasjon frå eit stort imperialistisk land er også rettvis og revolusjonær.

Underkuinga av proletariatet og dei arbeidande massane i dei kapitalistiske landa fører uunngåeleg til at arbeidarklassen og det arbeidande folket gjer oppreist, styrtar borgarskapets diktatur med vald og skipar proletariatets diktatur og sosialismen. Slik anti-imperialistiske og revolusjonære krigar er òg fylgjar av motseiingane i det imperialistiske verdssystemet, og dei er *rettvise*.

f) Dei grunnleggjande motseiingane i verda i dag.

Dei fire grunnleggjande motseiingane i verda i dag er desse:

- Motseeinga mellom imperialismen/sosialimperialismen på den eine sida og dei underkua nasjonane på hi sida.
- Motseiingane mellom borgarskapet og proletariatet i dei kapitalistiske/byråkratkapitalistiske landa.
- Motseiingane mellom dei imperialistiske/sosialimperialistiske landa innbyrdes.
- Motseiingane mellom dei sosialistiske landa på den eine sida og dei imperialistiske/sosialimperialistiske landa på hi sida.

Ikkje *nokon* av desse motseiingane kan løysast innanfor ramma av det imperialistiske verdssystemet.

Verda i dag er prega av at alle desse fire motseiingane er kraftig skjerpa.

Når det gjeld den fyrste av desse motseiingane, er det særleg motseiinga mellom dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet og dei undertrykte nasjonane i verda som har skjerpa seg. Motstanden frå folka i den tredje verda har drive USA attende og vore ein av dei viktigaste grunnane til at USA-imperialismen i dag er på defensiven i verdsmalestokk. Den aggressive politikken til dei sosialimperialistiske leiarane i Kreml avlar òg større og større motstand frå dei folka som dei prøver å undertrykkja og dominera.

I fronten mot sosialimperialismen tar òg patriotiske leiarar, statssjefar og til og med einskilde prinsar og kongar del. Sjølv om slike leiarar kan representera ytterst reaksjonære krefter i

sitt eige land og kan ha blodig undertrykking av sitt «eige» folk på samvitet, er det rett og progressivt at dei set seg mot press og aggresjon frå sosialimperialismen. Dersom dei gjer dette, fungerer dei i denne samanhengen progressivt og til støtte for den proletariske verdsrevolusjonen same kva for motiv som driv dei til å forsvara dei nasjonale interessene.

Den andre av dei grunnleggjande motseiingane som har skjerpa seg i 70-åra, er motseiinga mellom dei imperialistiske/sosialimperialistiske landa, særleg har motseiinga mellom supermaktene USA og Sovjet.

Det er utviklinga av desse to grunnleggjande motseiingane som har særleg prega verda dei siste ti-åra.

5. Dei to imperialistiske supermaktene

a) Teorien om dei tre verdene.

Mao Zedong analyserte utviklinga av dei fire grunnleggjande motseiingane i verda. Han synta korleis det i dag berre var to av dei imperialistiske maktene som hadde styrke nok til å prøva å dominera heile verda. Han synta korleis kampen til dei undertrykte folka og nasjonane hadde knust det gamle koloniveldet, og korleis kontrarevolusjonen i Sovjet og dei fleste folkedemokratia hadde likvidert den gamle sosialistiske blokka.

På bakgrunn av dette utarbeidde han tidleg i 70-åra teorien om dei tre verdene. Ifylgje denne teorien deler landa i verda seg på fylgjande måte:

Den fyrste verda er dei imperialistiske supermaktene USA og Sovjet. Det er berre desse to maktene som har styrke nok til å slåst om verdsherredømet. Desse to maktene er hovudstøtta for verdsreaksjonen i dag.

Den andre verda er dei utvikla kapitalistiske landa i Europa, Japan, Canada, New Zealand, Australia m.m. Nokre av desse er heilt undertrykte av ei supermakt, som Tsjekkoslovakia, men dei er likevel utvikla kapitalistiske land og ikkje kunstig underutvikla som landa i Asia, Afrika og Latin-Amerika. Desse landa er på den eine sida med på å undertrykkja og utbytta landa i den tredje verda. På den andre sida trugar supermaktene også den nasjonale sjølvrådetten til desse landa. Landa i den andre verda kan difor i visse høve ta tiltak mot hegemonisme og underkuing frå supermaktene si side.

Den tredje verda er dei tidlegare kolonilanda (irekna land som formelt var sjølvstendige) som er fattige av di dei er haldne nede i kunstig underutvikling, av di dei er utbytta av imperialismen. Nokre av dei har store restar av føydalisme, mellom anna fordi imperialismen har støtta opp under føydalismen for å halde folka nede. Sosialistiske land som Kina høyrer også til den tredje verda av di Kina tidlegare var eit halvkolonialt land som no har frigjort seg, og som imperialismen ynskjer å leggja under seg igjen.

Den tredje verda er hovudkrafta i kampen mot sosialimperialismen i verda no. Dette tyder at frigjeringskrigane mot imperialismen, sams tiltak mot supermaktene og forsvar av sjølv-

råderetten frå landa i den tredje verda utgjer ei mektig revolusjonær rørsle som fortener all mogleg støtte.

Teorien om dei tre verdene er i dag (1980) framleis ei objektiv samanfating av utviklinga i verda. Han er nøkkelen til å forstå situasjonen i verda rett, og til å klårleggja kva for krefter som kan mobiliserast i kampen mot imperialismen, sosialimperialisme og reaksjon.

b) USA — ei supermakt i attendegang.

USA er i dag ei imperialistisk makt i relativ nedgang. Som alle aggressorar har USA-imperialismen fått røyna at den som freistar å vinna verdsherredømet gjennom å underkua andre folk, uunnagåeleg skapar grunnlaget for sitt eige nederlag. Tapa i Indokina, sambrotet for innringingspolitikken retta mot dei sosialistiske Kina, den skjerpa motstanden mot USA-imperialismen overalt i den tredje verda, den skjerpa klassekampen frå arbeidarklassen og folket i USA sjølv og motstanden mot USA og så frå dei imperialistiske landa som er allierte med USA — alt dette har veikt posisjonane for USA-imperialismen og har sett fart i attergangen for denne supermakta.

Andre imperialistiske land har utvikla seg snøggare enn USA-imperialismen dei siste tiåra. Samstundes har dei periodiske økonomiske krisene i den vestlege verda råka USA med stadig aukande styrke.

Dei auka vanskaner for USA-imperialismen heime og internasjonalt har skapt djupe kløyvingar og bitre stridar innanfor dei amerikanske monopolborgarskapet sjøl, og dette har igjen veikt handlekrafta til USA-imperialismen.

Alt dette har skapt ein utveg for den sosialimperialistiske supermakta til å rykkja fram på kostnad av USA-imperialismen mange stader i verda og ta posisjonar som USA har halde før.

Men USA-imperialismen er ikkje nokon daud hund. USA er veikt, men dette har ikkje endra at USA har karakteren av å vera ei *supermakt*, ei makt som utbyttrar og kuar folk over heile verda og framleis har krefter til å ta del i kampen om hegemoni over alt på jordkloten.

c) Den sovjetiske sosialimperialismen — ei supermakt i framgang.

I den fyrste tida etter sigeren i kontrarevolusjonen kjende sosialimperialismen seg veik og dårleg i stand til å ta opp kampen mot andre imperialistmakter. Difor la sosialimperialistane i byrjinga opp ein politikk for å fremja dei imperialistiske måla sine gjennom *samarbeid* med den andre supermakta, USA-imperialismen.

Men ettersom sosialimperialismen har styrka posisjonane sine overfor dei andre imperialistmakter, har han også teke opp kampen mot dei stadig meir ope. No er rivaliseringa og striden mellom dei to supermakterne blitt hovudsida i tilhøvet mellom dei.

Den sovjetiske supermakta er enno ung som imperialistisk makt. Ho er enno ikkje veikt av dei svære nederlaga som alle imperialistmakter uunnagåeleg møter før eller seinare. Ho har kunna nytta tilbakeslaga til USA-imperialismen og andre vestlege imperialistmakter til å ekspandera

sjølv. Ho er ei supermakt som relativt sett, innanfor det kriseråka imperialistiske verdssystemet, framleis går fram og ekspanderer.

Den sosialimperialistiske supermakta har særdrag som gjer henne til ei særskarleg og aggressiv makt.

Sovjetunionen skil seg frå USA-imperialismen gjennom at den økonomiske og politiske makta er endå sterkare sentralisert enn i USA og i alle andre imperialistiske land. I økonomien er Sovjet statsmonopolkapitalistisk. I politikken tar det byråkratiske borgarskapet sitt diktatur form av eit diktatur av fascistisk type, som Mao slo fast i 1964: «Sovjet-samveldet er i dag ... eit diktatur av storborgarskapet, eit diktatur av Hitler-typen.»

Den sterke konsentrasjonen av økonomisk og politisk makt i hendene på den leiande klikken innanfor byråkratborgarskapet gir denne klikken sær gode høve til å setja i gang ekspansjonistiske eventyr utan å møte motstand frå andre grupper i det eigne borgarskapet. Han gjer det mogeleg å konsentrera svært store middel om militær produksjon og opprusting. Han gjer det mogeleg for dei å setja inn vald og terror mot alle freistnader dei arbeidande massane gjer på å syna motstanden sin mot den imperialistiske politikken. Alt dette gjer det svært lett for den sovjetiske sosialimperialismen å rusta til krig og gå til krig.

Samstundes er sosialimperialismen veik innvendig. Byråkratkapitalismen i Sovjet byggjer på at den kapitalistiske utbyttinga av arbeidarene og bøndene i Sovjet er gjenoppretta. Dette kunne det nye sovjetiske borgarskapet berre gjera under vern av eit ope, svært hardt og terroristisk fascistisk diktatur. Dei nye herskarane underkvar det sovjetiske folket med eit enormt militærapparat, med tanks og maskingevær, med eit altomfemnande hemmeleg politi og eit gigantisk system av fengsel og konsentrasjonslæger. Dei nye herskarane vågar ikkje anna enn å nektar arbeidarklassen elementære borgarleg-demokratiske rettar som ytrings- og prentefridom, fridom til demonstrasjonar, til møte og til å organisera seg politisk. Borgarskapet har forvandra partiet og alle masseorganisasjonar til reiskapar for det fascistiske diktaturet sitt. Dei har gjenoppretta det gamle terrorstyret over dei ikkje-russiske nasjonane i Sovjet som fanst i tsartida. Sovjet er som det gamle Tsar-Russland blitt «eit fengsel for nasjonane», der den stor-russiske sjåvinismen rår, der dei andre nasjonane vert haldne i trældom med vald og søkt utslatta av herrefolket ved tvangs-russifisering.

d) Sovjet — den farlegaste kjelda til krig.

Sovjet er den yngste av supermakterne, og den som tradisjonelt har minst område under hegemoniet sitt. Sovjet har relativt mindre økonomisk styrke enn USA. Dette tyder på den eine sida at Sovjets evne til å konkurrera ut USA med økonomiske middel er sterkt avgrensa. Dette gjer at Sovjet desperat grip til militære middel for å oppnå hegemoni på USA sin kostnad. Dette har vi sett fleire stader i den tredje verda den siste tida.

På den andre sida har veksten i USA sitt økonomi-

ske potensiale stagnert dei siste åra, medan Sovjet sitt økonomiske potensiale har auka. Dette fører til auka press frå Sovjet om nyopptdeling av koloniar og nykoloniar til eigen fordel. Nokre revisjonistar i Noreg prøver å «prova» den fredelige karakteren til Sovjet ved å visa til dei relativt små investeringane i utlandet og den vesle delen Sovjet har av verdshandelen. Dette er å setja saka på hovudet. Det er nettopp denne veikskapen ved sosialimperialismen som i dag driv dei sovjetiske leiarane til stadig nye provokasjonar.

Røynslene frå den fyrste og andre verdskrigen syner at det er den ekspanderande imperialistiske stormakta som er den aggressive og utløyser krigen. Både før den fyrste og andre verdskrigen utvikla Tyskland produksjonen sin raskare enn dei gamle imperialistiske stormakterne, i fyrste rekkje England og Frankrike.

Samstundes greidde ikkje Tyskland å skaffa seg innverknadsområde som svarte til den auka økonomiske styrken verken når det galdt vareeksport eller kapital-eksport. Dei greidde ikkje å erobra bankar, fabrikkar og gruver gjennom kapital-eksport, og dei fekk difor ikkje den delen av profitten i verda som svarte til den økonomiske styrken dei hadde. Det var for å oppnå dette at dei tyske imperialistane førte ein aggressiv krigspolitik.

Trass i at USA sin økonomiske styrke er større enn Sovjet sin, ser vi at Sovjets funksjon som oppstigande supermakt lovmessig tvingar fram ein ny imperialistisk omfordelingskrig.

Dette har kome klårt til uttrykk i Sovjets vidfemnande ekspansjons- og aggresjonspolitik dei siste åra. Invasjonen i Angola, kolonikrigane på Afrikas Horn, infiltrasjonen i Latin-Amerika, den vidfemnande bruken av kubanske legetroppar, bruken av den vietnamesiske aggresjonen mot Kampuchea, statskupp i Afghanistan osv. syner at sosialimperialismen ikkje skyr noko middel for å ekspandera.

Denne ekspansjonen vil pressa fram desperate tiltak frå den andre supermakta.

Utviklinga i verda dei siste åra syner difor at verda er svanger med krig. Særleg gir krigs- og aggresjonspolitikken til Sovjet grunn til stor otte. Dei systematiske krigsførebuingane til dei nye tsarane og den uhemma aggresjonen deira gjer det naudsynt å slå fast at det er Sovjet som er på offensiven og den farlegaste kjelda til krig.

6. Vilever i ei førkrigstid

a) Tendensar til krig og tendensar til revolusjon.

Ein heilskapleg analyse av verdsutviklinga i 1980 syner at såvel krigsfaktoren som revolusjonsfaktoren aukar kraftig og snøgt. Det veldige oppsvinget for den revolusjonære rørsla i verda grip om seg overalt, og framfor alt veks den politiske og militære kampen til dei undertrykte nasjonane og folka i den tredje verda mot imperialismen og supermakts-hegemonismen fram med stor styrke. Denne revolusjonære flodbylgja er ein historisk tendens som ikkje kan stogkast. Revolusjonen er framleis hovudtendensen i verda i dag.

Samstundes peikar den alt

kvassare striden og stadig aukande rivaliseringa mellom supermakterne om verdsherredøme i retning av ein ny, tredje verdskrig. Denne rivaliseringa har alt forplanta seg frå det økonomiske og politiske området til det militære. Alt i dag nyttar dei to i eit visst omfang imperialistisk krig som eit middel i rivaliseringa. Dels gjer dei militære framstøytar på kvar sin kant, dels er det stadig fleire krigar der baa supermakterne er blanda inn gjennom agentar på kvar si side.

Eit særskilt viktig tilhøve som må bli teke med i vurderinga av verdsutviklinga no, er at tendensen til krig synest å veksa snøggare enn tendensen til revolusjon.

Det er heilt klårt at i denne situasjonen vil det bryta ut stadig fleire mindre krigar der ein eller begge supermakterne er blanda inn. Slik stoda er i verda i dag, er det òg *sannsynleg* at det vil bryta ut krig mellom dei to supermakterne.

b) Rivalisering om Europa

Supermakterne rivaliserer om alle land og havområde over heile verda, og dei har utvida rivaliseringa til verdsrommet. Men både militært og økonomisk er Europa kjernepunktet i rivaliseringa. Her har begge supermakterne dei største styrkane sine. Her er det mest konsentrerte industriområdet i verda. Om den eine supermakta kan tvinga den andre ut av Europa, vil ho langt på veg ha vunne kampen om verdsherredømet. Område som Midt-Austen og Afrika er av stort verdi i seg sjølv. I tillegg er dei innfallsportar til Europa. Kampen mellom dei to supermakterne om herredømet i desse områda er også ein del av førebuingane til eit oppgjør om Europa.

c) Noreg mellom supermakterne.

Noreg ligg i skotlina mellom dei to supermakterne. Som medlem av NATO er Noreg ein viktig brikke i freistnaden til USA-imperialismen på å halda på makta si i Europa. NATO har trent atomåtak på område i Noreg og gjennomført øvingar mot arbeidrar, studentar og revolusjonære.

Men Noreg er i fyrste rekke truga av Sovjet sin aggresjon vestover. Likeins som på sørflanken er Sovjet oppteken av å styrka seg på nordflanken, som lekk i førebuingane sine til ein ny storkrig.

Eit viktig mål for Sovjets politikk er gjennom politisk press å gjera Noreg gradvis meir avhengig av Sovjet, som liknar på den situasjonen som Finland er kome i. Samstundes driv Sovjet militære førebuingar til å ta Noreg ved eit lynatak. Sovjets militærbase på Svalbard og provokasjonane mot norsk territorium i nord er eit ope trugsmål mot norsk sjølvråderett og sjølvstende. Dette er ei utfordring til arbeidarklassen, fagrørsla, masseorganisasjonane og alle fridomselskande menneske i Noreg. Det er ei brennande kampførebuing å stå mot denne aggresjonspolitikken og isolera dei reaksjonære kreftene som er støttespelarar for denne politikken i Noreg.

Det er den sovjetiske sosialimperialismen som i dag er det største militære trugsmålet mot Noreg. Det er mogleg at USA vil prøva å koma Sovjet i forkjøpet gjennom ein såkalla «preventiv okkupasjon». Men sannsyn-

leg er det ikkje.

Slik stoda er i dag er det feil å hevda at USA-imperialismen er det største trugsmålet mot Noreg. Det er heller ikkje rett å jamstella åtaksfaren frå dei to supermakterne.

Om Sovjet går til åtak på Noreg, vil ein væpna motstand frå norsk side vera ein rettvis forsvarskrig, utan omsyn til om det er borgarskapet som leier krigen eller ikkje.

Dersom den norske regjeringa i dag tar tiltak som rettar seg mot sovjetisk press og ekspansjonisme, så er dette rettvis. Dersom den borgarklege norske regjeringa bruker hæren mot ein sovjetisk invasjon, så er dette rettvis og eit forsvar mot aggresjon.

d) Kampen mot den sovjetiske krigs- og aggresjonspolitikken.

Ein krig mellom supermakterne om verdsherredømet vil bli ein tredje verdskrig. Det vil vera ein urettvis, imperialistisk omfordelingskrig. Ein slik krig vil vera eit avskyelig åtak på interessene til folka i verda.

Difor vil folka over heile verda reisa seg til motstand og starte nasjonale, revolusjonære frigjeringskrigar mot annekasjon og okkupasjon. Dette vil vera rettvisse krigar. Men ein tredje verdskrig treng ikkje å verta ein urettvis krig frå dei krigførande hovudpartane frå fyrste stund. Dersom verda blir kasta ut i ein tredje verdskrig med eit sovjetisk åtak på t.d. dei sosialistiske Kina, så vil motstand frå Kina vera ein rettvis krig.

Kapitalistiske/imperialistiske land som i denne situasjonen tar opp kampen mot sosialimperialismen på Kinas side, vil likeins føra ein rettvis krig.

Den tredje verdskrigen kan difor alt frå starten få karakter av ein verdsomfemnande krig mellom sovjetisk imperialismen og fascisme på den eine sida, og ein stor anti-sosialimperialistisk leir på den andre sida.

Noreg har grenser til Sovjet, og ligg innanfor den sona som sosialimperialistane oppfatar som «sine forsvarslinjer». Sovjet vil satsa på raskt å få kontroll over Noreg og nordflanken i samband med eit krigsutbrot. Sovjet vurderer ein rask okkupasjon av Noreg som viktig for å sikra Murmanskbasen og militærinstallasjonane på Kola. Å planleggja ut frå at Noreg ikkje vil bli trekt inn i ein kommande krig, er illusjonsmakeri.

På denne bakgrunn må vi slå fast at vi må vera årvakne andsynes all supermakts-aggresjon. Men det er fyrst og fremst ein sovjetisk innmarsj og okkupasjon det norske folket må førebu seg på.

e) Kan ein hindra eller utsetja krigen?

Vi kommunistar ynskjer ikkje krig. Tvert om er vi mot den krigen som supermakterne og særleg Sovjet førebuar.

AKP(m-l) er det einaste norske partiet som konsekvent kjempar mot krigsførebuingane til begge supermakterne.

Samstundes er vi materialistar. Vi veit at verda er svanger med krig, og det ville vera svik mot norske arbeidsfolk å glatta over dette. Å skjula den faktiske krigsfaren som eksisterer, ville vera aktivt arbeid for å stella det norske folket

verjelause andsynes ein kommande supermaktsaggresjon. Difor kjempar vi mot den krigen som Sovjet planlegg å utløysa.

Slik nivået i klassekampen er i dei to supermakterne, er det ikkje realistisk å planleggja ut frå at ein sosialistisk revolusjon i USA eller ein demokratisk—antifascistisk eller sosialistisk revolusjon i Sovjet vil hindra ein ny verdskrig.

Det er fyrst og fremst ein verdsomfemnande kamp mot den sovjetiske aggresjonspolitikken og krigsførebuingane til begge supermakterne som kan utsetja krigen.

Særleg viktig er den kampen den tredje verda fører mot imperialismen og hegemonisme. Dess fleire nederlag folka i den tredje verda greier å påføra supermakterne, dess større problem vil dei få med å starta ein ny verdskrig.

Dess meir landa i den andre verda set seg imot press frå supermakterne, dess større problem vil supermakterne få i kampen for å skaffa seg strategisk overtak. Den kampen folka i dei mindre kapitalistiske landa fører for å forsvara suvereniteten og sjølvråderetten er ein viktig kamp mot krigsførebuingane.

Ettergivnad, skjønnmåling av aggresjonspolitikken til Sovjet osv. vil derimot letta den sovjetiske offensiven.

Framgang for desse faktorene vil kunna utsetja krigen og forpurra krigsplanane til supermakterne. Dette er til føremøn for folka i verda fordi det vil gi dei tid til å førebu seg på å slå attende aggresjonen.

7. Den proletariske internasjonalsismen

Den proletariske internasjonalsismen er svaret proletariatet gir det internasjonale kapitalistiske og imperialistiske systemet.

Ettersom imperialismen og kapitalismen er eit verdsomfemnande system, kan det også berre bli kasta på historia sin skraphaug gjennom ein sams strid frå proletariatet og folka i heile verda. Vi har slege fast at oppgáva proletariatet har er internasjonal: å styrta imperialismen, oppretta sosialismen og til slutt kommunismen på heile jordkloten. Difor har og den kampen proletariatet fører ein internasjonal karakter.

Samstundes utviklar kapitalismen og klassekampen seg ujamnt i dei ulike landa, og vilkåra for revolusjonen utviklar seg og til ulik tid i ulike land. Difor kan ikkje den sosialistiske revolusjonen sigra til same tid over heile verda. I vår tid er det proletariatet og folka i dei ulike landa som har oppgáva å gjera sosialistiske og nydemokratiske revolusjonar i *kvart einskilt land*, og dimes leggja grunnlaget for å byggja sosialismen i heile verda.

Det at sosialismen fyrst sigrar i ulike land, vil ikkje seia at kampen proletariatet fører i denne tidbolken ikkje er internasjonal. Sjølv om hovudkrafta for revolusjonen i kvart land er proletariatet og folket i landet sjølv, så kan ingen revolusjon sigra utan at han samstundes vert støtta av proletariatet og folka i andre land. Proletariatet i dei ulike landa må stø kvarandre og samordna kampen sin for å vinna siger i kvart einskild land no og på heile jorda på lang sikt.

Sidan dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet er dei to viktigaste fiendane til folka i verda i dag og hovudstøtta for all reaksjon, må proletariatet i alle land oppmuntra til motstand mot supermaktene. Sidan Sovjet er den mest aggressive av dei to supermaktene og den makta som i dag trugar med ein ny verds- krig, er det viktig å utnytte alle motseiingar for å isolera sosialimperialismen.

Inga kraft i verda kan stå mot den krafta proletarane og dei kjempande folka i verda kan utløysa når dei går saman i kampen for å styrta kapitalismen og imperialismen. Dei kan omskapa jorda og frigjera heile den arbeidande menneskeætta, dei kan rydda ut all utbytting og all underkuing mellom menneska for all tid.

Imperialismen ser mektig ut, men han er ein koloss på leirføter. Alle imperialistar og alle reaksjonære er papirtigrar!

PROLETARAR OG
UNDERKUA FOLK I
ALLE LAND, GÅ SAMAN!

III Klassekampen i Noreg

8. Kapitalismen i Noreg

a) **Hovudmotseiinga i Noreg**
Det har levd menneske i Noreg i meir enn ti tusen år, men berre i om lag 1500 år har det vore klassar. Klassane voks fram då produksjonen vart så utvikla at han gav eit overskot. Då var grunnlaget for privateigedommen og klasseunderkuinga lagt. Sidan har historia vore ei historie om klassekamp. Dei arbeidande massane i Noreg har gong på gong reist seg mot utbytarklassane og er blitt møtte med blodig underkuing. Gjennom utviklinga av produksjonsmidla og klassekampen har det norske samfunnet utvikla seg frå eit slaveeigarsamfunn til eit føydalsamfunn, og deretter til eit kapitalistisk samfunn.

Sidan Noreg vart eit kapitalistisk samfunn har motseiinga mellom samfunnskarakteren til produksjonen og den private karakteren til eigedomen vore den grunnleggjande motseiinga. Når det gjeld klassetilhøva, kjem dette fram i motseiinga mellom borgarskapet og proletariatet.

Hovudmotseiinga i eit samfunn til ei kvar tid er den motseiinga som styrer og påverkar utviklinga av dei andre motseiingane. I dag går hovudmotseiinga i Noreg mellom proletariatet og borgarskapet.

b) Dei tre klassane

Tidbolken vi lever i har forenkla klassemotseiingane. Borgarskapet og proletariatet står mot kvarandre som dei viktigaste klassane i samfunnet. Mellom desse to hovudklassane finn vi eit småborgarskap som ikkje er nokon einsarta klasse, men delar seg i mange ulike grupper. Det er uråd for småborgarskapet å skipa eit småborgarleg samfunn med ein småborgarleg økonomi. Lagnaden til småborgarskapet er difor knytt til ein av dei to andre klassane. Store delar av småborgarskapet

kan spela ei viktig rolle i kampen for sosialismen, men småborgarskapet som heilskap kan ikkje vera noka drivkraft i omdanninga av samfunnet.

I klassesamfunnet vil det alltid finnast grupper og lag av innbyggjarane som står på overgangen frå den eine til den andre klassen. Halvproletariatet er eit slikt lag. Det er på veg frå småborgarskapet til proletariatet, og står med eitt bein i kvar klasse. Men det overvegande fleirtalet av samfunnsmedlemmene vil høyra til den eine eller den andre av dei tre hovudklassane. Den teknologiske revolusjonen og utdanningsekspløsjonen har ført til store endringar av arbeidsdelinga. Nye yrke har oppstått, og gamle småborgarlege grupper har vorte reduserte. Jamvel innafor arbeiderklassen har arbeidsdelinga endra seg. Men dei grunnleggjande klasse- tilhøva er ikkje endra. Dei såkalla «nye mellomskjikt» er i røynda småborgarlege grupper, men ein heilskapleg marxistisk analyse av desse gruppene er enno ikkje gjort. Den komande datarevolusjonen med ny teknologi og automasjon av mange arbeidsprosessar vil auka behovet for ein slik analyse, og AKP(m-l) vil gå aktivt inn i undersøkingar og studiar av desse spørsmåla.

Borgarskapet

Borgarskapet er den klassen som er tufta på kapitalistisk utbytting av lønsarbeid. Han eig og kontrollerer produksjonsmidla. Det er underordna om utbyttinga skjer i form av eit privat firma, eit aksjeselskap eller ei statsverksemd. Det avgjerande er at dei som eig eller rår over kapitalen utbyttrar andre menneske. Difor reknar vi både dei små og mellomstore kapitalistane til borgarskapet likesåvel som dei private monopolkapitalistane og byråkratkapitalistane i toppen av statsverksemdene.

Borgarskapet er ein klasse som lever av kapitalistisk utbytting av arbeidarklassen, og difor er det som heilskap fiende av revolusjonen. Men innanfor borgarskapet er det monopolborgarskapet som har makta. Borgarskapets diktatur i vår tidbolke har form av eit monopolkapitalistisk diktatur. Finansoligarkiet og toppane i statsapparatet er eksekutivkomiteen til monopolkapitalen. Dei mindre kapitalistane er interesserte i at monopolkapitalens diktatur vert halde oppe, men dei har ikkje sjølv makta. Monopolkapitalistane sikrar seg ekstraprofitt også på kostnad av dei mindre kapitalistane. Det fører til at desse kapitalistane vert raderte ut. Men jamvel under den mest monopoliserte kapitalismen oppstår det mindre kapital att, mellom anna som delleverandørar til monopol.

Som herskande lag innanfor borgarskapet med råderett over finanskapitalen, med makta i staten osv., har monopolborgarskapet sume drag av å vera eigen klasse i høve til resten av borgarskapet. Men motseiingane mellom dei monopolistiske og dei ikkje-monopolistiske kapitalistane er som regel underordna motseiingane mellom borgerskapet som heilskap og proletariatet.

Ved sidan av kapitalistane i industri, transport, handel, finans, statsbyråkrati osv. høyrer òg spissane i intelligentsiaen, dei rike bøndene

og dei kapitalistiske fiskebåteigarane med i borgarskapet.

Proletariatet

Proletariatet er den klassen som får levebrødet sitt berre ved å selja arbeidskrafta si. I all den tida det har vore klasser, har det også vore fattigfolk og arbeidande klassar, og dei arbeidande klassane har for det meste vore fattige. Men det har ikkje alltid eksistert slike arbeidarar som det moderne proletariatet. Det moderne proletariatet spelar ei heilt ny rolle i verdssoga. Det er eit produkt av den industrielle revolusjonen og den moderne storindustrien. I denne industrien er proletariatet blitt organisert, trena, herda og disiplinert. Proletariatet er den sterkaste klassen under kapitalismen, og det er berre denne klassen som er heilt gjennom revolusjonær. Han har ikkje anna å mista enn lekkjene sine.

I det moderne samfunnet har arbeidarane fleire forbruksvarer enn tidlegare. Levestandarden er høgare og arbeidstida kortare, men framleis rår ikkje arbeiderklassen over produksjonsmidla eller over produksjonsresultatet. Difor seier vi at dei grunnleggjande klassetilhøva og makttilhøva ikkje er endra.

Det er berre proletariatet som kan gripa makta og skapa ein sosialistisk stat — proletariats diktatur.

Jamvel om denne staten vil stø seg på klasseallianse mellom proletariatet og småbøndene og dei arbeidande fiskarane, må makta vera i hendene på proletariatet. Samfunnet vil verta omforma i proletariatet sitt bilete, og medan det endrar verda, endrar proletariatet òg seg sjølv. Den sosialistiske revolusjonen og førebuinga av det kommunistiske samfunnet er den historiske oppgåva for proletariatet.

I vår partilitteratur tyder proletariatet det same som den moderne arbeiderklassen.

Til proletariatet høyrer arbeidarane i industri, gruver, bygg, anlegg, sjø- og landtransport. Vidare høyrer landarbeidarane og eigedomslause fiskarar til proletariatet. Det same gjeld dei lågaste delane av funksjonærar og tenestemenn i kontor, handel, samferdsle og tene- ste.

Proletariatet er den største klassen i Noreg i dag, og det er fleirtalet av innbyggjarane i landet.

Innanfor proletariatet er det arbeidarane i storindustrien og dei største arbeidsplassane som er fortroppen, kjernen i proletariatet. Kon- torkfunksjonærar o.l. blant arbeidarane høyrer til ytterkanten i proletariatet og er mykje merkte av at dei er kløyvde opp og tar imot mykje påverknad frå småborgarlege element kring seg.

Småborgarskapet

Småborgarskapet er ikkje ein einskpleg klasse. I småborgarskapet finst det både folk som eig produksjonsmiddel eller verksemdar i varehandel o.l., og intellektuelle og mellomliggende funksjonærar som har utdanning og særskilde kvalifikasjonar.

Storparten av småborgarskapet står nært proletariatet og har interesse av den sosialistiske revolusjonen. Mellom dei gruppene av småborgarskapet som er mest privilegerte vil borgarskapet finna reservar for

seg og faste allierte. Frå synsstad til revolusjonen er småbøndene og dei fiskarane som står i same stilling som dei, den viktigaste delen av småborgarskapet. Det er naudsynt å skapa ein klasseallianse mellom dei og proletariatet om den sosialistiske revolusjonen skal sigra. Store delar av intelligentsiaen og dei småborgarlege mellomlag lever eit liv som ikkje skil seg mykje frå livet til proletariatet. Dei må òg knyttast til den revolusjonære masserørsla. Dei småborgarlege gruppene som det ikkje lukkast å gjera til støttespelarar for revolusjonen, må arbeiderklassen freista å i det minste nøytralisera så dei ikkje vert allierte med kapitalistisklassen.

I) Småborgarskapet i landbruk og fiske

Den øvste delen av småborgarskapet i landbruk og fiske er dei som i hovudsak lever av sitt eige arbeid, men som nyttar leigd arbeidskraft i ein viss mon eller til visse tider på året. Denne delen av småborgarskapet i landbruket er mellombønder. Sume av dei akkumulerer frå år til anna, utvidar produksjonen og går over til borgarskapet. Slike vert storbønder i landbruket og kapitalistiske reiarar i fisket. Dei fleste av mellombøndene akkumulerer berre i gode år og tærer på det i dei dårlegare åra. Dei held seg i småborgarskapet. Den tredje gruppa går underskot det eine året etter det andre og vert tvinga til å selja, eller vert som dei lågare delane av småborgarskapet. Mellombøndene og dei motsvarande delane av folk i fisket er fleire enn dei kapitalistiske storbøndene og reiarane. Dei har til no vore nært knytte til borgarskapet og har stått under deira politiske leiing. Skjerpinga av den kapitalistiske landbrukskrisa vil føra til auka skilje mellom dei, og vil betra vonene for at dei dårlegast stilte av dei kan rivast laus frå borgarskapet si leiing.

I valet mellom å stø til dømes landbruksvikarane eller mellombøndene vil partiet alltid stø landbruksvikarane, det vil seia ein del av arbeiderklassen på landsbygda. Men partiet må så langt som råd utnytte motseiinga mellom mellombøndene og finanskapitalen/staten for å riva så store lag av mellombøndene som mogleg vekk frå storbøndene og kapitalen. Etter den sosialistiske revolusjonen må arbeiderklassen nytta statsmakta si til det same. Difor vil ikkje mellombøndene bli krenkte, og dei vil verte vunne for samyrke og kollektivisering gjennom overtving, ikkje gjennom tvang.

Den lågaste delen av småborgarskapet i landbruk og fiske er småbøndene og dei fiskarane som eig mindre båtar og noko reiskap, men ikkje lever av å utbytta andre.

Desse er strategiske allierte med proletariatet. Dei vert utbytta av finanskapitalen, staten og landbruksmonopolet for småbøndene sin del, og jamvel av imperialistiske verksemdar og kapitalistiske oppkjøparar for fiskarane sin del.

Fiendane deira er difor dei same som proletariatet sine fiendar. Det objektive grunnlaget for å skapa eit sterkt klasseforbund er difor til stades.

Småbøndene har ikkje gjeve opp stillinga si som småprodusentar. Difor vert dei tvinga av konkurransen til å

investera i betre og meir kapitalkrevjande utstyr. Men desse investeringane aukar berre kløfta mellom dei og dei rike bøndene, av di dei ikkje kan bli utnytta effektivt på små eigedomar. Den aukande gjelda dreg dei difor raskt nedover. Det er ikkje berre jordrenta som vert teke frå dei, jamvel ein del av det naudsynlege arbeidet vert teke av kapitalistklassen. Mange av småbruka vert liggjande brakk etter fråflytting. Det syner korleis kapitalismen raserer produktivkrefter. Småbøndene og dei arbeidande fiskarane har verkeleg mykje å vinna på den sosialistiske revolusjonen, og dei har rom i seg for stor entusiasme for han.

Det finst røter til ein allianse mellom arbeiderklassen og dei bøndene og fiskarane som ikkje utbyttrar andre. Det finst òg sterke krefter som freistar å øydelegja ein slik allianse. Særleg sosialdemokratiet har vore aktivt i å setja desse gruppene opp mot kvarandre. Blant arbeidarane vert vanlege bønder og fiskarar skulda for prisauken, og framstilte som «utsugarar». For at sosialismen skal sigra, er det naudsynt å motverka all slik splitting og utvikla dei røtene til einskap som alt finst. Dette er i fyrste rekkje ei oppgåve for arbeiderklassen av di han er den klassen som er mest politisk medviten.

II) Småborgarskapet i handel, småproduksjon, handverk, transport

Det er små butikkeigarar, eigarar av småagentur, små produksjonsverksemdar med meir. Anten driv dei verksemda berre med familien, eller dei utbyttrar arbeidskraft i liten målestokk. Dei kan ikkje leva av utbytting, men freistar å koma opp på det nivået at dei kan gjera det. Det vil i dei fleste høve ikkje lukkast av di dei er under hælen på monopola og bankane.

Politisk skil dei seg frå småborgarskapet i landbruket ved at dei for det meste er lydige tenarar for borgarskapet. Dei er dels organiserte saman med borgarskapet og let i alle høve borgarskapet leia seg. Det finst døme på at einskilte personar frå denne gruppa har kjempa saman med arbeiderklassen mot interessene til borgarskapet og monopola. Men som gruppe er dei nært knytte til borgarskapet, og rørsleane blant dei får lett eit reaksjonært innhald.

III) Intelligentsiaen, dei «frie yrka» og mellomliggjande funksjonærar

Intelligentsiaen er ikkje nokon klasse, men eit sjikt som er oppstått i historia av delinga mellom åndsarbeid og kroppsarbeid, samstundes med oppkomsten av klassemotseiingane. Intelligentsiaen har alltid vore sterkt knytt til dei herskande klassane og utbytarklassane, og har hatt som oppgåve å gjera ulike funksjonar for dei. Så lenge det finst klassemotseiingar og arbeidsdeling, vil intelligentsiaen alltid ha visse føremøner i høve til arbeidarane og småbøndene.

Kapitalismen har utvikla ein rad nye kategoriar intellektuelle for å utføra ulike oppgåver i det kapitalistiske samfunnet. Under borgarskapets diktatur vil intelligentsiaen vera sterkt prega av borgarskapet, sjølv om mange av dei lågare delane av dette sjiktet lever eit liv som ikkje skil seg svært mykje frå livet til arbeiderklassen og dei arbeidande massane.

Intelligentsiaen er ikkje noka sjølvstendig kraft i samfunnet, og kan aldri bli det. Han spelar berre ei rolle i tilknytning til den eine eller den andre klassen. Rolla han spelar vil bli avgjort av klasseopphavet hans, den stillinga han står i i samfunnet og dei alliansane dei ulike delane av han går inn i med denne eller hin klassen. Det spring ut av sjølve naturen hans at han vil vera prega av vakling og ustabilitet.

Fleirtalet av dei intellektuelle står i ei stilling som har eit småborgarleg preg. Dei høyrer difor til småborgarskapet. Det gjeld alt frå lærarar i grunnskulen og oppetter. Dei øvste laga av intellektuelle er så muta av borgarskapet og har ei slik rolle i organiseringa av samfunnet at dei har vorte borgars sjølv.

Dei «frie yrka», slike som legar, tannlegar, arkitektar, advokatar osv. med eigen praksis, høyrer òg til småborgarskapet dersom dei ikkje har tilsett så mange at dei vert kapitalistar eller kan ta så store honorar at dei kan akkumulera kapital. Det er ein aukande tendens til at desse gruppene vert tilsette i staten, men det endrar ikkje klassestillinga deira.

Det store fleirtalet av funksjonærar med intellektuell utdanning må òg reknaast til småborgarskapet, i motsetnad til dei lågaste funksjonærane med usjølvstendig og rutineprega arbeid, slike som postbod, telefonistar, maskinskrivarar med fleire, som høyrer til proletariatet.

Dei øvste delane av funksjonærar og tenestemenn høyrer til borgarskapet, dei tar del i utbyttinga av arbeiderklassen og organiserer denne utbyttinga.

Fleirtalet av dei intellektuelle, dei mellomliggjande laga av tenestemenn og funksjonærar, må arbeiderklassen stri for å vinna over til seg og skilja dei frå den borgarlege intelligentsiaen og toppfunksjonærane.

c) Andre grupper og lag

Halvproletariatet

Med halvproletarar meiner vi småprodusentar som er lønsarbeidarar ein del av året. Dei finst mest i fisket og landbruket. Det er dei småbrukarane og fiskarane som ikkje kan få endane til å møtast utan å ta lønsarbeid ved sida. Dei tar ofte anleggsarbeid, vegarbeid, skogsarbeid eller arbeid i sesongprega industri. Dei står med det eine beinet i proletariatet, og er i ferd med å dra det andre etter seg.

Saman med småbøndene utgjer dei halvproletariske småbrukarane meir enn 70 % av jordbrukarane. Det går stadig snøggarare i den leia at det blir fleire halvproletarar mellom dei enn reine småbønder.

Halvproletarane driv på den dårlegaste jorda. Dei er knytte til proletariatet og dei er det stødigaste elementet mellom stridsfelagane til proletariatet.

Filleproletariatet

Dette er eit rotnande sjikt på botnen av samfunnet. Det er ekstremt undertrykt og fattig, og lever i ei sosial naud borgarskapet freistar å løyna. Filleproletarane kjem frå fleire klassar. Ein del filleproletarar ligg nær proletariatet, har meir eller mindre jobb og noko større motstandskraft.

Delar av filleproletariatet er så demoraliserte at dei kan nyttast av herskarklassen mot proletariatet. Andre

delar av dei kan under visse høve bli mobiliserte for proletariatet.

Spreiinga av narkotika til ungdommen medverker til ei nyrekruttering til filleproletariatet. Kriminaliteten er utbreidd i filleproletariatet, og mange folkefiendtelege kriminelle blir rekrutterte frå dette miljøet.

9. Tilhøvet mellom klasseanalysen og strategien

Borgarskapet representerer kapitalismen, og proletaria- tet representerer sosialismen. Dei delane av småborgarskapet som ligg nærast borgarskapet har store fordelar av kapitalismen, og dei delane av småborgarskapet som ligg nærast proletariatet vil vera lettast å vinna for ein aktiv kamp for sosialismen. Men i røynda finst det store og små motseiingar innanfor og mellom dei to klassane som begge kan gjera bruk av. Borgarskapet vil ikkje kunne styra på same viset som i dag om det ikkje makta å knytta til seg delar av det lågare småborgarskapet og jamvel splitta proletariatet og ha sterk innverknad på det. På den andre sida vil proletariatet aldri kunne ta makta frå borgarskapet om det ikkje utnyttar alle motseiingar så mykje som mogleg. Proletariatet må gjera dei nødvendige konsesjonane til ulike slag av småborgarskapet for å vinna det over til seg. Det må jamvel dra nytta av splitting innanfor borgarskapet sjølv til å svekkja borgarskapet og kapitalismen. Vår klasseanalyse peikar på den prinsipielle einskapen mellom proletaria- tet og småbønder og dei små sjølveigande fiskarane. Men det er ikkje det same som at denne einskapen er tufta. Vi peikar òg på at borgarskapet som klasse held det kapitalistiske systemet oppe. Men det er ikkje det same som at det er uråd å spela på motseiingar innanfor borgarskapet. Klasseanalysen peikar på dei objektive motseiingene innanfor det norske samfunnet, og på at proletariatet må leia den sosialistiske revolusjonen. Men det er ei oppgåve for den kommunistiske taktikken og strategien til ei kvar tid å løysa spørsmålet om korleis desse motseiingene skal handsamast for at arbeidarklassen skal nå sine mål og sosialismen sigra. Dei ulike klassane og gruppene vil reagere svært ulikt om dei til dømes står overfor ein utanlandsk invasjon eller om dei står overfor ei indre krise i det økonomiske systemet i Noreg. Dette må strategien og taktikken ta omsyn til, og dette er handsama i eigne programavsnitt. Vår klasseanalyse slår fast at proletariatet er ein revolusjonær klasse. Det vil seia at det er proletariatet som er beraren av det nye sosialistiske samfunnet, men det er ikkje det same som at eit fleirtal av klassen til eikvar tid er medvitne revolusjonære. Det er noko som må bli oppnådd gjennom kamp.

Allment er det vårt prinsipp at arbeidarklassen skal sameina flest mogleg folk av ulike klasser mot hovudfienden utan å mista den politiske leiinga i kampen. Grunnleggjande vil borgarskapet freista å stø seg på sine klassefelager i andre land. Men det er ikkje det same som at det finst ein einskapleg verdsreaksjon, og det er ei kampoppgåve for proletariatet å dra nytte av dei til dels skarpe motseiin-

gene mellom borgarskapet i ulike land. Det er eit vilkår for at sosialismen kan sigra at desse motseiingene vert utnytta i størst mogleg grad.

10. Anna underkuing i det kapitalistiske Noreg

Kvinneundertrykkinga
Den borgarlege revolusjonen som blei avslutta i 1905 har eit stykke på veg gjeve kvinnene ein formell likskap, men kvinna er framleis ei reservearbeidskraft. Ho er anten lenka til det private husarbeidet, eller om ho tek del i det samfunns- messige arbeidet, har ho oftast dei dårlegaste, lågaste lønte og utryggaste jobbane. Kapitalismen har sett salet av kvinnekroppen i system gjennom å gjera prostitu- sjon og pornografi til industri. Imperialismen fornedrar kvinna endå meir gjennom sin dekadente og rot- nande kultur, ideologi og brutale underkuing.

Full frigjering av kvinne- ne kan ikkje verta røyndom utan at kvinna tar del i den sosiale produksjonen på lik line med mannen. Kvinnefri- gjeriinga vert ikkje røyndom for oppsedinga av ungane får samfunnskarakter og det private husarbeidet vert redusert til eit absolutt mini- mum.

Dette målet kan ikkje bli nådd under kapitalismen. Rett nok har kapitalismen utvikla sume av dei formelle tiltaka som trengst for at kvinnene skal ta del på lik line med mennene i den sosia- le produksjonen, slikt som dagheimar, moderne hus- haldningsreiskapar osv. Men desse tiltaka kan ikkje koma kvinnene til gode i full mon så lenge den kapitalisti- ske vareøkonomien herskar. Desse tiltaka vert føremål for kapitalistisk vareomset- nad, dei vert berre produserte i den grad dei gir profitt.

Den nasjonale underkuinga
I Noreg finn den nasjonale underkuinga stad på ulikt vis. Samane, som er urfolk i Noreg, har vore underkua i hundretals år av den norske staten og overklassen i No- reg. Dei er undertrykte øko- nomisk, kulturelt, språkleg osv., kort sagt, dei er under- trykt som nasjon. AKP(m-l) har uttrykt politikken sin i kampen mot den nasjonale underkuinga av samane i eit eige sameprogram. Innhal- det i det programmet er at den sosialistiske revolusjo- nen i Noreg skal avskipa den nasjonale underkuinga og fornedringa av samane. Det er ei sams oppgåve for arbeidarklassen og det arbeid- dande folket både av norsk og samisk nasjonalitet å kjempa mot norsk nasjonal underkuing av samefolket.

Den nasjonale underkuin- ga kjem òg til uttrykk gjen- nom underkuinga av ulike nasjonale minoritetar. Kapi- talismen sikrar seg ein ek- straprofit gjennom å utbyt- ta utanlandske arbeidrar i Noreg. Samstundes freistar borgarskapet å setja norske og utanlandske arbeidrar opp mot kvarandre. Fram- mandarbeidarane vert undertrykt kulturelt og språk- leg. Dei vert utsette for rasisme og framandhat. Bor- garskapet freistar å gjera framandarbeidarane til syn- debukkar for den aukande misnøyen i det arbeidande folket. Difor oppmuntrar herskarklassen rasisme. Den statlege innvandrings- politikken med innvand- ringsstopp og forfylgning av innvandrarar frå den tredje verda er ei form for statleg rasisme. Blant arbeidsfolk i Noreg finst det sterke anti-

rasistiske straumdrag. Det er vår oppgåve å medverka til at dei vert styrkte og ut- vikla så arbeidarklassen og andre lag av folket saman kan slå rasismen attende. Dette er i tråd med vår pro- letariske internasjonalsme. Den sosialistiske revolusjo- nen må gjera slutt på at ut- anlandske arbeidrar i No- reg vert underkua nasjonalt, kulturelt, politisk, med om- syn til religion osv.

Motseiinga mellom by og land

Det er typisk for alle kapita- listiske land, også for Noreg, at landbruket ligg langt et- ter for industrien, og at mot- seiinga mellom by og land vert stadig djupare og skar- pare. Grunnlaget for denne motseiinga er det kapitalisti- ske systemet sjølv. Byen ut- byttar landdistrikta, små- bøndene vert drivne frå gar- den og fleirtalet av folket på landsbygda vert ruinerte som ein fylgje av heile utvik- linga av den kapitalistiske industrien, handelen og kre- dittsystemet. Spegelbiletet av avfolkinga av landsbygda er bustadnaud og aukande sosiale problem for arbeidarklassen i byane.

Landbruket ligg etter for industrien fyrst og fremst når det gjeld utviklingsnivå- et i produktivkreftene. Den tekniske utviklinga i land- bruket går mykje seinare enn i industrien. Maskinane vert berre nytta på dei store bruka, medan småbruka ikkje maktar å gjera bruk av dei.

Kapitalismen har òg gjort at landsbygda vert liggjande endå meir til atters for bya- ne kulturelt.

Sosialismen gjer ende på kapitalismen og utbyttings- systemet og vil difor avskipa grunnlaget for interesset- seiinga mellom by og land. Motseiinga mellom by og land vil ikkje verta borte, men ho vil slutta å vera an- tagonistisk. I staden for at landsbygda stadig kjem len- ger til atters for byane, vil by og land nærma seg kvar- andre meir og meir når det gjeld utviklinga av produk- sjonstilhøve og produktiv- krefter, kulturell utvikling og levevilkår. Småeigedo- men vert gjort om til grup- peeigedom. Gruppeigedom vert gjort om til statseige- dom steg for steg. Klasse- skiljet mellom bøndene og arbeidrarane vert viska ut ved at bøndene vert arbeida- rar.

11. Det norske statsapparatet

Så lenge det har vore klasse- underkuing i Noreg har ut- byttarklassen hatt eit stats- apparat til å halda massane nede med. Staten voks ut frå våpenmakta, og til alle tider har våpenmakta vore kjer- nen i statsapparatet.

I dag er det norske stats- apparatet òg ein reiskap i hendene på den herskande klassen til å underkua arbeidarklassen og folket og hal- da det kapitalistiske klasse- diktaturet oppe. No som tid- legare er kjernen i staten valdsapparatet, militæret, halvmilitære styrkar og poli- tiet.

Lenin peikar på at «særleg syner imperialismen — tid- bolken for bankapitalen, dei kjempestore kapitalist- monopol, tidbolken då mo- nopolkapitalen veks over i statsmonopolistisk kapitalis- me — ei usedvanleg styrking av 'statsmaskineriet', ein makelaus vokster i embetsmanns- og militærap- paratet i samband med dei aukande underkuingstiltaka mot proletariatet både i dei monarkistiske og også i dei

friaste, republikanske land.»

Dette gjeld fullt ut for No- reg.

I imperialismen sin tid- bolk har borgarskapet eit større militærapparat og fleire våpen enn nokon gong tidlegare til å slå ned opprei- star og revolusjonar med. Det norske borgarskapet har òg gong på gong nytta valdsmakta mot arbeidar- klassen, og det jamvel mot meir avgrensa arbeidar- kampar enn ein sosialistisk revolusjon. Thrane-rørsla og sameoppreisten i førre hun- dreåret vart knekte med valds- makt. Dei fyrste fagfo- reiningane og streikane vart òg møtte med soldatar og poli- ti. I vårt hundreår er det talrike døme på valdeleg undertrykking frå borgarsta- ten si side. Det vart sett inn marinesoldatar mot sjø- mannsstreiken i Hammer- fest i 1921, og politi og mari- nefarty vart sende mot Hy- droarbeidarane på Menstad i 1931. Politi har verna strei- kebrytarar både føre krigen og i 1970-åra. Dei våpna styrkane og andre delar av det borgarlege statsappara- tet driv regelbundne øvingar i korleis arbeidaroppreistar skal knusast.

Det norske lovverket er grunnleggjande eit vern om kapitalistklassen sine inter- resser. Samstundes inneheld dei stadfestinga av ei lang rekkje demokratiske rettar som det arbeidande folket har kjempa til seg. Den kapi- talistiske retten til utbytting er stadfest gjennom lovene, og likeins retten til å nytta unnatakslovene under ein arbeidaroppreist. Om makta til kapitalistklassen er truga, vil han òg setja sine egne lov- er til sides om dei er i vegen for han. Sjølv om lovverket er borgarskapet sine lover, må arbeidarklassen utnytta dei rettane det gir så godt det lar seg gjera. I somme høve kan borgarskapets eigne lover verta nytta mot bor- garskapet sjølve.

Det er eit nært samband mellom den militære og den sivile delen av statsappara- tet. I borgarskapet sin strate- gi skal alle desse delane av staten verka som ein maskin i lag med delar av pressa osv. for å hindra ein arbeid- daroppreist. Men svært få menneske er innvidde i desse planane, og det er svært mange menneske som arbeid- der i statsapparatet som ikkje vil vera viljugle til å bli brukte på dette viset. I røynda er det store motseiingar mellom dei ulike delane av statsapparatet og innanfor dei einskilde delane.

Dei siste femti åra har sta- ten fått ei heilt ny oppgåve som felleskapitalist.

Staten er ein aukande *marknad* for den private kapi- talen. Det gjeld anlegg, va- rer, militært utstyr o.a. Sta- ten *tek over verksemdar* og jamvel sektorar som ikkje kan gi dei private kapitali- stane nok profitt. Staten grip inn med *stonad* for å tryggja dei monopolistiske verksem- dene. Han *kjøper og sel* aks- jar og verksemdar slik at dei private kapitalistane au- kar sin profitt. Staten *går meir og meir aktivt inn* i dei kapitalkrevjande prosjekta og blir ein verkeleg felleska- pitalist. Staten *styrkar mo- nopoliseringa* ved å skipa sa- manslutningar av dei største private monopola. Dei store organisasjonane og dei bor- garlege partia av ulik type vert knytte meir og meir beinveges til staten.

Staten er ein reiskap for borgarskapet, men han er i hendene på den monopolisti- ske delen av borgarskapet. Han uttrykkjer dei sams inter- essene til denne delen. Di-

for vil han stundom koma i motsetnad til den eine og an- dre monopolgruppa, og dei ulike monopolgruppene vil kjempa om kven av dei som skal ha den største makta i staten.

IV Kampen mot revisjonismen og opportunisten

12. Kva tyder opportuniste og revisjonisme?

Opportuniste er borgarleg politikk som søker å vinna støtte frå arbeidsfolk ved å framstilla seg som arbeidar- politikk. Det typiske for opp- ortunisten er at han vil hin- dra arbeidarørsla i å kjem- pa for revolusjon og sosialis- me. I staden vil opportunist- men få arbeidarørsla til å godta kapitalismen og berre kjempa innanfor dei ramme- ne som kapitalismen set. Samstundes er ikkje oppor- tunisten ei blokk. Det finst eit utal ulike opportunistiske organisasjonar med ulik poli- tikk, prega av historia, kva massegrunnlag dei har, og kva for borgarlege interes- ser dei tener.

Høgre-opportunistar går ope mot sjølve ideen om ein so- sialistisk revolusjon. Dei sei- er at revolusjonen er «umog- leg» og at den revolusjonære rørsla er fjernt frå røyndo- men. I staden talar dei vak- kert om alt arbeidarklassen kan «vinna» ved å tilpassa seg herskarklassen.

Venstre-opportunistar er i ord for revolusjonen. Men i praksis går dei mot alt den revolusjonære rørsla må gjera for å skapa grunnlaget for ein vellukka sosialistisk revolusjon. Nokre venstre- opportunistar bruker ordet «revolusjon» for å forsvara fascistiske statskupp eller invasjon frå framande impe- rialismakter.

Reformisme er opportuni- sme som rosar kapitalismen og borgarskapets diktatur og seier at alt arbeidarklas- sen treng gjera er å få gjen- nom reformer som gjer ka- pitalismen betre. Går refor- mistane i ord inn for sosialis- men, så seier dei oftast at han skal koma langs «den fredelege og demokratiske vegen». Med det meiner dei at arbeidarane skal røysta på reformistiske kandida- tar, slik at reformistane kjem i fleirtal i det borgarle- ge parlamentet, og at arbeid- arane skal stø statsoverta- king av privat kapital. Slike reformistiske parti er mel- lom anna dei sosialdemokra- tiske partia i Vest-Europa.

Revisjonisme er slik oppor- tuniste som sjølv kallar seg «marxisme», men i røynda kjempar mot verkeleg mar- xisme. Revisjonismen end- rar marxismen slik at han ikkje lenger er revolusjo- nær, men tannlaus og ufar- leg for borgarskapet. Revi- sjonisme er ei sams nem- ning på all forfalsking av marxismen.

Dogmatisme er slik oppor- tuniste som handsamar mar- xismen som eit dogme som ikkje kan endrast, og ikkje som ein vitskap som skal nyttast som rettleiing til handling og stadig må utvik- la seg. Dogmatisme går mot å undersøka korleis stoda i røynda er, og avviser å gjera konkrete analysar av nye ting. I staden vil dogmatis- men fastleggja politikken ut frå at han i alt skal stemma med lausrivne sitat frå mar- xistiske klassikarar og kri- tikklause kopiering av andre land.

Moderne revisjonisme er slik revisjonisme som kallar seg «marxist-leninistisk» og «kommunistisk».

Den moderne revisjonis- men spaltar seg i mange re- tningar. Den retninga som er sterkast i verdsmåle- stokk, er den som har stats- makta i Sovjetunionen. Ho tener dei internasjonale inte- ressene til sosialimperialis- men.

Men det finst òg kapitali- stiske land med ei revisjoni- stisk regjering, der leiarane freistar å forsvara dei nasjo- nale interessene og stå imot sosialimperialismen.

Revisjonistpartia i vest har i dei siste ti-åra ført ein reformistisk politikk som liknar mykje på vanleg sosi- aldemokrati. I desse partia finst både straumdrag som er tett knytte til sosialimpe- rialismen og andre som er meir uavhengige.

Nokre mindre revisjonisti- ske retningar skil seg frå den pro-sovjetiske revisjo- nismen i forma, men står nær han i politisk innhald. Det gjeld mellom anna ulike trotskistgrupper. Ei retning som stor leiinga i det alban- ske partiet går mot sosialim- perialismen i ord, men tar no (1980) dei same stand- punkt i viktige internasjonale saker som sosialimperia- lismen.

Norke moderne revisjoni- star er «venstre»-oppor- tunistar. Dei seier sjølv at dei er dei mest revolusjonære av alle. Men i praksis driv dei massane vekk frå den revol- usjonære rørsla. Terrorista- ne i Europa er slike «venstre»-opportunistar. Banda mellom Sovjets KGB og nokre slike grupper syner at denne retninga kan tena svarte imperialistiske inte- resser.

Kva er ikkje opportuniste?
Omgrepa opportuniste og revisjonisme har vore my- kje mistydde, mellom anna under innverknad av «venstre»-opportunistar i den kommunistiske rørsla sjølv. Difor er det naudsynt å peika på avgrensinga av desse omgrepa og understre- ka kva dei ikkje femnar om.

Mange menneske ynskjer sosialismen, men er ikkje samde med marxistane. Er det rett at dei er opportuni- star? Nei. Det som avgjer om eit menneske er sosialist eller opportunist, er kva det mennesket gjer. Om eit menneske i røynda kjempar for sosialismen, så er dette mennesket ikkje opportunist eller revisjonist, same om ho/han er usamd med mar- xistane. Dette mennesket er sosialist, men ikkje marxist. Mellom dei som kjempar for revolusjon, òg i sjølve kom- munistpartiet, vil det alltid vera ulike meininger og usemje. Er då den eine sida nøydd til å vera opportuni- star eller revisjonistar? Nei, berre om dei i praksis går over til å føra ein politikk som i røynda tener borgar- skapet. Alle menneske skif- tar syn, ingen har rett heile tida. Marxistar kan godt ta feil og til og med ha revisjo- nistiske standpunkt. Sjølv når vi kritiserer *synspunkta* som revisjonistiske, kan per- sonen som har dei godt vera revolusjonær. Vi kan ikkje seia at vi «er opportunistar» kvar gong vi tar feil, og «vert marxistar» kvar gong vi får rett. Ulike syn er nor- malt, sjølv om begge partar er revolusjonære og marxi- star.

Av tilhengjarane og med- lemene til opportunistpartia er det eit stort fleirtal som er arbeidrarar og intellektuelle. Deira interesser er ikkje ten- te med kapitalismen, og dei

ynskjer ikkje å tena borgarskapet og imperialismen. Ikkje alle desse menneska er opportunistar.

Vi må skilja mellom at desse *partia* er opportunistar og tener borgarskapet, og kva tilhengjarane deira er. Dei må dømast ut frå kva dei sjølv faktisk gjer. I slike parti kan det også finnast medlemmer som er klassekjemparar eller til og med revolusjonære marxistar som kjempar for arbeidarklassen der. Dei fleste kommunistiske parti har byrja som splitting frå opportunistiske og revisjonistiske parti, skapt av medlemmer som ikkje sjølv var opportunistar. Mange menneske er tilhengjarar av opportunistiske parti fordi dei trur slike parti verkeleg kjempar for arbeidarklassen og sosialismen. Vi gjer rett når vi skil mellom slike ærlege folk som tar feil, og slike som medvite kjempar for borgarskapet og imperialismen. Sjølv slike som tar mange feilaktige standpunkt og i handling stør ein reaksjonær politikk, kan gjera det utan noko ynskje om å gå mot interessene til arbeidsfolk.

Når vi snakkar om opportunismen, må vi difor ikkje lettvinnt setja nemningar som «opportunisme» og «revisjonisme» på alt vi ikkje er samde i. Vi må skilja motseiing mellom marxistar og sosialistar frå motseiinga mellom arbeidarpolitikk og borgarleg politikk. Vi må òg skilja mellom dei opportunistiske partia som heilskap og leiinga i dei på den eine sida, og medlemene og tilhengjarane på den andre sida. Og vi må skilja mellom dei ulike opportunistiske retningane. For nokre av dei er svært reaksjonære, medan andre i konkrete saker kan ta same standpunkt som oss.

Klassekarakter og massegrunnlag

Opportunismen er like gamal som kapitalismen og den revolusjonære arbeidarrørsla sjølv. Marxismen har heilt frå han oppstod utvikla seg i kamp mot opportunismen.

Så lenge arbeidarar har kjempa mot borgarskapet, så lenge har også borgarlege politikarar hylla seg i raud frakk for å freista å leie kampen på avvegar.

Er det sterke opportunistiske og revisjonistiske arbeidarrørslar, så hindrar det oppslutninga om den revolusjonære arbeidarrørsla. Samstundes er borgarleg arbeidarpolitikk eit våpen borgarlege politikarar brukar mot kvarandre i kampen om makt under kapitalismen.

Opportunismen finn grobott hos arbeidsfolk mellom anna fordi borgarleg tenking framleis står sterkt under kapitalismen og lenge under sosialismen, og fordi mange frå andre klassar vert arbeidarar eller kjem med i arbeidarrørsla ettersom produksjonen utviklar seg.

I dei best stilte og mest borgarleg prega laga av arbeidarklassen (arbeidararistokratiet), blant mange intellektuelle og sjølv eigande småborgarar finst det grobott for reformisme og revisjonisme. Når arbeidarrørsla vert sterk og får mange funksjonærar og levebrødspolitikarar, vil det i denne gruppa vere mange som er redde for skarp kamp mot borgarskapet, fordi det kan truga deira relativt trygge og privilegerte stilling. Alt dette gjer at opportunistisk arbeidarpolitikk kan få masseoppslutning. Særleg gjeld

det i perioder då kapitalismen er stabil, og det er mogleg å driva demagogisk propaganda om at kapitalismen kan fungera bra på lang sikt.

Imperialismen er grunnlaget for dei sterke borgarlege straumdrag i arbeidarklassen i dei kapitalistiske landa. Superprofitane som vart skapte gjennom den imperialistiske utbyttinga, gjorde det mogleg for borgarskapet å skapa eit større arbeidararistokrati gjennom å gi eit tunt sjikt fleire økonomiske og politiske føremoner. Samstundes skjerpa motseiingane seg innanfor kapitalismen, arbeidarklassen voks og fekk meir å seia. Dette gjorde det meir naudsynt enn nokon gong før å forkle borgarleg politikk som arbeidarpolitikk. Lenin slo fast at dei borgarlege «arbeidarpartia» på hans tid var vortne den viktigaste støtta for borgarskapet i dei kapitalistiske landa. «No er eit borgarleg 'arbeidarti' ikkje til å koma utanom og typisk i alle imperialistiske land.»

Utviklinga etter Lenin si tid har styrkt desse tendensane. Marxismen-leninismen har spreidd seg kraftig i verda. Dei sosialistiske revolusjonane og frigjeringsrørslene i den tredje verda har skapt ei stode der dei borgarlege arbeidarleiarane har måtta seia at dei er marxistar og kommunistar, dei må «svinga med raude faner for å kunna gå til åtak på den raude fana.» Lenin sa: «Alle stader der marxismen er populær, vil dette borgarlege straumdraget, dette borgarlege «arbeidarpartiet» sverja ved namnet Marx.» Opportunistane i dag sverjer òg ved Lenin og nokre til, og ved Mao Zedong.

Krisa i det kapitalistiske verdssystemet har gjort at revisjonistiske straumdrag vert tvinga til å søkja tilflukt innanfor dei marxistiske partia sjølv. Særleg gjeld dette land der kommunistiske parti har statsmakta. I Sovjetunionen klarte revisjonistane å ta makta i partiet og staten, og å innføra fascisme og kapitalisme. Med det fekk den moderne revisjonismen eit kraftig støt framover i dei sosialistiske landa, kommunistpartia og frigjeringsrørslene i heile verda.

I framtida må vi venta at dess verre krisa for kapitalismen vert og dess større vanskar imperialismen har, dess meir vil borgarleg politikk ta form av falsk kommunisme, og dess viktigare vil kampen mot revisjonismen bli. Difor er det eit avgjerande spørsmål for revolusjonen at marxistane, arbeidarane og folka i verda blir meir dugande til å skilja mellom ekte og falsk arbeidarpolitikk, ekte og falsk anti-imperialisme og ekte og falsk marxisme, sosialisme og kommunisme.

13. Sovjet-revisjonismen er den farlegaste forma for opportunisme.

Marxismen har kjempa mot ulike former for opportunisme og revisjonisme. Slike former har hatt mykje å seia i si tid, og har vore farlege for den revolusjonære arbeidarrørsla. Men det tyder ikkje at alle ulike former for revisjonisme er like viktige i dag.

Marx og Engels kjempa mellom anna mot utopisk sosialisme og anarki. I dag har desse retningane lite å seia. Lenin kjempa mot reformistisk sosialdemokrati. No har

slike parti mykje å seia i nokre vestlege kapitalistiske land, men i verda som heilskap spelar dei liten rolle. Stalin kjempa mellom anna mot bucharinisme, trotskisme og moderne-revisjonistar som stødde USA-imperialismen. Desse retningane har forsvunne eller har svært lite å seia i dag. Mao Zedong leidde kampen mot den sovjetiske moderne revisjonismen. Denne kampen held fram. Den pro-sovjetiske moderne revisjonismen er ei svær kraft i verda i dag, som tener den mest aggressive og reaksjonære av imperialismaktene, og kampen mot han er ikkje avgjort.

Den moderne revisjonismen skil seg frå opportunismen og revisjonismen før ved at han har mykje større maktmiddel. Han har statsmakta i ei imperialistisk supermakt og i mange andre land som Sovjet herskar over. Dei revisjonistiske leiarane i Sovjet er ikkje tenarar for monopolborgarskapet, dei er sjølv sjølv kjernen i det imperialistiske russiske borgarskapet. Dei har økonomisk kontroll over dei største kapitalistiske monopola i verda, dei har den politiske makta i ei supermakt og kontrollerer i dag (1980) ei av dei største militærmaskinene i verda. Før var dei mest reaksjonære blant opportunistane slike som stødde sitt eige borgarskap i imperialistisk erobningskrig, og som stødde undertrykking av arbeidarrørsla i sine eigne land. Lenin kalla slike opportunistar «sosialimperialistar» og «sosialsjåvinistar». Dei sovjetiske revisjonistane er sjølv leiinga for den imperialismen som er det farlegaste trugsmålet mot folka i verda, den makta som driv mest fascistisk undertrykking ute og heime og som er den farlegaste kjelda til krig.

Samstundes er den moderne revisjonismen vanskelegare å kjempa mot enn den tidlegare opportunismen, av di han kallar seg «marxist-leninistisk» og «kommunistisk». Han har nytta dei sterke banda kommunistpartia i mange land hadde til Sovjet til å gjera mange av desse partia til reiskapar for den sosialimperialistiske ekspansjonspolitikken. Han er òg farlegare av di han kallar seg «anti-imperialistisk» og løyner dei imperialistiske planane sine bak frasar om at han er «den natulege venen til frigjeringsrørslene». Ved å utnytta kampen mot dei gamle imperialismaktene har han i visse tilfelle greidd å få makt over frigjeringsrørslar og regjeringar i den tredje verda.

Sosialimperialismen brukar militære åtak, truslar og press, saman med hemmeleg infiltrasjon, økonomiske middel og open politisk verksemd for å leggje under seg stadig nye land. Slik har han òg skapt grunnlag for pro-sovjetiske og moderne-revisjonistiske straumdrag ut over dei gamle, tidlegare kommunistiske partia som fylgde Sovjet. I den tredje verda har han vunne over revolusjonære og nasjonalistiske parti og omvandla dei til reiskapar for seg. I nokre høve har han støtta grupper innanfor revolusjonane i ulike land som har nytta høvet til å innføra fascistisk diktatur under «revolusjonar» maske, slik som i Etiopia 1974–75. I andre høve har han sjølv organisert fascistiske kupp utan at det har vore noka form for revolusjonær rørsle, og har gjeve fascismen namnet revolusjon.

Eit slikt døme er Afghanistan i 1978. I mange land har sosialimperialismen stått bakom imperialistiske overfall og gjeve det namnet frigjerings, slik som i Kampuchea 1978–79. Mange gonger har han spela på revisjonistiske straumdrag i partiet og staten i sjølvstendige sosialistiske statar. Han arbeider òg med å utvikla band til borgarlege grupper og folk i statsapparatet i kapitalistiske statar.

I Vest-Europa er sosialimperialistisk revisjonisme i 1980 ikkje berre avgrensa til dei få partia som stor han fullt ut. Sovjet-revisjonismen har også sterk støtte i dei aller fleste meir «sjølvstendige» revisjonistiske partia, i grupper i mange av dei sosialdemokratiske partia, i nokre liberale og ope borgarlege parti, mellom intellektuelle og fagforeiningsfolk. Mindre opportunistiske grupper som kallar seg «revolusjonære» blir òg ofte trekte i retning av standpunkt som stør sosialimperialismen.

Sovjet-revisjonismens hemmelege politi KGB har sine folk både i statsapparatet og hæren i vest, i revisjonistpartia og i terroristgrupper som kallar seg «revolusjonære».

Det er gale å kritisera denne retninga berre fordi ho går inn for ein falsk veg til sosialismen, driv reformistisk politikk, samarbeider med borgarskapet i dei vestlege landa osv. Det farlegaste ved ho er at ho er pro-imperialistisk og førebur vegen for åtak frå sosialimperialismen. Under dekkje av å kritisera vestlege imperialistar går ho inn for imperialistisk «pasifisme» og «avspenning» i tilhøvet til Sovjet for å gjera det lettare for Sovjet å gå til militære åtak. Ho går imot kritikk av fascistisk undertrykking i Aust-Europa ved å snakka om at det er «kritikk av sosialismen». Dette gjer ho for å hindra at folka i Aust-Europa skal få støtte frå folka i andre land. Ho søker å skapa støtte til sosialimperialistiske militære framstøytar i den tredje verda gjennom å framstilla desse framstøytane som «anti-imperialistisk kamp». Difor er denne retninga den mest pro-imperialistiske og profascistiske politiske retninga i Vesten i dag.

Ein konkret analyse av stoda i verda i dag syner at den pro-sovjetiske moderne revisjonismen er den farlegaste forma for opportunisme no. Han er hovudhindringa for revolusjon og frigjeringsring. Den pro-sovjetiske revisjonismen er ikkje berre den politiske hovudstøtta for dei mest reaksjonære imperialistiske kreftene i verda, han er òg ei militær hovudstøtte for det imperialistiske verdssystemet.

14. Det norske Arbeiderparti

DNA er det største borgarlege arbeidarpartiet i Noreg. Det har støtte frå eit fleirtal av proletariatet, og pregar det politiske livet i heile landet. For å forstå kvifor partiet har fått denne sterke stillinga, er det naudsynt å studera historia til den norske arbeidarrørsla.

Den norske arbeidarrørsla har ei lang historie. Ho byrja med dei arbeidarforeiningane som vart stifta av Marcus Thrane i 1848. Denne rørsla vart knust med vald av staten.

DNA, som vart skipa i 1887, spreidde i dei fyrste tiåra marxistiske og sosialistiske idear. Samstundes

leidde partiet utviklinga av den norske fagrørsla, og tok initiativet til Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon (i dag LO) i 1898. Med DNA steig proletariatet for alvor inn på den politiske skodeplassen i Noreg som ei sjølvstendig kraft. På denne tida leidde DNA klassekampen og den politiske kampen til proletariatet. Det var hovudsida, sjølv om det heile tida fanst både marxistar og opportunistar i partiet.

Men i dei fyrste tiåra av dette hundreåret gjekk partiet og fagrørsla kraftig fram, og fekk støtte frå mesteparten av proletariatet. Nauda under den fyrste verdskrigen og Oktoberrevolusjonen i 1917 gjorde at arbeidarklassen gjekk til venstre. I 1918 fekk revolusjonære marxistar leiinga i partiet. DNA gjekk inn i Den kommunistiske internasjonale (Komintern), og sette væpna revolusjon og proletariatets diktatur på programmet. Dette syner kor sterkt kommunismen stod mellom arbeidsfolk i Noreg på denne tida.

Men DNA vart aldri noko einskapleg parti, og aldri noko leninistisk parti. Revolusjonære marxistar og borgarlege sosialdemokratrar fanst side om side. Borgarlege politikarar hadde stor makt og leiarande posisjonar. I 1923 tok ei sosialdemokratisk fløy makta, braut med Komintern og forlét den revolusjonære marxistiske linja for godt.

Utviklinga i dei fyrste tiåra av dette hundreåret gjorde at borgarskapet for alvor byrja å frykta for ein sosialistisk revolusjon i Noreg. Samstundes mista dei gamle borgarlege partia grepet om arbeidarklassen. Dette opna vegen til at DNA vart *det viktigaste borgarlege partiet og den sosiale hovudstøtta for borgarskapets diktatur i Noreg*. Difor har DNA hatt regjeringsmakta i mesteparten av dei siste femti åra.

Denne sterke stillinga bygger på at ikkje noko anna parti kan vinne tiltru hos størstedelen av arbeidarklassen. Det kan DNA-leiarane, nett fordi dei sjølv kallar seg «arbeidarpolitikarar». I mange år etter 1923 snakka dei om «marxisme» og «revolusjon» for å halda på støtta frå revolusjonære arbeidarar og ungdom. I dag har dei teke avstand frå marxismen, men dei snakkar framleis om «sosialisme», og seier at arbeidarane må stø DNA mot «dei borgarlege».

DNA-leinga byggjer stillinga si i arbeidarklassen på kontrollen over LO. DNA-leinga held på denne kontrollen gjennom å byggja på det talrike arbeidararistokratiet i LO sjølv, i DNA og i statsbyråkratiet. Stalin sine ord om dei vestlege sosialdemokratiske partia gjeld fullt ut for DNA: «Med fagforeiningane er dei alt, utan fagforeiningane er dei ingenting».

Kontrollen over LO gjer at DNA-leinga er den borgarlege gruppa som kan tryggja arbeidsfred og høge profittar for monopola ved at dei hindrar arbeidarklassen i å kjempa. DNA har brukt regjeringsmakta og makta over LO til å skapa eit veldig nett av ordningar, avtalar og lover som skal trælbinda arbeidsfolk til klassesamarbeid. Samstundes har DNA-regjeringar gjennomført slike reformer som folketrygd, sjukelønsordninga osv. Desse reformene brukar DNA-toppen som prov på at dei «hjelper» arbeidarklassen.

Men i røynda har desse reformene vorte moglege på grunn av den auka produktiviteten som arbeidsfolk sjølv har skapt. Samstundes blir reformene oftast stødde av monopola fordi dei skapar sunn og sterk arbeidskraft og kan brukast som argument for at klassesamarbeidet fungerer bra. Systemet med klassesamarbeid knytt saman med reformer ovanifrå blir brukt til å spreia myten om at «i Noreg er klassekampen slutt», «arbeidarklassen kan vinna fram langs den parlamentariske vegen», og «Noreg er blitt ein velferdsstat».

I åra etter 1923 har ikkje noko parti til venstre for Arbeiderpartiet greidd å rugge ved den dominerande stillinga til DNA i arbeidarklassen og mellom arbeidsfolk elles. «NKP», som vart stifta ved ei kløyving i DNA i 1923, var heilt frå starten av eit parti med indre veikskapar. Det vart kløyvd fleire gonger. Partiet leidde viktige klassekampar fram til krigen, og spela ei viktig rolle i motstandskampen mot okkupasjonen. Men partiet utvikla aldri nokon verkeleg sjølvstendig analyse av tilhøva i Noreg.

Sjølv om «NKP» stod for marxisme og revolusjon, var partiet for nær knytt til den sovjetiske modellen og gjorde dogmatiske feil. Partiet gjorde grove feil i 1940. I åra etter krigen tok den moderne revisjonismen makta i partiet, og det mista snøgt oppslutninga frå massane. Då arbeidarar og ungdom på nytt tok til å gå til venstre i 60-åra, var «NKP» omvandla til eit parti som støtta Sovjet og DNA, og var eit parti som ikkje kunne vinna tiltru.

Den nye opposisjonsrøsla som voks fram i 60-åra (Sosialistisk Folkeparti, som i 70-åra vart kjernen i Sosialistisk Venstreparti), kunne ikkje bli noka verkeleg utfordring for DNA-leinga. For SF stod sjølv for ein venstresosialdemokratisk politikk; det utvikla ikkje klassekampen, og avviste marxismen. DNA har fått halda på den dominerande stillinga si i arbeidarklassen i Noreg. For etter 1923 vart ikkje partiet gjennom lang tid utfordra av noka kraft innanfor arbeidarklassen som stod for ein verkeleg revolusjonær politikk som samstundes bygde på ein konkret analyse av forholda i Noreg, og som utvikla ein god, allsidig arbeidarpolitikk for desse forholda.

Difor har DNA-leinga greidd å dempa klassekampen i mange år. Særskilt sterkt stod dei i 1950- og 60-åra. Dermed hjelpte dei monopola til å skjerpa utbyttinga av arbeidarane og driva profitten i veret utan å møte motstand. Dei kunne ruinera småbøndene og dei arbeidande fiskarane, og hindra lønsauke for mange småborgarlege funksjonærar og delar av dei intellektuelle. Norske og utanlandske monopol kunne utnytta råvarer og kraftkjelder, og herja i norsk natur med høg fortjeneste, utan å ta for mykje omsyn til interessene til dei arbeidande massane.

I desse åra sytte DNA òg for at Noreg allierte seg med supermakta USA og underordna seg USA i utanrikspolitikken.

Den sosialdemokratiske politikken verka slik at sjølv om *klassekampen* vart dempa for ei tid, så voks *klassemotseiingane*. Monopola styrka seg som aldri før. Samstundes vart DNA-leinga ein pådrivar for å utvikla *kapitalistiske statsmo-*

nopol til å verta den dominerande gruppa innanfor den norske monopolkapitalen. DNA-leiinga skaffa seg sjølv viktige posisjonar innanfor dei snøgt veksande statsmonopolselskapa, dei fekk innverknad innanfor private monopol, og utvikla òg nokre monopolselskap som bygde på kapital frå fagrørsla.

I 70-åra møtte DNA-leiinga større problem. Dei dukka fyrst opp i nederlaget i folkerøystinga om EEC i 1972, og i fleire val. Desse tilbakeslaga er eit uttrykk for at klassekampen har byrja å skjerpa seg igjen. Det syner seg ved at utviklinga går i retning av at mange fagforeiningar blir meir sjølvstendige i forhold til DNA-leiinga. Det syner seg òg ved at det er stadig fleire streikar, aksjonar og politiske initiativ i arbeidarklassen og mellom ungdom og arbeidsfolk elles, som stør ei klassekampline og går imot klasse-samarbeidslina til DNA-leiinga. AKP(m-l) var i 70-åra eit lite parti med ein ikkje så svært utvikla politikk, og partiet kunne ikkje på noko vis ta kampen opp med DNA om innverknad i arbeidarklassen. Men AKP(m-l) greidde å få stor innverknad i den breie masserørsla til venstre for DNA-leiinga som starta opp i desse åra, og som på lengre sikt kan truga DNA-leiinga sitt herredøme over LO og deira dominans i arbeidarklassen.

I 1980 er DNA framleis det største partiet i Noreg, og er framleis det partiet dei fleste arbeidarar stør. Ein verkeleg marxistisk, revolusjonær politikk kan ikkje få auka oppslutning utan at han kjempar mot politikken til DNA-leiinga.

Samstundes er det norske sosialdemokratiske partiet ei rørsle med mange ulike straumdrag. Mellom medlemene og tilhengjarane er det mange som driv med lønsskamp, slåst mot miljøødeleggjing, stør arbeidet for demokratiske rettar og går imot imperialismen. I leiinga finst det òg ulike grupper. Nokre var tidlegare svært nært knytte til USA-imperialismen. Mellom dei finst det også folk som har gått i spissen for anti-kommunisme og aksjonar for yrkesforbod og eksklusjonar frå fagrørsla. Men allment har partiet vorte mindre knytt til USA-imperialismen etter kvart som han har gått attende i verdsmålestokk.

Nokre av DNA-leiarane sit i leiinga for, eller er nært knytte til ulike monopol. Det har òg utvikla seg ein tendens som er open for sosialimperialismen, og det finst folk i DNA som står den pro-sovjetiske moderne revisjonismen svært nær. På grunn av dette kan ein i viktige kampsaker, til dømes når det gjeld yrkesforbod, kamp mot imperialismen, strid for miljøvern eller for å halda oppe arbeidsplassar: ofte finna sentrale DNA-medlemmer på begge sider i striden.

Ein rett analyse av DNA ved byrjinga av 1980-åra må ta omsyn både til motseiingane i verda, i Noreg og i DNA sjølv. DNA er det største og viktigaste borgarlege partiet i Noreg. Det forsvarer borgarskapets diktatur i si noverande form i Noreg. For å utvikla ein revolusjonær arbeidarpolitikk er det naudsynt å kjempa mot partiets innverknad i desse sakene. Samstundes er den haldninga DNA-leiinga har til dei viktigaste motseiingane i verda og norsk utanrikspolitikk vekslande, ut ifrå in-

teressene til norske monopolgrupper, press frå ulike imperialistmakter, og ut ifrå kampen i partiet sjølv. DNA var tidlegare ein lojal reiskap for USA-imperialismen. I 1970-åra har det nokre gonger gjeve etter for sosialimperialismen, og nokre gonger teke standpunkt mot han. Kva for eit standpunkt marxistane tar til DNA må vera avhengig av kva standpunkt DNA sjølv tar i desse sakene. Klassekampen i Noreg og kampen mot imperialismen må skjerpa kampen i DNA sjølv. Kva stilling marxistane tar til dei ulike straumdragar som dukkar opp, må avgjerast av kva dei gjer sjølve. Det er naudsynt å alltid hugsa at dei fleste som stør DNA er vanlege arbeidsfolk, og at det er mange progressive medlemmer i partiet.

15. Den moderne revisjonismen og den sosialimperialistiske retninga i Noreg.

a) Dei moderne-revisjonistiske partia i Noreg. I 1970-åra fanst det to moderne-revisjonistiske parti i Noreg: «Norges Kommunistiske Parti» («NKP») og Sosialistisk Venstreparti (SV).

Begge desse partia var små, begge gjekk inn for «den fredelige og sosialistiske vegen» og tok avstand frå tanken om at arbeidarklassen i Noreg må gjera revolusjon med vald og oppretta proletariats diktatur for å skape sosialismen. Begge partia søkte samarbeid med DNA og kjempa hardt mot AKP(m-l).

Skilja mellom dei to partia galdt i hovudsak to saker. Begge stødde sosialimperialismen. Men «NKP» gjorde dette utan atterhald, medan SV hadde nokre atterhald og ein del motseiingar. Det andre som skilde mellom dei var at dei hadde oppslutning frå ulike grupper, og hadde ulik samansetjing. Difor vart også taktikken deira i ulike spørsmål ulik.

«NKP» heldt fram med å gå attende i 70-åra, og vart eit svært lite parti. Dette heng òg saman med at dei fleste av dei revisjonistane som var meir sjølvstendige i synet på Sovjet, gjekk over til SV. Dermed kom «NKP» til å stå fram som endå meir slavisk lojalt overfor Sovjet enn nokon gong før. Dette gjorde òg at samanslåing med SV til eitt parti var umogleg; Sovjet-leiarane sette seg imot at «NKP» vart oppløyst.

«NKP» eksisterer som parti av di Sovjet-leiarane ynskjer å ha eit parti som gjer som dei seier i alle saker. Dette er òg grunnen til at «NKP» fekk så lita oppslutning i Noreg. Arbeidsfolk i Noreg avskyr sosialimperialismen og har inga tiltru til Sovjet-leiarane. Difor er det svært få som vil stø eit parti som fylgjer Sovjet-leiarane så slavisk.

I 1980 finst det framleis ærlege folk som ikkje skjønna den sanne karakteren til «NKP». For det meste galdt dette eldre som var prega av at «NKP» var eit revolusjonært parti eingong. Dei hadde sterke minne frå den kampen partiet førte mot fascismen under krigen, dei hadde ikkje skjønna kontrarevolusjonen i Sovjet, eller dei var knytte til partiet gjennom familie og vener. Det er ikkje rett å fordømme alle desse som reaksjonære.

Men partiet sjølv var det svartaste reaksjonære av al-

le registrerte norske parti i 70-åra. I innanrikspolitikken gjekk det lengst av alle i anti-kommunisme, og det tok del i kampen for yrkesforbod og suspensjonar frå fagrørsla. I utanrikspolitikken stødde det den fascistiske Sovjet-politikken som drap hundretusenvis av menneske. Dei tok stilling for sosialimperialismen og mot Noreg i alle spørsmål der Sovjet truga Noreg.

Det viktige med «NKP» i 1980 er ikkje at det har stor innverknad i Noreg. Partiet er politisk isolert. Det særskilt farlege med partiet er at det stør sosialimperialismen i alle saker, og venteleg har leiarar som er viljuge til å gjera kva som helst for å stø frammarsjen til sosialimperialismen. Dette gjer at «NKP» i framtida kan verta eit farleg trugsmål mot arbeidarklassen og folket i landet vårt.

SV Sjølv om SV var eit lite parti på slutten av 70-åra, så var det mange gonger større enn «NKP». SV hadde verkeleg massestøtte, og var ei politisk kraft over heile landet.

Dette kjem mellom anna av at SV heldt ein viss avstand til Sovjet-leiarane og ikkje ville stå fram som ein garantist for alt sosialimperialismen gjer. SV kalla seg verken marxist-leninistisk eller kommunistisk, men leiarane sa at dei rekna partiet til den same retninga som dei meir uavhengige revisjonistiske partia i Vest-Europa. SV freista òg å framstilla seg som ein venstreopposisjon til DNA.

Difor var det mogleg for SV å få støtte frå radikalisert ungdom, arbeidarar og andre som søkte eit alternativ til DNA.

I 70-åra hadde SV problem med å halda på dei tilhengjarane partiet hadde fått, av di det i røynda ikkje var noko alternativ til DNA og «NKP». I Stortinget var SV eit støtteparti for DNA-regjeringa. Samstundes som SV-leiinga i ord sa seg å vera uavhengige av sosialimperialismen og kritiserte han i nokre samanhengar, så stødde dei sosialimperialistiske framstøytar som til dømes overfallet på Kampuchea. Sett under eitt stod partiet SV nærare sosialimperialismen enn det SF gjorde i 1970.

SV var ved utgangen av 70-åra eit svært ueinsarta parti. Det fanst folk i partiet som stod nær tradisjonell sosialdemokratisk politikk, det fanst trotskistar der, det fanst folk som stod for den same politikken som «NKP», og folk som gjekk imot sosialimperialismen. Nokre var for og nokre imot samarbeid med DNA, nokre var for og nokre imot samarbeid med AKP(m-l).

SV i 1980 var det viktigaste moderne-revisjonistiske partiet i Noreg av di det var det einaste som kunne få oppslutning frå arbeidsfolk og ungdom. I hovudsak var det rett å rekna SV som eit pro-sovjetisk parti. Av di SV er borgarleg og pro-sovjetisk, er det naudsynt å kjempa mot det. Samstundes er det ein god ting at SV ikkje er så knytt til Sovjet som «NKP» er det, at partiet tar avstand frå Sovjet i nokre spørsmål og har medlemmer som går imot sosialimperialismen. Difor er det ikkje rett å sidestilla SV og dei svarte pro-sovjetiske «NKP». Marxistane sin politikk mot SV må formast ut ifrå at dette partiet har både sosialdemokratrar, revisjonistar og progressive og revolusjonære som medlemmer og

tilhengjarar.

b) Den sosialimperialistiske retninga i Noreg

Det politiske straumdraget i Noreg som tener sosialimperialismen fremnar vidare enn dei to moderne-revisjonistiske partia.

Heile partiet «NKP» må reknast til denne retninga. Ein del av partiet SV stør fast opp om sosialimperialismen, medan heile SV er noko prega av han.

Ut over dette finst den sosialimperialistiske politiske retninga òg som eit straumdrag i DNA. I 70-åra hadde ho oppslutning både i partiet, i ungdomsforbundet og mellom nokre høgare DNA-tillitsmenn med stillingar i staten og tillitsverv i fagrørsla.

Folk som stør sosialimperialismen finst òg utanfor partia i fagrørsla. Både i SV, DNA og fagrørsla finst det mange som har vore medlemmer i «NKP», og som er prega av revisjonismen og sterkt positive til Sovjet. Det finst òg einskildpersonar utanfor partia og dei store organisasjonane som stør sosialimperialismen.

Ut over dei som medvite stør Sovjet finst det også mange som vert påverka av det sosialimperialistiske straumdraget i nokre spørsmål, og som kan gjera felles sak med dei i einskilde tilfelle. Slik påverknad finst i fagrørsla, i DNA, i statsadministrasjonen, i andre borgarlege parti, ved skulane og i intellektuelle miljø, og mellom medlemene og tilhengjarane til AKP(m-l).

Sovjets ambassade, utanrikstenesta deira og det hemmelege agentnettet deira arbeider også systematisk for å skape grunnlag for slik breiare påverknad. Til dømes bed dei folk på vitjing austover, dei oppmodar folk til å skipa tverrpolitiske kampanjar som stør sosialimperialismens interesser osv. Slike kampanjar kan òg dra nytte av at Sovjet legg ytre press på Noreg, og av sterke inntrykk frå Sovjets frammarsj over heile verda: «Russland sigrar på alle frontar».

Difor er det gale å vurdere kor stor innverknad den sosialimperialistiske retninga i Noreg har berre ut ifrå det vesle «NKP». Den sosialimperialistiske retninga er breiare enn «NKP», og har sterke krefter bak seg. Ho er ikkje så isolert, og kan i nokre tilfelle få stor innverknad.

16. Taktikken for kampen mot revisjonismen og opportunismen.

Marxistane må byggja lina for kampen mot opportunisme og moderne revisjonisme på ein konkret analyse av kva rolle desse retningane spelar i Noreg.

Ei slik line må ha som utgangspunkt:

— At det ikkje er mogleg å vinna arbeidarklassen og folket for ein revolusjonær politikk, utvikla klassekampen og skapa ei sterk marxistisk arbeidarrørsle utan at ein kjempar mot dei borgarlege retningane i arbeidarrørsla som ynskjer å tilpassa ho kapitalistklassen.

— At det ikkje er mogleg å kjempa mot imperialismen og forsvara Noregs sjølvstende utan at ein kjempar mot den pro-sovjetiske moderne revisjonismen.

I 1980 er DNA enno det største partiet i Noreg, og det største borgarlege arbeidarpartiet. DNA er det partiet som held størstedelen av arbeidarklassen og mange

arbeidsfolk elles knytt til den norske kapitalistiske ordninga slik ho er no. Difor er DNA si form for sosialdemokrati den opportunistiske retninga som best tener dei norske monopola.

For å utvikla klassekampen mot det norske borgarskapet og vinna støtte for marxismen i arbeidarklassen, er det difor naudsynt å kjempa mot DNA-leiinga sin politikk for klassesamarbeid.

Samstundes er det gale å lata som om dei norske monopola er dei største eller farlegaste monopola i verda. Dei farlegaste og mest reaksjonære monopolborgarane er herskarane i den russiske supermakta. Den farlegaste opportunistiske straumen i heile verda er den forma for moderne revisjonisme som tener deira interesser. Om sosialimperialismen går til åtak på Noreg, så er dei russiske monopolborgarane mykje sterkare og farlegare fiendar for norske arbeidsfolk enn dei norske monopolborgarane. Denne retninga er eit stort trugsmål mot arbeidarklassen og folket her i landet i fredstid òg.

Den pro-sosialimperialistiske retninga som finst i «NKP» og som har oppslutning i ulike parti, organisasjonar og miljø elles, er veikare enn DNA. Men ho er mykje meir reaksjonær enn DNA-leiinga, og strategisk mykje farlegare for arbeidsfolk.

Det er også naudsynt å hugsa på at medan vanleg reformisme ikkje har så mykje appell mellom dei mest radikale og revolusjonære som står i opposisjon til sosialdemokratiet, så er moderne revisjonisme den forma for opportunisme som lettast vann fotfeste der. Difor er denne sjuken særleg farleg for dei verkelege kommunistane og sosialistane.

Ei line for kampen mot opportunismen må ta omsyn til at den pro-sovjetiske opportunismen er den mest reaksjonære opportunistiske retninga og den strategisk farlegaste, sjølv om ho står mykje svakare i arbeidarklassen og i norsk politikk enn sosialdemokratismen.

Kampen mot opportunismen og revisjonismen har gått gjennom fleire fasar. Då AKP(m-l) vart til, var det naudsynt å ta oppgjer med mange former for reformistiske og revisjonistiske idear for å bryta folk laus frå ulike borgarlege arbeidarparti og vinna dei for marxismen. I den tida jobba marxistane med å trekkja skarpe grenser mellom seg sjølve og alle former for opportunisme, utan å leggja så stor vekt på kva slag opportunisme som var viktigast i heile det norske samfunnet.

Det er framleis naudsynt i AKP(m-l) sjølv å kjempa mot opportunismen og skilja han frå marxismen. Når det gjeld teorien, kan vi ikkje gå med på kompromiss i prinsippsspørsmål. Men i kampen mot opportunismen utanfor partiet har situasjonen endra seg. Partiet finst. Betydninga til sosialimperialismen har auka kraftig i 70-åra, og det har endra den politiske situasjonen svært mykje. Dette må AKP(m-l) ta omsyn til.

No er det rett å peika ut den pro-sovjetiske moderne revisjonismen som den aller mest reaksjonære og den farlegaste opportunismen. For å brennemerkja han og driva han attende i Noreg, er det rett å ha ein taktikk som isolerer han mest mogleg. Marxistane bør retta hovudslaget mot han, og søkja

å sameina krefter som tar eit rett standpunkt i kamper mot han.

Skal marxistane få framgang i denne kampen, er det naudsynt å skilja dei som er mest pro-sosialimperialistiske mellom revisjonistane frå dei som er mindre pro-sosialimperialistiske, og ein må prøva å vinna dei siste over. Det er viktig at ein ikkje gloydmer at dei fleste tilhengjarane til denne retninga er ærlege folk, og mange av dei har verkeleg progressive standpunkt i mange saker.

Samstundes må marxistane halda fram med å kjempa mot den sosialdemokratiske politikken som dominerer arbeidarklassen. Utviklinga av denne kampen må ta omsyn til at mange som reknar seg som sosialdemokratrar, høyrer heime på same sida som kommunistane i dei daglege klassekampene, miljøkampen, kampene for demokratiske rettar, for den nasjonale integriteten til same, mot imperialismen, for forsvar av Noreg mot Sovjet osv. Å retta inn slaga mot dei er ikkje rett revolusjonær politikk; det er sektarisme som skadar arbeidarklassens interesser i Noreg. Det er tvert om bra for kampen mot dei sosialdemokratiske ideane at kommunistane hjelper til med å sameina flest mogleg i klassekampen på grunnlag av sams interesser og gjensidig respekt, irekna tilhengjarar av sosialdemokratiet og revisjonistpartia. Det er òg naudsynt å handsama ulike grupper av borgarlege sosialdemokratiske leiarar forskjellig og ta stilling til beslutningane til dei sosialdemokratiske partiet i kvar einskild sak. Sjølv om det sosialdemokratiske partiet er størst og ei avgjerande hindring for utviklinga av klassekampen, må marxistane skilja mellom DNA og dei reaksjonære svarte politiske retningane.

Ein viktig føresetnad for kampen mot revisjonisme og sosialdemokrati er å utvikla klassekampen, spreia kamplina til dei arbeidande folket, utvikla dei demokratiske livet i masseorganisasjonane og den frie politiske debatten mellom arbeidarar og arbeidsfolk flest. Når folk har eigne røynsler og er informerte, kan dei betre ta standpunkt sjølve. Marxistane må ta del i alle dei store rørslene som arbeidsfolk utviklar sjølve, ta opp dei spørsmåla folk meiner er viktige, og vera med i dei debattane folk er opptekne av. Det gir òg marxistane eit bra grunnlag for å visa konkret at opportunisme ikkje er verkeleg arbeidarpolitikk, men forkledd borgarleg politikk.

Kommunistane må prøve å hugsa på at oppgåva i kampen mot moderne revisjonisme og annan opportunisme ikkje er å kløyva arbeidsfolk, men å sameina dei for sams interesser mot sams fiendar. Difor må kommunistane sameina seg med marxistar og sosialistar utanfor AKP(m-l), irekna progressive i DNA og revisjonistpartia. Sjølv om kommunistane er usamde med dei på nokre punkt, er det gale å retta slag mot dei. Det er naudsynt å skilja mellom medlemmer i og tilhengjarar av revisjonistpartia på den eine sida, og leiinga på den andre. Innanfor leiinga er det rett å skilja mellom dei mest reaksjonære og dei andre. Det er rett å ikkje skjera alle revisjonistiske grupper over ein kam, ein må til dømes ikkje likestillast SV og

det svarte «NKP». Folk og grupper marxistar kjempar mot i éi sak, kan dei samarbeida med i ei anna.

I behandlinga av einskild-personar er det òg rett å skilja mellom mennesket sjølv og den galne og til og med reaksjonære politikken han eller ho står for. Målet er å kjempa mot den reaksjonære politikken, ikkje å skada det einskilde mennesket, og ikkje å skapa unødige motsetningar som gjer det umogleg å samarbeida i andre saker eller om personen endrar syn. Elden må verta konsentrert mot dei få aller mest drivande reaksjonære krinsane. Kreftene må samlast for å vinna sigrar som verkeleg tyder framgang for interessene til arbeidsfolk.

Dette er den taktikken AKP(m-l) må fylgja om AKP(m-l) skal ha framgang i kampen mot moderne revisjonisme og opportuniste i 1980-åra.

V. Kommunistane og klassekampen under kapitalismen.

17. Kommunistpartiet og klassekampen som må førast før det er mogleg å gjera sosialistisk revolusjon

a) Arbeidsfolk må forsvare seg ved å driva klassekamp under kapitalismen.

AKP(m-l) avviser det synet at det er mogleg å flikka på kapitalismen slik at han vert eit bra system for det arbeidande folket. Kamp frå massane og produksjonsauke kan i nokre tilfelle føra til betringar for arbeidsfolk. Men så lenge kapitalismen finst, kan det aldri bli slutt på utbytting, krise og krig. Difor kan jorda aldri bli ein god bustad for menneska medan kapitalismen finst. Kommunistane som slåst for saka til proletariatet, kan aldri forsona seg med det kapitalistiske systemet. Men i dag er det ikkje mogleg raskt å gjera revolusjon og innføra sosialismen i Noreg. Kommunistane må rekna med å arbeida i mange år enno under kapitalismen. Då er det oppgåva til kommunistane å ta del i dei daglege klassekampene som arbeidarklassen og arbeidsfolk fører no, sjølv om desse kampene berre skjører å oppnå nokre betringar innanfor ramma til kapitalismen. Den som avviser å ta del i desse klassekampene og grunngir det med at «dei fører ikkje til revolusjon» er ingen kommunist, men ein arbeidardiende og reaksjonær.

For arbeidsfolk som må leva under kapitalismen er det viktig korleis tilhøva er. Det er viktig kva lønene er og om folk kan få bustad og skulegang. Det er viktig om atomkraftverk forgiftar menneska. Det tyder mykje om det finst borgarleg-demokratiske rettar eller om det er fascisme, om folket har nasjonal fridom eller om det er okkupert. Arbeidsfolk kjempar kvar dag mot overklassen, også før dei tar opp kampen for statsmakta, fordi dei ikkje har noko val. Dei må verja seg mot åtaka frå kapitalistar og imperialismen fordi alternativet er at utbyttinga og undertrykkinga vert hardare.

AKP(m-l) har plikt til å ta del i desse kampene, stø dei,

utløysa dei og leia dei når det er mogleg. Gjer ikkje partiet det, så svik dei det arbeidande folket og har ikkje rett til å kalla seg proletarietets parti.

b) AKP(m-l) må nytta klassekampene under kapitalismen til å førebu kampen for sosialismen.

Det var feilaktig at «vilkåra for sosialismen mognar same kva vi gjer, slik at dei revolusjonære berre treng venta på den store dagen.» Revolusjonære situasjonar oppstår uavhengig av massane sin vilje. Men er arbeidarklassen og folket ikkje førebudd når den revolusjonære situasjonen oppstår, så vil slutten på han bli at borgarskapet stabiliserer makta si att.

Arbeidsfolk kan berre førebu seg på å ta makta gjennom store klassekampar. Slik kamp gjer det lettare å skilja ven frå fiende. Arbeidsfolk lærer å sjå imperialistane, monopola og deira stat som fiende. Dei lærer strategi og taktikk, dei lærer å organisera seg i massemålestokk, utviklar demokrati og debatt og aukar interessen for politikk. Kommunistane må også lære. AKP(m-l) vil aldri få noko å seia for sosialismen om partiet passivt ventar på revolusjonen. Det duger heller ikkje om dei revolusjonære nøyser seg med snever hemmeleg verksemd for å førebu ei tid med opprør. Hemmelege førebuingar er naudsynnte. Men enda viktigare er det at AKP(m-l) tar del i svære, opne politiske kampar for å vinna røynsle og krefter. Berre då kan partiet oppnå tillit hos arbeidsfolk og verkeleg bli ei revolusjonær leining.

Godt arbeid i store klassekampar er det som kan syna arbeidarklassen at AKP(m-l) verkeleg er deira parti og tener deira interesser. Det gjer det mogleg å avsløra dei moderne revisjonistane og sosialdemokratane ved å syna korleis politikken deira går imot interessene til massane i den daglege klassekampen. AKP(m-l) må nytta slike svære kampar til å spreia kunnskap om revolusjonær politikk, om marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking og den revolusjonære vegen til sosialisme i Noreg. Slike kampar er òg naudsynnte for å utvikla AKP(m-l) sjølv. Berre gjennom kampar som ikkje innskrenkar seg til å nokre tusen går i tog mot imperialismen eller nokre arbeidarrar streikar, men som i tillegg blir utvikla på alle andre område som gjeld liv og interesser til arbeidsfolk, kan kommunistane sjølve lære verkeleg mykje om politikk og revolusjonær taktikk. Partiet som heilskap og dei einskilde medlemene er frå starten ganske vitande og kan slett ikkje leia nokon revolusjon, same kor revolusjonær situasjonen i samfunnet er. AKP(m-l) kan berre bli eit erfarent og klokt parti med rett og allsidig line og ein sterk og handlekraftig organisasjon ved å lære tålmodig på mange frontar i massekampene, og av eigne framgangar og feil.

Alt dette tyder at det er naudsynt for partiet vårt å ta del i og gå i brodden for klassekampar, også slike som ikkje tar sikte på å styrta kapitalismen, *nettopp* fordi vi marxistar aldri kan forsona oss med kapitalismen på lang sikt. Difor må vi nytta *desse kampene* til å samla og organisera kreftene til proletariatet og folket og

hjelpa dei til å styrka seg politisk *med sikte på framtida, då eit stormløp mot heile det kapitalistiske systemet blir mogleg. AKP(m-l) må vera der massene kjempar.*

Dette krev at AKP(m-l) legg ned store krefter i dei store kampene under kapitalismen. Det fyrste kravet er at AKP(m-l) alltid stør dei kampene arbeidsfolk sjølve oppfattar som naudsynnte. Partiet får ikkje sjå på desse kampene ovanfrå og ned, og seia at dei er «uviktige samanlikna med dei revolusjonære måla partiet strir for.» AKP(m-l) må oppskja desse kampene, anten dei er små eller store, med det utgangspunktet at kommunistane skal tena folket sine interesser. Det er vår plikt å stø dei, og det er viktig for oss å lære av dei.

Men det duger ikkje om partiet berre blir eit passivt etterslep på den spontane rørsle. Innanfor rørsla må AKP(m-l) freista å gjera ho sterkare, breiare og med skarpere brodd mot reaksjonen. AKP(m-l) må stri for å vera den mest konsekvente krafta i masserørsle, den som representerer solidariteten i det arbeidande folket og dei langsiktige måla.

Dette krev at AKP(m-l) har ein demokratisk stil, spør folk om kva dei verkeleg meiner, høyrer på kritikk, rettar på feil og er viljug til å samarbeida med folk som er mot kommunistar. Det krev også at partiet nyttar vitenskaplege metodar for å undersøka situasjonen, etter kvart klarer å analysa og forutseia trekk i utviklinga av den norske kapitalismen, og gjennom det vann repsekt som ei naudsynt kjelde til kunnskap for dei som vil føra kamp.

c) AKP(m-l) må kjempa for reformer og mot reformisme.

Vi må utvikla ei line for klassekampen under kapitalismen som står i motstrid til den snevre reformismen som revisjonistpartia og sosialdemokratiet fører fram. Både vi og dei kjem med framlegg om reformer. Men dei ynskjer ikkje at arbeidsfolk skal kjempa for å tvinga reformene gjennom.

Dei ynskjer å hindra samanstøytar mellom arbeidsfolk og borgarskap. Og bryt slike kampar ut, vil dei borgarlege arbeidarløysane at dei ikkje skal ha sitkemaal ut over å skapa betringar innanfor det kapitalistiske systemet. Vi er for at arbeidsfolk skal kjempa så hardt som råd for reformer for å førebu tida då det blir mogleg å avskaffa kapitalismen.

For dei reformistiske leiarene er reformer eit middel til å spreia legalistiske illusjonar. Dei gir folk falske voner om at alt skal ordna seg ved milde gaver «ovanfrå» og utan kamp. Dei vil hindra arbeidsfolk i å skapa band til kvarandre og skipa ein landsfemnande kampfront for kampen mot klassefienden. Dei saboterer at arbeidarrane brukar slike kampmiddel som ramar klassefienden hardast og lettest gir siger. Dei er redde for politisk kamp og stort demokrati i masserørsle, fordi det trugar den politiske leiarskapen deira og kan føra til framgang for den revolusjonære politikken.

AKP(m-l) må stri hardt for reformer og ikkje undervurdera kampen for sjølv små ting som arbeidsfolk treng. Samstundes må partiet slåst mot ideane om at denne kampen tyder alt, og

at reformer kan *erstatta* den sosialistiske revolusjonen.

d) Kampen for å riva ned dei fremste, politiske forsvarsverka for borgarskapets diktatur i Noreg.

I Noreg i 1980 er det ikkje det borgarlege militærapparatet som hindrar folket i å oppretta sosialismen. No som før er valdsmakta kjernen i det borgarlege diktaturet. Men i dag er det *politiske middel* som borgarskapet i fyrste rekkje brukar for å herske over arbeidsfolk. Det er heile systemet av borgarleg demokrati og classesamarbeid som gjer at størstedelen av arbeidarklassen og folket *godtar* at monopolkapitalen har regjeringsmakta, eig produksjonsmidla og kontrollerer hæren.

Dette er dei fremste politiske forsvarsverka for borgarskapets diktatur i Noreg. Desse forsvarsverka er sette saman av både organisasjonar, institusjonar, propagandaorgan og tankar og idear. Alt dette knyter arbeidsfolk til borgarskapet, pregar det biletet det arbeidande folket har av samfunnstilhøva i Noreg, og får dei til å fylgja borgarskapet si politiske leining.

Sjølv ei revolusjonær krise treng ikkje automatisk føra til at dette systemet av organisatorisk og ideologisk borgarleg herredømme bryt saman. I staden kan det føra til at folket sin mistillit blir kanalisert slik at han berre rettar seg mot til dømes ei gruppe borgarlege politikarar eller ei gruppe imperialistiske makter, og skaper ei plattform for at ei anna gruppe borgarlege politikarar kjem til makta.

Dette tyder at AKP(m-l) må utvikla ein strategi og taktikk for å gå til åtak på dette systemet for borgarleg politisk herredømme, og så langt som mogleg riva det ned bit for bit, i perioden for revolusjonen kan ta til. Det er mogleg å føra dei store klassekampene slik at dei svekker folket sin tillit til dette apparatet på nokre punkt. Det er også mogleg å vinna sigrar i kampen mot borgarleg herredømme på delområde innanfor politikken, i kunsten, vitenskapen osv. Dette vil auka sjansane for at dei revolusjonære oppsvinget ikkje blir fanga opp innanfor kapitalismen, men i staden blir eit verkeleg stormløp mot borgarskapet sitt diktatur.

Når det gjeld å utvikla ein konkret politikk og taktikk for kampen mot borgarskapet sitt politiske herredømme, så har AKP(m-l) kome stutt.

e) AKP(m-l) må utvikla ein heilskapleg teori for kampen under kapitalismen i Noreg.

Situasjonen i klassekampen no (1980) er prega av at borgarskapet står relativt sterkt og monopolborgarskapet sitt herredømme er stabilt, medan klassekampen ikkje er så veldig utvikla, borgarleg politikk har sterk innverknad i store delar av arbeidarklassen og mellom arbeidsfolk elles, og kommunistane sine krefter er små.

AKP(m-l) treng ei strategisk og taktisk line som gjer det mogleg å på lang sikt styrka kreftene som er for sosialismen, styrka partiet, utvikla klassekampen og einskapen mellom arbeidsfolk, og gradvis svekkja dei kreftene som held monopolkapitalen sitt diktatur ved makta.

Dette krev ein rett analyse av borgarskapet sine sterke

og veike punkt, som syner kvar det er mogleg å setja inn framgangrike åtak ut frå styrkeforholda no.

Ein slik analyse kan vi ikkje finna ved å kopiera liner frå andre land eller frå norsk arbeidarrørsle før i tida. I Noreg i 1980 finst det mange nye ting som ikkje marxismen har undersøkt før.

AKP(m-l) byggjer på noko over ti års røynsle frå den nye kommunistiske rørsle i Noreg. Historisk er dette stutt tid. I 1980 har AKP(m-l) enno ikkje utarbeidd ein heilskapleg analyse og ferdig strategi og taktikk for kampen i den lange perioden før den sosialistiske revolusjonen.

Å skapa ein slik heilskapleg teori og politisk line er ei viktig oppgåve for den kommunistiske rørsle i Noreg i åra framover. Det krev at AKP(m-l) utviklar konkret politikk på mange nye delområde og føyer det saman i eit heile. Vi treng større kunnskap om Noreg, verda og bruk av marxismen. Vi må slå djupare røter i arbeidarklassen og folket, slik at vi kjenner tilhøva deira betre. Vi må få større røynsle ved å driva klassekamp og slåst i dei store politiske rørsle i Noreg.

Det vil krevja mange års revolusjonært arbeid og studiar før AKP(m-l) får løyst denne oppgåva. På dei sidene som kjem gir vi ei samanfating av dei hovudlinene AKP(m-l) har utvikla for dagskamp og klassekamp fram til 1980.

18. AKP(m-l) si line for dei store hovudområda for dagskampen.

a) Kampen mot den kapitalistiske utbyttinga.

Kapitalistane må alltid kjempa for å få størst mogleg profit. Dei vil pressa lønene ned, rasjonalisera for å auka arbeidstempoet, erstatta arbeidarrar med maskinar osv. Samstundes ynskjer dei å få attende mest mogleg av løna ved å skrua opp prisane, husleigene og skattar og avgifter, å skjera ned på fellesforbruket som er til føremon for arbeidsfolk, til dømes sjukehus, skular, dagheimar, trygder osv.

Mot desse åtaka må arbeidsfolk føra ein økonomisk forsvarskamp. Dette er ein viktig del av klassekampen. Oftast er dette *ikkje* ein kamp for betringar, men ein kamp *mot forverring*. Når verkeleg betring av levestandarden skjer, er det i samband med høgkonjunktur, produksjonsauke og ofte hard kamp. Slik auke kan kapitalistane ta attende ved å bruka inflasjon, skatteauke, rasjonaliseringar m.m. Løna til arbeidarrane svingar omkring verdien av arbeidskrafta. Løna i Noreg blir avgjort av dei arbeidarrane treng for å få betalt mat, klede, husvære, det det kostar å ha ungar og andre naudsynnte utgifter. Kapitalistane freistar å pressa denne summen *nedover*.

For nokre grupper av småbrukarar og andre arbeidsfolk blir inntekta til og med *mindre* enn det arbeidskrafta sjølv kostar. Det er også grunnen til at dei blir ruinerte i stort omfang.

Vi kommunistar stør den økonomiske kampen. Under kapitalismen er vi for at arbeidsfolk har slik løn og slike arbeidstilhøva at dei kan halda oppe liv og helse og få overskot til intellektuelt arbeid, kulturverksemd og idrett, til å utdanna

seg, organisera seg og driva politisk kamp. Vi er mot nedskjeringar av dei sosiale goda. Til dømes krev vi utbygging av skulevesenet fordi proletariatet treng kunnskap for å bryta det borarlege monopol på kunnskap. Under kapitalismen spreier skulane borgarleg ideologi, men det viktigaste er at dei er naudsynnte for å spreia kunnskap som arbeidsfolk treng.

Under kapitalismen krev kommunistane arbeid til dei arbeidslause og trygd så lenge det ikkje finst arbeid. Berre sosialismen kan gjera slutt på all arbeidsløysa, men arbeidarklassen må like fullt slåst mot den arbeidsløysa som finst no.

Vi er mot at småbøndene, fiskarane i eigen båt og andre allierte til arbeidarklassen blir ruinerte av monopola. Vi er mot at lønene blir pressa ned for dei småborgarlege funksjonærane. Partiet til proletariatet er med i klassekampen som desse gruppene fører fordi desse gruppene er arbeidsfolk, og fordi kampene deira knyter dei nærare til proletariatet.

Samstundes kjempar partiet mot idear om at dei økonomiske kampene kan skapa noka «trygg» økonomisk stilling for arbeidsfolk. Historiske røynsler syner at ingen av sigrane til proletariatet og andre arbeidsfolk er meir flyktige enn nettopp sigrane i økonomiske kampar.

Streik var ei viktig form for klassekamp i Noreg i 70-åra. Men borgarskapet kan leva godt med mange streikar og svære lønspålegg. Streiken tar sikte på å hindra at utbyttinga blir større, eller på å gjera ho litt mindre, streik tar ikkje sikte på å avskaffa utbyttinga. Ingen kan «streika seg til sosialismen». Difor sa også Lenin at streik er «ein skule i krig, men ikkje sjølve krigen». Når streikar kan vera viktige for kampen for sosialismen, så er det fordi dei skjerpar misnøya med kapitalismen og vekkjer idear om sosialismen blant arbeidarrane.

I økonomiske streikar og andre økonomiske kampar er det lina til partiet å framheva og utvikla den *politiske* sida. I Noreg i 1970-åra vart mange økonomiske streikar politiske. Dei måtte trasse tvangsreglane til staten og kjempa mot opportunistane i leiinga i fagrørsle. Å streika og solidarisera seg med streikande, vart difor eit *politisk standpunkt*. Innanfor streikerørsle må kommunistane kjempa for å utvikla klassekjensla, styrka organiseringa av arbeidarrane og demokratiet i fagrørsle, styrka den politiske forståinga og tendensen til oppgjer med borgarleg arbeidarrpolitikk. Fører streikerørsle til framgang på desse områda, så er det enda viktigare enn dei økonomiske resultatane.

b) Kampen mot monopola si øydelegging av natur og menneskeleg miljø.

Under kapitalismen tyder utviklinga av produktivkreftene samstundes auka fare for øydelegging av naturen og det menneskelege miljøet. Det kjem av at monopola nyttar slike enormt kraftige produktivkrefter berre for å få størst mogleg profit. Profiten kan skruast i veret gjennom sløsing med naturlege råmateriale som monopola får billeg eller gratis, til dømes luft, vatn og jord, og ved utslepp av avfall, varme osv. som får skadeverknader som mo-

nopola slepp å betala for. Det gir maksimal profitt å utnytta ei råvare, til dømes olje eller fisk, så snøgt som mogleg, for så å flytta kapitalen til eit nytt område når føresetnadene for vidare produksjon er oppbrukte eller øydelagde.

Dei veksande problema med øydelegging av natur og miljø er eit uttrykk for den skjerpa motseiinga mellom den samfunnsmessige karakteren til produktivkreftene og dei private kapitalistiske eigedomss- og tileigningstilhøva. Øydelegging av natur og menneskeleg miljø får økonomiske skadeverknader, men dei er det ikkje den ein-skilde kapitalisten som må betala for. Difor er det naudsynt å løysa denne motseiinga ved at slike produktivkrefter blir samfunns-eige.

Mange skadeverknader har ein karakter som ikkje kan målast i pengar, fordi skaden skjer på slikt som berre har bruksverdi, men ikkje pengeverdi, til dømes luft eller vatn. Mange skader på menneske eller menneskesamfunn kan heller ikkje målast i pengar. Difor er den langsiktige løysinga av desse problema avhengig av at produksjonen blir lagt om slik at målet ikkje er å tena mest mogleg pengar, men å tena menneska sine interesser best mogleg. I fyrste omgang tyder det sosialisme, på lang sikt kommunisme og avskaffing av all vareproduksjon.

Kampen som utviklar seg i Noreg mot skader på natur og miljø, tar sikte på å hindra dei verste skadeverknadene under kapitalismen. Dette er også naudsynt. Det er ei form for klassekamp der proletariatet og andre arbeidsfolk går i brodden fordi det er dei desse øydeleggingane går mest utover. Når borgarlege personar og grupper også tar del i denne kampen, så er det uttrykk for kor skarpe desse motseiingane er blitt, og til fordel for proletariatet.

Rørsla rundt desse spørsmåla er historisk progressiv. I Vesten har det utvikla seg ulike tendensar innanfor denne rørsla. Nokre av dei inneheld reaksjonære trekk, vil retta kampen mot vitenskap og teknologi og mot samfunnsmessige produksjonsmiddel. Det er likevel feil å gjera dette til hovudsida. Det er ikkje reaksjonær maskinstorming når massane kjempar for at utviklinga av produksjon, transport osv. skal ta omsyn til natur og menneskeleg miljø. Tvert om: Det er til fordel også for ei historisk rett utvikling av produksjonen, som gir størst mogleg utbytte for menneskesamfunnet over ein lang periode, og som ikkje øydelegg grunnlaget for produksjon og menneska sjølve for å vinna kortsiktig superprofitt.

Dei farlegaste trugsmåla mot natur og miljø kjem frå dei største monopola, statsmakta og dei imperialistiske supermaktene, fordi det er dei som har finanskapital til å utvikla dei største og kraftigaste samfunnsmessige produksjonsmidla. Til dømes er det store private monopol og statsmonopol i land som Vest-Tyskland og USA som kjempar for å byggja svære system av atomkraftverk, utan at teknologien for å gjera dei sikre er utvikla. Det største statsmonopolet i verda, det sovjetiske, har ein større plan for bygging av atomkraftverk enn noko anna stort land, og desse

kjernekraftverka er også dårlegare sikra enn i dei fleste andre land. Det er dei største kapitalistiske tråleigarane som uttrydder fiskestammene i Nord-Atlanteren for å få kortsiktig profitt, no med den sovjetiske statsreiarverksemda i spissen. I Noreg er det statsmonopolkapitalen og dei største private kapitalgruppene som vil driva opp tempoet i oljeutvinninga i Nordsjøen. Dette gjer at rørsla også fører til konfrontasjonar mellom dei breie folkemassane og monopola, statsmakta og supermaktene. Kommunistpartiet må ta del i denne kampen fordi han er naudsynt for arbeidsfolk under kapitalismen. Samstundes gjer han det mogleg for marxistane å syna i praksis den menneskefiendtlige karakteren til kapitalismen og korleis statsmakta er ein reiskap for profittinteressene til dei største monopola. Det er eit argument for marxismen og mot revisjonismen at sosialimperialismen er den mest reaksjonære makta i verda når det gjeld øydelegging av natur og miljø. AKP(m-l) har ei stor oppgåve i å syna at problema i natur og miljø må løysast ved at samfunnet tar over produksjonsmidla, og at rørsla rundt desse spørsmåla derfor objektivt syner at sosialismen er naudsynt.

c) Kampen for dei borgarleg-demokratiske rettane

Det borgarlege demokratiet i Noreg er ei særskild form for borgarskapets diktatur.

Formelt finst det talefridom, pressefridom, organisasjonsfridom, rett til å røysta på fleire parti ved val. Desse rettane finst, nettopp fordi monopolborgarskapet meiner at eit borgarleg-demokratisk system er det systemet som best sikrar at monopola kan halda på den verkelege makta over kapitalen og militærapparatet.

Om dette systemet ikkje lenger verkar bra for herskarane, er dei fullt ut førebudde på å underkua arbeidarklassen med blodig vald. Difor finst det hemmelege kupp-planar, militærapparatet driv øvingar mot «indre fiendar», det vert oppretta terror-styrkar i politiet, det finst eit fascistisk etterrettingsvesen retta mot revolusjonære og progressive osb. Om monopola finn at det er naudsynt, vil dei innføra fascisme, gjennomføra massearrestasjonar og massedrap for å verna om diktaturet sitt.

Dei borgarleg-demokratiske rettane blir nytta til å kamuflera diktaturet til monopola. Mange av dei gjeld også meir på papiret enn i røynda, eller dei gjeld berre for borgarleg opposisjon og ikkje for arbeidsfolk. Ytringsfridomen er avhengig av at du får sleppa til i aviser og kringkasting, og av at du ikkje seier noko som kan gjera deg svartelista og arbeidslaus. Streikar og demonstrasjonar er blitt møtte med vald, medan fascistar fullt legalt får førebu valds-handlingar mot arbeidsfolk. Framandarbeidarar blir i stort omfang nekta rettard dei skulle ha etter lova osb.

Samstundes er dei borgarleg-demokratiske rettane som finst, svært viktige for arbeidsfolk. Dei fridomane som arbeidarklassen og det arbeidande folket har i Noreg i 1980 er vunnne gjennom meir enn 100 år med hard strid og med offer, til

og med blod. Historia viser at det er ei viktig kampopp-gåve å halde fast på dei, gå imot at dei blir innskrenka av borgarskapet og stri for at dei blir utvikla vidare. Fridomar som arbeidsfolk ikkje strir for, går tapt.

Dei demokratiske fridomane og rettane er til fordel for arbeidsfolk av di dei gjer det mykje lettare for folk å organisera seg, diskutera og kjempa. Dei er òg til fordel for kampen for sosialismen, fordi dei gjer det lettare å byggja opp ei revolusjonær arbeiddarrørsla. AKP(m-l) må delta i og freista å leia striden for dei borgarleg-demokratiske rettane, fordi dei er naudsynte både for heile det arbeidande folket og for å utvikla partiet sjølv.

Kommunistane må utnytta dei sjansane som finst til å mobilisera for at dei borgarleg-demokratiske rettane skal bli utvida. Striden mot yrkesforbod er ein defensiv strid mot svartelisting, men er samstundes ein offensiv strid for å styrka talefridomen til radikale arbeidarar og andre på jobben og i fagrørsla. Striden for kvinnefrigjering er mellom anna ein strid for at kvinner fullt ut skal få alle dei borgarleg-demokratiske rettane som menn har. Forsvarskampen til det samiske folket er også ein strid for at den samiske nasjonen skal få særrettar i forhold til den norske staten, altså for demokratisk sjølvråde for den samiske nasjonen. Dette er nokre døme på at det er naudsynt å kjempa for utvida borgarleg-demokratiske rettard.

Samstundes må kommunistane kjempa mot idear om at det går an å utvida desse rettane slik at det borgarlege demokratiet vert eit verkeleg demokrati og borgarskapet må gi frå seg makta til arbeidarklassen utan valdeleg kamp. Kampen for demokratiske rettard blir nytta av revisjonistar og sosialdemokratard til å spreia trua på «fredeleg overgang» og at «fascismen er noko som aldri kan råka oss i Noreg».

AKP(m-l) må visa at fascismen er eit produkt av dei imperialistiske monopola. Monopola har planar for overgang til fascisme også under det borgarlege demokratiet i Noreg. Monopola vil freista å driva gjennom *fascisering*, utholing av dei borgarleg-demokratiske rettane steg for steg. Dei byggjer opp fascistiske organ innanfor staten, oppmuntrar private fascistiske mordarbandar og driv propaganda for fascisme og anti-kommunisme.

Den mest aggressive og reaksjonære imperialistiske makta, Sovjetunionen, er også den største fascistiske staten i verda og den imperialistmakta som støttard opp om flest fascistregime rundt om i verda.

Røtene til fascismen kan berre bli utrydda når imperialismen og kapitalismen blir utrydda. Men om det borgarlege demokratiet i Noreg blir truga av eit fascistisk kupp, vil AKP(m-l) kjempa saman med alle krefter som er viljuge til å forsvarda det borgarlege demokratiet, av di det er eit *mindre vonde* enn ope fascistisk diktatur.

Det beste vernet det arbeidande folket kan få mot eit fascistisk kupp, er om det sjølv har våpen og reiser seg mot fascistane. Tyskland 1933, Indonesia 1965 og Chile 1973 er døme på kva som kan skje med arbeidsfolk som ikkje er budde til å reisa seg

med våpen mot fascistiske kupp. Det er ei viktig oppgåve for kommunistane å slåst mot illusjonar om at det er mogleg å kjempa mot fascismen berre med fredelege middel.

I kampen for dei demokratiske rettane er det heilt naudsynt å avgrensa seg frå dei sosialimperialistiske moderne revisjonistane. Vi kan ikkje få tillit i kampen for demokratiske rettard i Noreg om vi ikkje tar avstand frå verdas største fasciststat Sovjet. Det ville vera som å gå imot fascisme i Noreg og samstundes stø Hitler i nazi-Tyskland.

d) Kampen mot imperialismen

Noreg er eit lite land og eit offer for imperialismen. Samstundes er Noreg sjølv eit imperialistisk land, og den kapitalistiske norske økonomien dreg fordel av det imperialistiske økonomiske verdssystemet. Dette krev at det arbeidande folket og kommunistane kjempar mot imperialismen på mange frontar.

— *Kamp for å forsvarda Noreg mot sterkare imperialistmakter.* Arbeidarklassen og folket har ei stolt historie med å verja det nasjonale sjølvstendet mot dei freistnadene større imperialistmakter har gjort på å leggja Noreg under seg. Kampen mot den tyske fascismen 1940—45 er det mest strålende dømet. Nei-fleirtalet i folkerøystinga om EEC i 1972 viser også den sterke patriotismen til det norske folket.

I dag kjem det farlegaste trugsmålet mot det norske sjølvstendet frå dei to supermaktene Sovjet og USA. USA har gjennom mange år bygd opp sterke posisjonar i Noreg, men i 70-åra vart det tydeleg at hovudfaren er Sovjet. Det er naudsynt å styrka vaktsemda mot denne faren, protestera mot ytre politisk og militært press og mot freistnader på indre infiltrasjon. Middel i denne kampen er demonstrasjonar og protestar, kamp for å bryta ned dei sambanda sosialimperialismen har med den norske fagrørsla osv. Samstundes er det naudsynt å stilla krav til den borgarlege regjeringa, krevja at ho ikkje skal gi etter for press, at ho skal handheve suvereniteten over Svalbard, protestera mot militærøvingar og grensekrenkingar. Det er også viktig å styrka det norske statlege sjølvstendet i forhold til USA, og bryta dei utvegane USA har til å kontrollera den norske hæren gjennom NATO.

Samstundes må AKP(m-l) seia ope ifrå om at hersarklassen i Noreg er eit imperialistisk borgarskap som aldri kan bli nokon pålitande forsvarar for nasjonen. Dei kan forsvarda nasjonen når dei ser seg tente med det, men dei vil lett kapitulera for press, og i andre høve underordnar dei seg friviljug sterkare imperialistmakter når dei reknar med å tena på det.

Delar av monopolborgarskapet kapitulerte for Hitler. Då USA var på offensiven, underordna dei seg USA og melde Noreg inn i NATO. Dei freista å melde Noreg inn i EEC. Det er òg mogleg at dei vil gi etter for eit kraftig ytre press frå sosialimperialismen. Om regjeringa gjer noko som verkeleg tenner Noreg sine interesser mot ei supermakt, vil AKP(m-l) stø det. Men AKP(m-l) må visa folket at det òg er mogleg at monopola og staten vil svika og selja

Noregs nasjonale sjølvstende.

Det imperialistiske norske monopolborgarskapet er ingen nasjonal klasse. For monopola er spørsmålet om nasjonale interesser noko som vert avvogd etter styrketilhøva, av kva monopola trur vil løna seg.

Dei verkelege patriotane i Noreg er berre dei som ikkje er viljuge til å handla med sjølvstendet. Fyrst og fremst er det arbeidsfolk av norsk og annan nasjonalitet. Berre dei er verkeleg konsekvente forkjemparar for Noregs sjølvstende mot sosialimperialismen, USA-imperialismen og annan framand imperialismen.

Under kapitalismen er det betre at Noreg er eit sjølvstendig kapitalistisk land enn at det er ein vasall eller okkupert. Difor kjempar arbeidsfolk for sjølvstendet under kapitalismen. Samstundes må kommunistane gjera det klart at det einaste som kan driva supermaktene ut av Noreg og verkeleg tryggja det norske sjølvstendet, er at «arbeidarklassen konstituerer seg sjølv som nasjon» (Marx og Engels, Det kommunistiske partis manifest), og skipar eit sosialistisk Noreg.

— *Kamp mot norsk imperialismen.* Arbeidsfolk i Noreg må kjempa mot den imperialismen som monopola i Noreg driv. AKP(m-l) må freista å leia arbeidarklassen i kamp mot den utbyttinga norske monopol driv av andre folk. Det vil mellom anna seia å stø konfiskering av norsk imperialistisk eigedom i utlandet, stø streikar i verksemdar i norsk eige, og stø slik økonomisk utvikling som norske monopol vil hindra av di ho tevlar med dei på verdsmarknaden, t.d. i shipping.

Det vil seia å stø det samiske folkets kamp mot norsk imperialistisk underkuing i Noreg (sjå AKP(m-l)s sameprogram). Det vil seia å slåst mot rasisme og norsk sjåvinisme i Noreg, og stø framandarbeidarar og nasjonale minoritetar som vert utsette for nasjonal underkuing.

— *Støtte til dei underkua folka som kjempar mot imperialismen.* Arbeidarklassen i dei imperialistiske landa kan aldri bli frie utan å stø dei underkua folka som slåst mot imperialismen. Det trengst solidaritetsrørslar som stø frigjeringskamp, folkekrig og underkua statar som prøvar å vinna større sjølvstende. Det er ei proletarisk-internasjonalistisk plikt for AKP(m-l) å stri for å utvikla solidariteten frå det norske arbeidande folket med arbeidande og underkua i heile verda, med den tredje verda, med verkelege sosialistiske land, med folka i underkua kapitalistiske land som i Aust-Europa, med arbeidsfolk i klassekamp overalt og med dei som er underkua i dei to supermaktene sjølve.

I dette arbeidet må partiet stri for å få størst mogleg støtte i det arbeidande folket. Samstundes må partiet også arbeide for at borgarlege grupper og den norske regjeringa tar rett stilling i kampar mellom underkua folk og større imperialistmakter.

For å skapa ein sterkast og breiast mogleg front, må kommunistane gå inn for å skipa einskap på eit avgrensa grunnlag. Samstundes må ikkje AKP(m-l) løyna at vi stø denne kampen som ein lekk i striden for å styrta imperialismen på heile jorda og føra sigeren nærare

for sosialismen i alle land, Noreg irekna. Kommunistane må nytta lærdomane frå frigjeringsrørslene til å forklara at om Noreg vert overfalle, må folket her fylgja den same vegen og frigjera seg med våpen i hand.

I Noreg i 1980 er AKP(m-l) det einaste konsekvente anti-imperialistiske partiet, for det er berre AKP(m-l) som går imot begge supermaktene og all imperialismen, norsk imperialismen og sjåvinisme irekna. AKP(m-l) er det einaste konsekvente internasjonalistiske partiet, for det er berre AKP(m-l) som stø kampane mot begge supermakter, mot andre imperialistmakter og dei kampane som samane og andre fører mot norsk underkuing. AKP(m-l) vil verja det norske sjølvstendet både mot supermaktene og mot andre framande imperialistmakter.

Dei borgarlege partia som finst i Noreg i 1980 er knytte med ulik styrke til ulike supermakter. DNA og dei to revisjonistiske partia stø seg på USA eller på Sovjet. Om dei som stø seg på Sovjet vil stø kampen mot imperialismen til USA, vil dei samstundes sabotera kampen mot sosialimperialismen.

Kampen mot imperialismen kan ikkje lukkast utan at anti-imperialistane samstundes fører kamp mot dei pro-imperialistiske straumdragar i arbeiderklassen. I Noreg tyder det at det er særleg naudsynt å slåst mot den pro-sovjetiske revisjonismen.

19. AKP(m-l)s line for den politiske kampen under kapitalismen.

a) *Kampen i fagrørsla* Fagrørsla må vera eit hovudområde for arbeidet til AKP(m-l). Fagrørsla er den viktigaste masseorganisasjonen i Noreg, og organiserer eit fleirtal av industriarbeidarane og eit stort tal arbeidarar og arbeidsfolk elles. At arbeidarklassen har ei lang historie og stor røynsle i fagleg organisering er ei viktig og sterk side ved arbeidarklassen i Noreg. På den andre sida er fagrørsla under leing av borgarlege politikarar, og den offisielle lina hennar er å driva klasse-samarbeid. Fagrørsla er hovudstøtta til det største og viktigaste borgarlege partiet i Noreg, DNA. Difor verkar fagrørsla no også som eit av dei viktigaste midla til å stabilisera borgarskapets herredøme i Noreg.

Sosialimperialismen ser fagrørsla som eit hovudmål for politisk infiltrasjon i Noreg. I denne situasjonen må AKP(m-l) kjempa for at klubbar og fagforeiningar stø ei klassekampline, utviklar det indre demokratiet, slåst mot fagleg byråkratisering og imperialistisk infiltrasjon, og utviklar den politiske diskusjonen. Dette er innhaldet i ei revolusjonær fagleg line no.

Det sosiale grunnlaget for DNA-leingas herredøme over fagrørsla er arbeidararistokratiet. Det er naudsynt å føra ein langsiktig strid for å ta makta frå arbeidararistokratiet og gi ho tilbake til dei vanlege medlemene i fagrørsla. Føresetnaden for det er at dei vanlege medlemene vert mobiliserte i fagleg kamp for sine interesser, slik at dei ikkje er likegyldige til korleis fagforeiningane vert leidde. Vidare er det ein føresetnad at

stilen med demokratisk informasjon blir utvikla, diskusjon og verkeleg demokratiske val, slik at medlemene blir høyrde og dei får vekk tillitsmenn som ikkje tener deira interesser.

Å kjempa mot innverknaden til arbeidararistokratiet er ikkje å kjempe mot alle tillitsmenn og alle som sit på kontor. Fagrørsla treng tillitsmenn og funksjonærar. Det er også slik at mange som høyrer til det byråkratiske sjiktet i fagrørsla vil stø klassekampar eller i det minste krav frå arbeidarane eit stykke på veg. Det er rett å samla alle i fagrørsla som på eitt eller anna vis vil stø ei klassekamp, og det er rett at arbeidarane nyttar alle motseiingar til fordel for grunnplanet. Kampen mot byråkrati og mot særrettane til arbeidararistokratiet kan berre vinna fram litt etter litt. No finst det ingen føresetnader for nokon storoffensiv frå arbeidarane som raskt kan bryta ned heile privilegysystemet i fagrørsla.

Under norske forhold kjempar kommunistane mot at fagforeiningane stør eit særskilt politisk parti. Arbeidarane er spreidd over mange parti, og det er best for klassekampen om fagrørsla samlar dei til felles kamp same kva parti dei soknar til. Difor bør ikkje fagforeiningane einssidig seia at dei stør eitt parti, heller ikkje AKP(m-l). Det er naudsynt å kjempa for at fagforeiningane skal vera kollektivt innmelde i DNA, og mot at dei som organisasjonar stør DNA i val eller med pengar.

Samstundes er vi for at fagforeiningane tar stilling til politiske spørsmål. Arbeidarane har tradisjonelt drøfta politiske spørsmål i fagrørsla og vedteke politiske resolusjonar. Slik vert fagrørsla eit stort demokratisk forum for proletariatet der det lærer om politikk og slår mot borgarskapet og imperialismen gjennom politiske vedtak. Lina med å nektja fagrørsla å diskutera politikk er borgarleg og typisk for leiinga i revisjonistpartia og sosialdemokratiet, for dei ynskjer å knebla arbeidar-klassen og hindra han i å interessera seg for anna enn dei nære brodkrava.

Dei revolusjonære må vera i fagforeiningane, jobba bra med rettmessige krav der, utvikla ein demokratisk stil og sameina seg med dei andre arbeidarane i felles kamp. Ei revolusjonær line i fagforeiningane no er ikkje å gå inn for at fagrørsla skal setja revolusjon på programmet, for berre eit lite mindretal kan stø det. Ei revolusjonær line er å leggja hovudvekta på å utvikla kampen om saker det store fleirtalet av arbeidarar kan stå saman om. På dette grunnlaget vil arbeidar-klassen steg for steg kunna gå i ei retning som i røynda tener kampen for sosialismen.

Kampen mot dei borgarlege partia i fagrørsla må ikkje først av kommunistane som ein snever partikamp der kommunistane går til åtak på alle medlemmer og tilhengjarar av desse partia. Kommunistane må gå inn for einskap på sak på eit rett grunnlag med alle som vil det, anten dei er partilause eller medlemmer i eit slikt parti. Om denne kampen blir ført rett, vil arbeidarane ta stilling mot den konkrete politikken dei borgarlege arbeidarleiarane fører. På det grunnlaget kan det òg bli mogleg å isolera dei som hardnakka vil forsvara ei slik politisk line i fagforening-

gane, og svekkja dei borgarlege partia i fagrørsla.

b) Einskapsfront og alliansepolitikk

I det kapitalistiske Noreg finst det mange forskjellige klassar og sjikt med ulike interesser. Det finst mange politiske tendensar, organisasjonar og ulike parti. Arbeidar-klassen sjølv er splitta i mange ulike tendensar. Utgangspunktet for AKP(m-l) er at partiet i starten er lite, og berre ein liten del av arbeidar-klassen stør medvite ei klassekamp.

Under slike forhold kan det ikkje tenkast at revolusjonen sigrar heilt enkelt ved at eit fleirtal sluttar beinveges opp om AKP(m-l) og seier seg samd i heile programmet til partiet. I de aller fleste kampane på førehand kan ein heller ikkje få framgang dersom kampen berre skal først av dei som stør AKP(m-l).

Det er eit absolutt krav at partiet utviklar politikk for einskapsfront.

Det er naudsynleg å utvikla steg for steg einskapen i arbeidar-klassen sjølv, utan omsyn til partitilknytning, motsetningar i politisk syn, religion, nasjonalitet osv. Det er også naudsynt å utvikla einskapen mellom arbeidar-klassen og andre arbeidsfolk, som småbrukarar, arbeidande fiskarar, lågare funksjonærar, vanlege intellektuelle, småhandelsfolk og fleire.

Denne fronten vil ikkje ta forma av ein einskild organisasjon. Han vil ta form både av ulike organisasjonar og av felles rørsle: at det blir vanleg med sams handling og gjensidig solidarisk støtte. Einskapsfronten er både organisasjon, handling og idé.

Det er også naudsynt å utnytta motsetningane mellom borgarlege grupper, i staten og mellom ulike monopol. Dersom borgarlege einskildpersonar eller ei borgarleg gruppe er viljug til å stø ein massekamp mot andre borgarlege grupper, er det rett av arbeidsfolk og kommunistar å dra nytte av det og laga alliansar i denne saka om det er mogleg. Det kan til dømes gjelda eit spørsmål som norsk støtte til ei frigjeringsrørsle eller forsvar av Noregs nasjonale sjølvstende, eller det kan gjelda spørsmål som rasing av ein arbeidarbydel eller nedlegging av ei industrigrein.

Det er gale å behandla alle borgarlege retningar og parti som ei reaksjonær blokk. For det fyrste er det ikkje sant. Nokre er for borgarleg demokrati, nokre er for fascisme. Nokre er for sosialimperialismen, andre er imot. Nokre er sterkt påverka av at dei har støtte frå arbeidsfolk, andre ikkje. Difor er nokre svært reaksjonære, andre ikkje så reaksjonære. For det andre treng arbeidsfolk å spela på motsetningane mellom dei for å vinna fordelar for seg sjølve. Om eit parti er for å leggja ned sjukehuset i byen og eit anna er imot, så gjer arbeidsfolk rett i å utnytta det i kampen for sjukehuset.

Kommunistane må utvikla ein politikk for å byggja einskapsfronten mellom arbeidsfolk, og for å smidig utnytta motsetningane mellom ulike krefter til å danna slike alliansar som tener arbeidar-klassen. Dette krev at kommunistane strevar for å utvikla stort demokrati blant arbeidsfolk der folk seier meininga si, kjem med framlegg og gjer vedtak om kva som skal gjerast. Det er berre slikt stort demokrati

som kan gi folk tillit til at einskapsfronten verkeleg vil tena deira interesser og ikkje vil bli styrt mot deira vilje, heller ikkje av AKP(m-l). Det inneber at AKP(m-l) må godta kritikk, tola at folk er usamde med partiet og freista å vinna fleirtalet gjennom overtving, og godta det om eit fleirtal eventuelt går imot vårt syn. Kommunistane må også læra å ikkje slå like hardt mot alle borgarlege personar og grupper, men konsentrera slaga mot dei mest reaksjonære, og vera opne for samarbeid med andre.

c) Parlamentarisk kamp

Marxistane veit at parlamentariske forsamlingar under kapitalismen berre er ein kamuflasje for borgarskapets diktatur. Likevel kan ikkje kommunistane i Noreg i 1980 nøya seg med å hevda at storting, fylkesting og kommunestyre berre er svindel.

Storparten av arbeidar-klassen og det arbeidande folket trur på desse organa og på vala. Det som skjer der og valkampen får mykje merksemd. For å gjera desse organa til eit effektivt dekkje for den verkelege makta, har borgarskapet også late organa få ein del verkeleg makt. Sjølv dei som er skeptiske og ikkje trur på kommunestyre eller Storting, veit at ein del viktige avgjerder skjer gjennom røystingane der. Dette gjeld til dømes skattespørsmål, forsvarsløyvingar, plassering av ein del industri, avgjerder om trygder, demokratiske fridomar, retten til abort osv. Sjølv om det ikkje er her den verkelege vaktasit, er ikkje desse avgjerdene likegyldige for arbeidsfolk.

Om dei revolusjonære berre fordømer desse organa og boikottar vala til dei, så vil dette likevel ikkje svekkja trua på det borgarlege demokratiet.

Difor må AKP(m-l) etter evne ta del i valkampen og søkja å få kommunistar, sosialistar og klassekjemparar inn i dei parlamentariske organa. Dette er naudsynt for å nytta valkampen og den merksemda det parlamentariske arbeidet får til å spreia revolusjonær politikk. Parlamentet må, som Lenin sa, brukast som ein talarstol.

Samstundes kan ikkje det parlamentariske arbeidet bli avgrensa til demonstrasjonspolitikk. I saker der kommunistar og progressive representantar verkeleg kan sela ei avgjerande rolle, må dei arbeidder for å mobilisera massane, stilla gode framlegg, bruka dei indre taktiske opningane i dei parlamentariske forsamlingane for å få progressive framlegg vedteke når det er mogleg.

Arbeidet for å stilla framlegg som tener interessene til arbeidsfolk er eit middel for å driva propaganda og utvikla klassekampen. Det gjer det lettare å utvikla ein allsidig politisk taktikk for mange sider av klassekampen under kapitalismen, og det kan også letta arbeidet for å skapa nokre alliansar.

Når kommunistar og andre progressive ber fram slike framlegg som arbeidsfolk sjølve kjem med, vil berre eit fåtal av dei kunna gå gjennom. Dei verkeleg store sakene, dei som gjeld arbeid, lønningar, nasjonalt sjølvstende osv. blir for det meste avgjorte av monopola uavhengig av kva som skjer i parlamentet.

Revolusjonært arbeid i dei

parlamentariske organa er no ein naudsynt del av den prosessen arbeidsfolk i Noreg må gjennom om dei skal mista trua på det borgarlege demokratiet. Sosialdemokratane i DNA og SV-leinga har også ei hovudstøtte i representantane her. For å avsløra politikken deira for arbeidsfolk, er det naudsynt at dei revolusjonære kjem inn og viser i praksis at desse partia svik dei framlegga som arbeidsfolk sjølve går inn for.

No er det difor ein naudsynt del av kampen for revolusjon i Noreg at dei revolusjonære stiller til val.

d) Marxistisk samfunnskritikk og teoretisk kamp under kapitalismen

I tida før revolusjonen blir mogleg må marxistane utvikla klassekampen i teorien. Dei må avsløra borgarleg og reformistisk politikk på ulike område. Dei må arbeidder for å utvikla ein overtvingande marxistisk samfunnskritikk som viser kvifor kapitalismen i Noreg og i verda må gå under, og kvifor det er nødvendig at sosialismen må sigra.

Historiske røynslar syner at ei rørsle som er talmessig lita og veik, kan vinna store teoretiske kampar mot den herskande klassen og undergrava det herredømet han har over teorien om samfunnet. Det krev at dei revolusjonære gjer grundige undersøkingar og skaffar seg skikkelege kunnskapar. Ein slagkraftig marxistisk samfunnskritikk må byggja på fakta og på å leggja fram prov, det duger ikkje å koma med allmenne erklæringer om at kapitalismen er roten.

Dette krev:

— AKP(m-l) må organisera medlemene og sympatisørane sine til å læra seg til å kjenna og bruka marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking.

— Partiet må organisera store studiar og stor debatt om kapitalismen i Noreg og Noregs stilling i verda, dra slutningar ut av det og utvikla ein sjølvstendig marxistisk samfunnskritikk for norske forhold.

— AKP(m-l) må aktivt oppsøka diskusjon og polemikk med borgarlege politiske retningar og representantar for borgarlege teoriar om samfunnet, både dei som står for eit tradisjonelt borgarleg syn, og sosialdemokratrar og revisjonistar.

Skal kommunistane ha gjennomslagskraft med den marxistiske samfunnskritikken sin, er den fyrste føresetnaden at han svarar til røynda, at han er sann.

Difor må marxistane setja respekt for sanninga sentralt i det teoretiske arbeidet sitt. AKP(m-l) må læra å retta opp feil og gå ifrå ranget standpunkt, ikkje gjera seg til autoritet der partiet manglar kunnskapar og vedgå at politiske motstandarar har rett der det vert ført prov for det.

For å utvikla ein marxistisk samfunnskritikk i Noreg er det naudsynt å føra skarp kamp mot revisjonisme og annan borgarleg politikk fkledd som sosialisme. Grunnlaget for denne kampen er at marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking i hovudsak samsvarar med røynda. Difor er det rett å forsvara hovudtrekka i denne teorien. Samstundes må vi vakta oss for dogmatisme i forsvaret av marxismen. Det vil hindra marxistane i å studera marxismen sjølvstendig og kritisk og i å kvitta oss med synspunkt som utviklinga syner er feil.

og utvikla marxismen vidare der det er naudsynt.

Slagkraftig samfunnskritikk og framgangsrik teoretisk kamp krev at AKP(m-l) utviklar eige vitenskapleg arbeid og kunstnarleg verksemd, og lærer av det vitenskaplege og kunstnariske arbeidet som dei breie massane av intellektuelle og arbeidsfolk elles gjer.

Kommunistane må kjempa for at kunnskap vert tilgjengeleg for flest mogleg og at det vert best moglege høve til å driva vitenskapleg og kunstnarisk arbeid under kapitalismen. Intellektuelt arbeid, både av intellektuelle, arbeidsfolk og andre, gjer at det arbeidande folket får betre grunnlag til å forstå kva som styrer den historiske utviklinga, og set arbeidsfolk betre i stand til å ta makta i Noreg. Det intellektuelle arbeidet skapar også eit fond av kunnskapar som marxistane har nytte av når dei analyserer samfunnsutviklinga i Noreg. Det skaper eit grunnlag for revolusjonær kommunistisk samfunnsvitenskap og kunst, som er mektige våpen for proletariatet mot borgarskapets intellektuelle herredøme.

AKP(m-l) må arbeidder for å gjera partiet sjølv til ein bra arbeidsplass for intellektuelt arbeid der det blir samla informasjon, blir studert marxisme og der det er lett å driva vitenskaplege undersøkingar og laga revolusjonær kunst. AKP(m-l) må samstundes arbeidder for å støtta den breie kulturrørsla i det arbeidande folket. AKP(m-l) må òg arbeidder for å støtta den progressive rørsla blant intellektuelle, forskarar, kunstnarar, lærarar og studentar, driva revolusjonært arbeid blant dei og sjølv læra av kunnskapane deira. Den revolusjonære arbeidarrørsla må ikkje gjera den feilen å nedvurdera dei intellektuelle, for dei er berarar av ei veldig kunnskapsmengd som er viktig for det kapitalistiske samfunnet. Og arbeidar-klassen treng kunnskapane deira og støtte frå dei om han skal sigra i kampen for sosialisme.

Utviklinga i Noreg i 1970-åra synte at på nokre område som galdt samfunnskritikk, ideologi og kunst var det mogleg for kommunistane og andre progressive å retta harde slag mot dei herskande borgarlege teoriar og ideane. Det galdt til dømes utbyttinga under kapitalismen, teori om imperialismen, forsvar av nasjonen, naturvern og i skjønnerliteraturen. AKP(m-l) må stri for å nytta desse positive røynslene for å laga ei betre line for dette arbeidet, slutta seg saman med andre progressive og retta fleire slag mot dei borgarlege herredømet over tenkinga.

20. AKP(m-l)s oppgaver dersom Noreg blir drege inn i ein tredje verdenskrig.

a) Blir Noreg overfalle av ei supermakt, er det den fremste oppgáva til AKP(m-l) å leia folket i motstandskampen

Om Noreg vert drege inn i ein tredje imperialistisk verdenskrig og landet vert slagmark for supermakts-hærene, vil det framleis vera kapitalistisk utbytting og borgarleg underkuing i landet. Men partiet og proletariatet vil likevel få heilt andre oppgaver enn no.

Den sovjetiske sosialimperialismen planlegg i dag eit lynåtak mot Noreg frå aust, nord og sør. Om desse plana-

ne blir til røyndom, må AKP(m-l) setja som den fremste oppgáva si å mobilisera arbeidar-klassen og folket til å føra ein rettvis forsvarskrig mot det imperialistiske åtaket.

b) AKP(m-l)s hovudline for militært forsvar av Noreg er folkevæpning og folkekrig

Den einaste verkeleg pålitande kräfte for det norske folket i ein ny imperialistisk verdenskrig er det væpna folket sjølv. Difor er hovudlina for AKP(m-l) framfor trugs-målet om ein slik verdenskrig å gå inn for folkevæpning. Partiet oppmodar arbeidsfolk til å skaffa seg våpen og nytta alle middel, som militærteneste, idrott, osv., til å læra seg militærkunst.

AKP(m-l) si line er at så snart sosialimperialismen eller ei anna makt går til åtak på Noreg, må arbeidar-klassen og folket svara på det med å reisa seg til motstandskrig. Arbeidsfolk må krevja at den norske staten mobiliserer hæren til forsvar av landet. Samstundes må arbeidar-klassen og folket organisera sin eigen væpna motstand uavhengig av monopolborgarskapet og anten den borgarlege hæren gjer motstand som fortener støtte eller ikkje. Patriotane må skipa ein folkehær og føra folkekrig.

c) AKP(m-l)s politikk overfor den norske hæren ved eit imperialistisk åtak.

Den norske hæren er bygd opp av borgarskapet for å tryggja det norske monopolborgarskapet sine interesser. Ei av oppgåvene hans er å verja borgarskapets diktatur dersom arbeidar-klassen og folket vil reisa seg for å styrta kapitalismen. Ei anna oppgave er at han er ein reiskap for det norske monopolborgarskapet i utanrikspolitikken. I 1950-åra underordna dette borgarskapet seg USA-imperialismen, og lét difor også den norske hæren bli ein lekk i den internasjonale militærmaskinen til USA. I 1980 er det fleire motseiingar mellom interessene til dei norske monopola og USA, men mange av dei militære banda gjennom NATO finst framleis. Med det aukande trugs-målet om åtak frå sosialimperialismen, aukar også vona om at den norske borgarlege hæren vil bli mobilisert mot sovjetisk militært åtak.

Marxistane tar stilling til den borgarlege hæren ut ifrå ein konkret analyse av denne hæren sjølv, av situasjonen i landet og internasjonalt. Om situasjonen er slik at ein sosialistisk revolusjon står for døra, vil kommunistane stri for å svekkja og oppløysa den borgarlege hæren som kjem til å bli sett inn for å prøva å knusa revolusjonen. Men om eit ytre åtak trugar, kan situasjonen krevja at kommunistane stø den borgarlege hæren mot imperialistiske åtak.

Hæren til den borgarlege staten kan aldri bli nokon folkehær eller nokon verkeleg demokratisk hær. Han vil halda fram med å vera hæren til dei norske monopola, og eit våpen for den norske reaksjonen mot arbeidsfolk. Men situasjonen no er at ein sosialistisk revolusjon er langt unna i Noreg, og det er heller ikkje særleg sannsynleg med noko indre fascistisk kupp dei næraste åra. Det er mogleg at hæren kan bli brukt til fordel for USA, eller at styrkar kan bli brukte mot frigjeringsrørslar i den tredje verda. Men den absolutte hovudfaren no er eit sovjetisk åtak. Difor må

kommunistane leggja stor vekt på det når dei utformar lina overfor den norske hæren.

Gjer den norske hæren under leining av den borgarlege regjeringa motstand mot eit sosialimperialistisk åtak, er det rettvis motstandskrig som AKP (m-l) vil stø.

Hovudsaka i 1980 er å stø dei tendensane som gjer det truleg at den norske hæren vil bli mobilisert mot eit sosialimperialistisk åtak, og svekkja slike tendensar som gjer det lettare å kapitulera, å leggja hæren under USA-imperialismen i ein storkrig eller å bruka han til å underkua det norske folket. Difor må kommunistane stø den tvungne verneplikta og kjempa mot at ho blir avgrensa. Dei må krevja slike løyvingar som går til våpen som er særleg godt eigna for folkekrig i norsk terreng, som til dømes panservern for infanteri, antiluftskyts m.m. Dei må stø kampen for demokratiske rettar i hæren, for å reinska ut fascistiske element, og for lover som forbyr å bruka hæren mot arbeidsfolk. Kommunistane må gå imot militær sløsing og kjempa mot den militærdoktrinen som vil underordna Noreg under vestlege imperialismakter i krig og gjera Noreg til slagmark for atomvåpen. Kommunistane ynskjer eit sjølvstendig norsk borgarleg forsvar utanfor NATO framfor ein borgarleg hær som er underordna NATO-kommandoen.

Slik situasjonen er ved inngangen til 1980-åra, må kommunistane stri for endringar i den borgarlege hæren. Men samstundes må dei slåst mot illusjonar om denne hæren. Tar denne hæren kampen opp mot eit sovjetisk åtak, er det bra og må få støtte. Men det mest sannsynlege er at den borgarlege hæren vil bryta saman etter ei viss tid. Det er ei fylgje av den unasjonale karakteren til det norske monopolborgarskapet, den range militærdoktrinen deira og feila i forsvarsordninga. Den norske regjeringa kan òg forvandla rettvis forsvarskrig til urettvis krig. Det kan skje om krigen i hovudsak blir ført som ein lekk i å tryggja USA-imperialismens interesser; dei norske soldatane blir brukte som kanonføde for USA, og krigen verjer i røynda ikkje det norske folket mot sosialimperialismen.

Det norske monopolborgarskapet har inga tru på å verja Noreg med landet sine eigne krefter. Difor set dei all sin lit til støtte frå USA-imperialismen og andre vestlege land. Dette kan òg føra med seg at USA nyttar ein krigssituasjon til å skaffa seg kontroll over Noreg.

Kommunistane må forklara arbeidsfolk at vestlege imperialistar ikkje vil forsvara deira interesser mot sosialimperialismen. Dei må heller ikkje setja sin lit til den borgarlege norske hæren.

d) AKP (m-l)s line for nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig dersom Noreg blir okkupert
Dersom Noreg vert offer for sosialimperialistisk okkupasjon og det norske monopolborgarskapets diktatur vert bytta ut med militærdiktaturet til denne imperialismakta, så vil òg hovudmotseiinga i Noreg skifta. På den eine sida av hovudmotseiinga står då den imperialistiske okkupasjonsmakta. På den andre sida står den underkua norske nasjonen og dei nasjonale minoritetane. Hovudmotseiinga under

ein okkupasjon må løysast ved at proletariatet og partiet dess sluttar seg saman med alle patriotiske klassar og grupper til ein nasjonal frigjeringsfront, byggjer ein folkehær og fører ein nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig i samsvar med prinsippa for langvarig folkekrig, for å kasta fienden ut av landet.

Ein slik nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig vil byrja under tilhøve då kapitalismen frameis finst i Noreg. Det fyrste målet for krigen vil heller ikkje vera å styrta kapitalismen, men å kasta ut åtaksmakta og frigjera landet.

Dette vil ikkje seia at den antagonistiske motseiinga mellom borgarskapet og proletariatet innanfor den norske nasjonen blir borte eller blir mellombels uviktig. Denne motseiinga blir berre ei sekundær motseiing i høve til den nye hovudmotseiinga. Ho vil framleis avgjera den indre utviklinga i den norske nasjonen, og vera med på å avgjera kva klassar og grupper i den norske nasjonen som vil kjempa for nasjonal frigjering, og kva klassar som vil svika nasjonen.

Berre proletariatet og det arbeidande folket har alt å vinna og ingenting å tapa på å kjempa med all kraft mot åtaksmakta. Berre dei er den krafta som kan verja interessene til nasjonen og folket og frigjera Noreg. Kva haldning borgarskapet vil ta, vil bli prega av den unasjonale karakteren til den leiande delen i det norske borgarskapet, monopolborgarskapet. Blir Noreg okkupert, vil dei store monopola ikkje kunna halda fram med utbygtinga utan å søkja samarbeid med okkupantane. Difor må vi venta at eit fleirtal av monopola i praksis vil gå inn for å leggja ned motstandskampen. Om borgarlege einskildpersonar, grupper og sjikt vil kjempa mot okkupasjonsmakta, må kommunistane søkja einskap med dei om mogleg. Men samstundes vil slike grupper alltid kunna vakla og svika, og dei vil ikkje kunna gi kampen den konsekvente leiinga som kan føra til siger. Lina til kommunistane må vera at kampen skal leiast av arbeidarklassen og i hovudsak byggja på det arbeidande folket, samstundes som fronten freistar å samla alle patriotiske krefter som vil slåst mot fienden. Om borgarlege grupper leier motstandskampen, vil det kunna føra til nederlag. Det vil òg kunna gi som resultat at ei imperialismakt blir kasta ut berre for at døra skal opnast for ei anna.

e) Sigeren i ein nasjonal-revolusjonær motstandskrig kan opna vegen til sosialismen
Når okkupanten har lide nederlag og er driven ut av landet igjen, vil motseiinga mellom borgarskapet og proletariatet igjen verta hovudmotseiinga. Om borgarlege grupper har leidd kampen, kan sigeren føra til at borgarskapets diktatur blir gjenoppretta. Men dersom det er det arbeidande folket som har lukkast i å frigjera landet gjennom ein nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig med poletariatet i leiinga, vil vegen òg vera open til å gå vidare med det same, til å oppretta proletariatets diktatur og byrja den sosialistiske revolusjonen. Om det skjer, vil vera avhengig av det politiske medvitet og den politiske viljen til proletaria-

tet, om folket er viljug til å kjempa for å halda på makta, og om det finst eit kommunistisk parti som har ei rett, marxistisk line for å føra revolusjonen i Noreg vidare.

VI. Den sosialistiske revolusjonen

21. Den sosialistiske revolusjonen

a) Revolusjonen i Noreg må vera sosialistisk

Arbeidarklassen i Noreg kan berre fri seg frå den kapitalistiske undertrykkinga og utbygtinga ved å ta over dei samfunnsmessige produktivkreftene og gjere dei til sams eigedom for det arbeidande folket.

Berre at arbeidarklassen tar eigedomen til dei store monopola kan frigjera arbeidande bønder og fiskarar frå utbygtinga frå monopolborgarskapet. Berre det kan gjera det mogleg å setja dei interessene folket har av å halda ved lag menneskeleg miljø og natur framfor dei kapitalistiske profittinteressene. Berre det vil gjera det mogleg å bryta banda mellom Noreg og det imperialistiske verdssystemet og tryggja Noreg mot framande imperialismakter. Berre det vil gjera det mogleg å slå ned på den reaksjonære stornorske sjåvinismen og gjera slutt på nasjonal underkuing av samar og andre nasjonalitetar.

Arbeidarklassen er nøydd til å ta over dei store monopola og statsmakta samstundes. Dersom arbeidarklassen prøvar å ta over monopola utan å ha statsmakta, vil borgarskapet bruka statsmakta til å slå han ned. Dersom arbeidarklassen prøvar å ta statsmakta utan å ta over monopola, kjem monopola til å styrta statsmakta gjennom å saboterea økonomien.

Når arbeidarklassen har avskaffa den borgarlege statsmakta og oppretta si eiga statsmakt, proletariatets diktatur, og gjort dei store monopola om til sosialistisk folkeeeigedom, er den fyrste fasen i den sosialistiske revolusjonen i gang. Dette gjeld sjølv om det framleis finst ikkje-monopolistisk kapitalistisk eigedom, privat drift i jordbruk og fiske, privat handel osv, for dei store monopola dominerer og kontrollerer eigedomen, produksjonen og distribusjonen i den norske økonomien som heilskap.

Difor er ein sosialistisk revolusjon den einaste revolusjonen som er mogleg i Noreg slik tilhøva er no.

b) Kritikk av range idear om revolusjonen i Noreg.
Ny-demokratisk revolusjon er ikkje mogleg i Noreg. Slik revolusjon er naudsynt i halv-føydale og halv-koloniale land. Der er det grunnlag for einskapsfront mellom arbeidarklassen, bøndene, nasjonale borgarar og andre i kampen for å kjempa ned føydalismen og kapitalismen, gjennomføra ein borgarleg-demokratisk revolusjon og utvikla produktivkreftene. Det er òg mogleg at proletariatet tar makta i ein slik revolusjon og utviklar den borgarleg-demokratiske revolusjonen til sosialistisk revolusjon. Noreg er eit høgt utvikla kapitalistisk land der alle viktige restar av føydalisme og kolonialisme er utrydda for lenge sidan. Difor er ny-demokratisk revolusjon umogleg her.

Statsovertaking av industri under kapitalismen kan ikkje føra til sosialismen. Under kapitalismen er staten sjølv ein reiskap for dei største monopola, og er eit grunnlag for kapitalistiske statsmonopol. For arbeidarklassen er det ikkje nokon avgjerande forskjell om utbygtinga skjer på arbeidsplassar som er åtte av kapitalistar gjennom staten, eller om det er privatkapitalistar som eig dei. Dette er prova mange gonger, mellom anna i dei revisjonistiske kapitalistiske landa i Aust-Europa og i statsindustrien i Noreg.

Føresetnaden for at statsovertaking skal vera det same som sosialisme, er at det er arbeidarane sin stat som tar over produksjonsmidla.

«*Anti-monopolistisk revolusjon*» er eit namn nokre revisjonistar har sett på ein politikk for at revisjonistane skal få regjeringsmakta under kapitalismen.

Ifylgje desse revisjonistane skal arbeidarklassen gå saman med ikkje-monopolistiske kapitalistar, kanskje også nokre monopolgrupper, og skipa ei «anti-monopolistisk regjering». Denne regjeringa skal så starta opp ei utvikling mot sosialismen. I røynda er dette ein politikk for at revisjonistar får regjeringsmakta under kapitalismen, støtta av nokre kapitalistar mot andre kapitalistar, og med utanlandsk støtte frå sosialimperialismen.

Slik «anti-monopolistisk» revisjonistisk politikk kan aldri gjera slutt på den kapitalistiske utbygtinga. Men i verste fall kan han føra til revisjonistisk statsmonopolistisk kapitalisme, fascistisk diktatur og underordning under sosialimperialismen.

c) Berre væpna opprør frå det arbeidande folket kan føra til sosialisme
Monopolborgarskapet i Noreg har makta over eit sterkt valdsapparat. Om arbeidar-klassen og folket prøvar å ta makta i Noreg, kjem monopolborgarskapet til å gi ordre til at hær og politi skal slå til mot folket med våpenmakt.

Skal sosialismen sigra, er det ikkje nok at arbeidar-klassen tar regjeringsmakta frå monopolborgarskapet. Han må også ta eigedomen frå monopolborgarane. Difor kjem monopolborgarskapet til å prøva å slå ned revolusjonen med rasande, valdeleg kamp.

Monopolborgarskapet i Noreg kan også rekna med støtte frå borgarskapet i andre kapitalistiske land. Sterkare imperialismakter enn Noreg har interesser i landet som dei vil tryggja. Om arbeidsfolk i Noreg reiser seg, er det truleg at framande imperialismakter interverner for å prøva å hindra at Noreg blir sosialistisk og sjølvstendig.

Ingen sosialistisk revolusjon har sigra utan at arbeidsfolk har gjort opprør og kjempa ned den reaksjonære valdsmakta med våpen. Dette er ei historisk lov som framleis gjeld for Noreg i vår tid.

d) Kritikk av den range ideen om «den fredelege og parlamentariske vegen»
Sosialdemokratar og revisjonistar påstår at i Noreg kan sosialismen sigra langs den «fredelege og parlamentariske vegen». I røynda er ikkje dette mogleg.

Dei som seier dette, tar ikkje omsyn til at lovene og statsapparatet tener kapita-

lismen, og særskilt at valdsapparatet er under kommando av borgarskapet. Sjølv om verkelege sosialistar fekk fleirtal på Stortinget, ville ikkje statsapparatet lyde ordrane deira, og endra lovene til borgarskapet, for det er ulovleg for arbeidarklassen å ta over produksjonsmidla til monopola. Om eit slikt stortingsfleirtal vedtok saker som monopolherane ikkje kunne godta, så kunne kapitalistane gi hæren ordre om å fjerna regjeringa eller be framande imperialistar om å rykkja inn og gjera det.

Dei som trur på denne «vegen», undervurderer makta til borgarskapet og overvurderer makta til ei lita gruppe parlamentarikarar enormt. Ingen parlamentarikar kan gi makta i gåve til det arbeidande folket. Det er berre folket sjølv som kan erobra ho.

Tilhengjarane av «den fredelege vegen» seier at vi revolusjonære er imot at fleirtalet skal ha makta, at vi er imot demokrati. Det er ikkje sant. Ein verkeleg sosialistisk revolusjon kan berre bli gjennomført ved hjelp av stort demokrati innanfor det arbeidande folket, og med støtte frå eit fleirtal. Men så lenge borgarskapet har kontrollen over valdsmakta, er det uråd for dette fleirtalet å innføra sosialismen.

I røynda er ideen om «den fredelege og parlamentariske vegen» eit middel som borgarskapet brukar for å hindra arbeidsfolk i å styrta kapitalismen. Om mange arbeidarar trur på denne «vegen», vil dei ha farlege illusjonar i ein revolusjonær situasjon eller i andre situasjonar med hard klassekamp. Resultatet kan verta blodbad der arbeidsfolk er ofra, slik som i Tyskland i 1933 og i Indonesia i 1965.

e) Sovjets statskupp, invasjonar og massemord har ikkje noko med sosialistisk revolusjon å gjera.
Statskupp frå ei lita gruppe offiserar eller ei anna lita gruppe kan aldri innføra sosialismen.

Invasjon frå Sovjetunionen eller andre pro-sovjetiske statar kan heller ikkje innføra sosialismen.

Begge desse ideane strir grunnleggjande mot det som er naudsynt i ein *verkeleg* sosialistisk revolusjon: at det arbeidande folket *sjølv* grip inn i historia, set seg i rørsle og gjer seg til herre over sin eigen lagnad. Inga lita gruppe og inga framand makt kan erstatta denne breie masserørsla som må vera sjøelve grunnlaget for revolusjonen. Ingen kupp-makar eller okkupant kan tvinga arbeidsfolk til å ta makta over produksjonen og undervisninga, til å administrera sitt eige liv osv., mot sin vilje. Trua på at sosialismen kan verta innført utan massane, uttrykkjer vanvyrndad for dei store massane av det arbeidande folket og dyrking av *eliten* som det viktigaste for utviklinga av samfunnet. Desse tankane er reindyrka i den gamle nazismen og den moderne revisjonismen.

Desse ideane er svært farlege no, av di dei blir brukte til å dekkja over fascistiske og imperialistiske framstøytar frå sosialimperialismen. I åra fram til 1980 var mange pro-sovjetiske invasjonar og statskupp kalla «revolusjon». Fascistiske diktatur blir kalla sosialistiske land, massemord blir kalla «kamp mot kontrarevolusjon».

Vi må trekkje ei skarp skiljeline mellom verkeleg sosi-

alisme og sosialimperialismens framstøytar.

Verkeleg sosialistisk revolusjon er at arbeidande menneske vinn fridom for seg sjøelve og landa sine. Dette har ikkje noko til felles med Sovjets politikk som er å underkua andre land og trælbinda og drepa arbeidsfolk som gjer motstand.

f) Revolusjonen i Noreg kan berre byrja som ein folkerevolusjon

Ein sosialistisk revolusjon i Noreg kan berre byrja som ei brei revolusjonær rørsle av alle klassar og grupper som står i motsetning til den herskande gruppa i monopolborgarskapet. I byrjinga vil dei som tar del i denne rørsla ha ulike parolar og målsettingar. Det kjem til å vera ein god del uklåre saker og ulike idear om kva revolusjonen skal brukast til, og det kjem til å vera med nokre krefter som ikkje ynskjer sosialisme og ikkje har interesse av han.

Det er feil å tru at revolusjonen frå starten av kan vera ein «rein, raud, sosialistisk arbeidarrevolusjon» *i forma*. Det vil seia ein revolusjon der eit fleirtal ved starten har forma klåre og einsarta oppfatningar av kva som bør gjerast og kva sosialismen er, og der storparten av arbeidarklassen og arbeidsfolk elles med ein gong marsjerer fram under leining av kommunistane og støttar deira parolar. Berre ein avgrensa del av arbeidsfolk vil frå starten av ha ei så klår politisk line, og dei vil vera for veikje til å kunna sigra over borgarskapet og reaksjonen åleine. For å få til det, må revolusjonen vera ei brei masserørsle som omfattar arbeidsfolk som stør ulike politiske liner, og der ein ikkje kan unngå at det også er med borgarlege organisasjonar og politikarar som slåst for sine eigne mål.

Ingen verkeleg revolusjon kan starta i Noreg om ikkje *innhaldet* i han er sosialistisk. Men det er feil å forveksla det med spørsmålet om *forma*, og tru at han kan vera «reint og snevert» sosialistisk. Dei revolusjonære må gå ut ifrå at den norske revolusjonen *berre* kan starta som ein brei folkerevolusjon. Denne revolusjonen kan verta sosialistisk i innhald dersom kommunistane og dei medvitne sosialistane kjempar for å sameina fleirtalet av dei som tar del i folkerevolusjonen og styrkar den konsekvent sosialistiske innretninga innafor han. For å få til det, må dei utvikla stort demokrati innanfor revolusjonen, dei må driva tålmodig einskapsfrontarbeid, og dei revolusjonæe må ha vilje til å gjera kompromiss for å halda oppe massekarakteren til den revolusjonære rørsla.

g) Kva er ein revolusjonær situasjon?
Skal revolusjonen kunna starta, må det vere ein *revolusjonær situasjon*. Lenin skildrar vilkåra for at det skal oppstå ein revolusjonær situasjon slik:

«Revolusjonens grunnlov som er blitt stadfesta av alle revolusjonar og særleg av dei tre revolusjonane i det tjuande hundreåret, er fylgjande: For at revolusjon skal finna stad, er dei ikkje nok at dei utbytta og undertrykte massane innser at det ikkje er mogleg å leva på den gamle måten og krev endringar. For at revolusjon skal finna stad, er

det naudsynt at utbytta-rane ikkje greier å herska på den gamle måten lenger. Det er berre når «dei lågare klassane» ikkje ynskjer å leva på den gamle måten og dei «øvste klassane» ikkje kan halda fram på den gamle måten at revolusjonen kan sigra. Denne sannin-ga kan vi seia med andre ord: Revolusjon er ikkje mogleg utan ei landsomfattande krise (som omfatar både dei undertrykte og undertrykkjarene). Det tyder at for at ein revolusjon skal finna stad, er det for det fyrste viktig at størstedelen av arbeidarane (eller i alle høve fleirtalet av dei klassemedvitne, tenkjande og politisk aktive arbeidarane) fullt ut inntar at revolusjon er naudsynt og at dei bør vera budde på å døyr for han.

For det andre er det viktig at den herskande klassen går gjennom ei regjeringskrise som trekkjer også dei mest tilbakeliggjande massane med i politikken (typisk for alle ekte revolusjonar er ei rask tidobling og til og med hundredobling av talet på representantar frå dei arbeidande og undertrykte massane — som hittil — har vore apatiske — men som har evner til å føra politisk kamp), ei krise som svekkjer regjeringa og gjer det mogleg for dei revolusjonære å styrta ho raskt.

Frå «'Venstre'kom-munismen — en barne-sjukdom», *Utvagte verker i 12 bind, bind 11, Forlaget Oktober 1976 s. 162.*

Revolusjonære situasjonar oppstår av di det finst motseiingar i samfunnet som ikkje kan løysast under kapitalismen. Når slike motseiingar blir skjerpa svært mykje, til dømes på grunn av økonomisk krise, politisk kamp i landet eller krig, vil revolusjonære situasjonar oppstå.

Det norske samfunnet er kome til eit punkt i historia der det er naudsynt med sosialistisk revolusjon. Så lenge revolusjonen ikkje har sigra, vil revolusjonære situasjonar oppstå igjen og igjen. Denne lova gjeld framleis, sjølv om det kan gå fleire ti-år mellom kvar gong det er ein revolusjonær situasjon i landet.

Så lenge det ikkje er nokon revolusjonær situasjon, er det ikkje mogleg for arbeidar-klassen å ta makta og byrja å byggja sosialismen. Klassekampen vil bylgja fram og tilbake mellom kvar gong det er ein revolusjonær situasjon. I desse tidene er det oppgåva til arbeidar-klassen å forsvare interesse-ne sine så godt dei kan gjennom klassekampen, og nytta striden til å samla krefter og røynsle til det verkeleg vert mogleg å gjera revolusjon og ta makta.

h) Dei tre våpna som er naudsyn-te for at revolusjonen skal sigra
Ein revolusjonær situasjon tyder ikkje i seg sjølv at revolusjonen har sigra. Om massane slåst utan leining og plan, vil borgarskapet etter ei tid slå ned den revolusjonære rørsla og grunnfesta diktaturet sitt.

Mao Zedong har lært oss at det trengst «tre magiske våpen» for at arbeidar-klassen skal kunna gripa makta:

— Eit revolusjonært kom-munistisk parti som held fast på prinsippa i marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenking, og brukar dei på grunnlag av godt kjennskap til røyndomen i Noreg, og som er nært knytt til proletariatet og folket. Vi freistar å gjera AKP(m-l) til eit slikt parti.

— Ein folkehær av arbeidarar og andre utbytta under leining av dette partiet, som tener interessene til arbeidsfolk flest i Noreg, som er nært knytt til dei arbeidande massane og kan føra ein langvarig folkekrig mot alle reaksjonære hærar så lenge det måtte vera. Berre ein slik hær kan slå kontra-revolusjonen på slagmarka.

— Ei einskapsfront av partiet og alle andre som kan kjempa for revolusjonen, som sameinar arbeidar-klassen, arbeidande bønder, fiskarar, intellektuelle og andre progressive klassar og lag, alle politiske parti, grupper og einskildpersonar som kan vinnast for revolusjonen. Berre ein slik front kan mobilisera kjempekreftene til folket i så stor målestokk at det vert mogleg å vinna over dei veldige kreftene til reaksjonen.

i) Partiet må førebu seg på ein revolusjonær situasjon

I 1980 er det ikkje sannsynleg at det oppstår nokon revolusjonær situasjon i Noreg i nær framtid. Når dette kjem til å skje, kan ikkje tidfestast på førehand.

Det AKP(m-l) kan gjera for å auka vonene om sigere er å førebu arbeidar-klassen og seg sjølv på denne kampen i framtida.

Ein heilt naudsynt del av dette førebuingarbeidet er å vinna massestøtte for den revolusjonære arbeidar-rørs-la, spreia revolusjonær politikk mellom arbeidsfolk og kjempa mot innverknad frå revisjonismen, opportunisten og annan reaksjonær politikk. (Vårt syn på dette arbeidet er framstilt meir omfattande i del V).

I perioden då den sosialistiske revolusjonen ikkje står på dagsordenen, må kommunistane ikkje gløyma å forklara at sosialistisk revolusjon er naudsynt i Noreg. For at ein skal få støtte til ein revolusjonær politikk, krevst det at kommunistane ikkje berre driv med dagleg klassekamp, men òg at dei forklarar dei langsiktige måla. Sjølv i tider då det er gale å kjempa med våpen, må vi forklara at berre våpna revolusjon kan føra til sosialismen.

I tider med fredelege og borgarleg-demokratiske forhold må partiet førebu seg sjølv og arbeidar-klassen på tider med fascistisk diktatur, okkupasjon og væpna kamp. Partiet må spreia revolusjonær militær litteratur, og oppmoda ungdom og arbeidsfolk til å læra seg våpenbruk og militærkunst, både ved at dei brukar verneplikta og på andre måtar. Partiet må halda fast på og utvikla den hemmelege delen av partiorganisasjonen slik at partiet kan halda fram med arbeidet sitt sjølv om det vert forbode, og kjen-de kommunistar blir fengsla og drepne.

Skal den sosialistiske revolusjonen sigra, er det naudsynt at kommunistane brukar åra framover til å styrka det kommunistiske partiet sjølv, gjera det større, betre knytt til massane, flinkare til å kjenna marxismen og forholde i Noreg og betre til å føra klassekam-par av alle slag.

Slik verdsrevolusjonen ut-

viklar seg no, vert det meir og meir sannsynleg at Noreg kjem til å bli overfalle og hærteke av sosialimperialismen. I så fall kan det henda at innledninga på revolusjonen vert ein nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig mot åtaksmennene som seinare veks over i ein sosialistisk revolusjon. Å førebu partiet og folket på ein slik nasjonal-revolusjonær frigjeringskrig er ein svært viktig lekk i arbeidet med å førebu den sosialistiske revolusjonen i Noreg.

VII. Sosialismen, proletariatets diktatur og utviklinga til kommunisme.

22. Sosialismen og proletariatets diktatur

a) Skiljet mellom den proletariske revolusjonen og tidlegare revolusjonar.

Revolusjonar før i historia har ført til at ein utbytta-klasse har teke makta frå ein annan utbytta-klasse, medan systemet med at menneske utbytta menneske har blitt ført vidare. Med den proletariske revolusjonen, som erstattar kapitalismen med sosialismen, er det for fyrste gong det arbeidar-klassen som tar makta for å gjera slutt på utbyttinga. Dette er den mest grunnleggjande revolusjonen i menneskesoga til no.

Den proletariske revolusjonen gjer ikkje slutt på klassar og klassekamp med eitt slag. Borgarskapet, som er styrta, finst framleis ei tid. Men dei to sidene i hovudmotseiinga i samfunnet skiftar plass. Klassekampen mellom den herskande borgarskapet og den underkua arbeidar-klassen går over til å bli klassekampen mellom det underkua borgarskapet og den herskande arbeidar-klassen.

Målet for proletariatet under sosialismen er å utvikla samfunnet vidare slik at det ikkje lenger er mogleg for menneske å utbytta menneske nokon stad i verda, og slik at det blir slutt på all inndeling av menneska i klassar. Med det vil det også bli slutt på klassekampen og at menneske undertrykkjer menneske. Sosialismen er ei overgangsform mellom kapitalismen og det verkeleg klasselause, kommunistiske samfunnet.

Nettopp av di sosialismen er ei overgangsform, er det sosialistiske samfunnet prega av mange skarpe motseiingar. Det nye og det gamle finst samtidig og slåst mot kvarandre i organisasjonen av produksjonen og fordelinga, i forholde mellom menneske, og i tenkinga til menneske. Mao Zedong sa at under sosialismen er det «fullt av motseiingar». Det er gale å sjå på sosialismen som eit idealsamfunn der alle motseiingar er løyste. Sosialismen er ei samfunnsform der arbeidar-klassen og folket etter kvart kan løysa mange av dei problema folk har under kapitalismen. Men arbeidet med dette er vanskeleg, og utviklinga skjer gjennom hard kamp.

Av di sosialismen er ei ny samfunnsform som skil seg grunnleggjande frå alle tidlegare samfunnsformer, er den marxistiske teorien for sosialismen ikkje ferdig utvikla. Marx sjølv kjende berre til ein sosialistisk stat: Pariskommunen i 1870, som

berre varte i nokre månader. Vi kjenner til røynslene frå førti års sosialisme i Sovjetunionen, frå sosialismen i Kina og i nokre andre land. Vi har ingen røynsler frå sosialisme i høgt utvikla vestlege land som liknar mykje på Noreg. Høgt utvikla kommunistiske samfunn er enno ikkje skapte i praksis.

Ved starten av den proletariske revolusjonen vil det difor vera uklårt korleis sosialismen i Noreg vil sjå ut på mange område. AKP(m-l) meiner at det sosialistiske samfunnet i Noreg må utviklast på grunnlag av dei røynslene arbeidar-klassen får når han har teke makta, og gå ut ifrå dei særigne forholda her i landet. Avgjerdene om korleis det sosialistiske samfunnet skal utvikla seg, må det arbeidande folket ta sjølv på demokratisk vis.

Dette gjer at det ikkje er rett av AKP(m-l) å no vedta i detalj ei «oppskrift» på korleis sosialismen i Noreg skal vera. I slutten av dette programmet legg vi fram partiet sitt syn på korleis sosialismen vil bli i store trekk. AKP(m-l) har samstundes det synet at det er mykje partiet ikkje veit, og den historiske utviklinga kan syna at delar av det vi vedtar no er gale.

b) Den sosialistiske økonomien.

Under monopolkapitalismen er det ei antagonistisk motseiing mellom den samfunnsmessige karakteren til produksjonen og den private karakteren til eigedomen og tileigninga. Sosialismen opphevar denne motseiinga ved at det arbeidande folket tar over dei samfunnsmessige produksjonsmidla og det dei produserer.

Under monopolkapitalismen er det lova om størst mogleg profitt (maksimalprofitt) som styrer produksjonen. Under sosialismen vert det mogleg å la lova om maksimal oppfylling av dei stadig veksande materielle og kulturelle behova i samfunnet styra produksjonen.

Av di arbeidar-klassen eig produksjonsmidla og det dei produserer, vert det mogleg å skapa ein økonomisk statsplan som utviklar produksjonen i samsvar med det folket treng. Statsplanen gjer det mogleg å skapa likevekt mellom dei ulike økonomiske sektorane.

Statsplanen er også midlet som kan gjera slutt på dei sykliske overproduksjonskrisene som alltid kjem attende under kapitalismen.

Socialismen gjer det mogleg å få slutt på den antagonistiske motseiinga mellom by og land som finst under kapitalismen. For sosialismen er det naudsynt å skapa ei balansert utvikling mellom jordbruks- og industri-sektorane. Difor må ein rett styrt sosialistisk økonomi overføra midlar til jordbrukssektoren for å kompensera for at han bl.a. har seinare omslagstid og treng lenger tid for å akkumulera til investeringar. Kapitalismen fører til at jordbruks-sektoren og distrikt som heng etter i økonomisk utvikling får minst investeringar av di dei gir minst profitt. Sosialismen kan styra over investeringane ved hjelp av statsplanen, utan at dette blir avgjort av kva som gir maksimalprofitt.

Socialismen gjer det mogleg å kjempa med framgang mot storindustrien sine øydeleggjingar av natur og menneskeleg miljø. Statsplanen kan ta omsyn til ikkje

berre det økonomiske overskotet i den einskilde bedrifta, men òg til kva produksjonen verkeleg kostar heile samfunnet og kva skadeverknader han har som ikkje kjem fram på ein rekneskap i form av utgifter. Sosialismen gjer det mogleg å leggja om produksjonen på eit vis som ikkje er mogleg under kapitalismen av di det ikkje gir høg nok profitt.

Socialismen gjer det mogleg å overføra større midlar til sektorar som ikkje er beinveges økonomisk produktive, slik som helsevesen, skulevesen, vitskap og kunst, idrett, konsum for pensjonistar osv.

Målet med den sosialistiske revolusjonen er å frigjera produktivkreftene frå dei banda som den kapitalistiske samfunnsordninga legg på dei, og skapa grunnlaget for ei svær utvikling av produksjonen. Dette kan gjera det mogleg å avskaffa fattigdomen og nauda i verda, og leggja grunnlaget for å avskaffa alle klasseskilje på lengre sikt.

Med utviklinga av produksjonen meiner vi ei slik utvikling som tener menneska, og ikkje ei utvikling som berre gir profitt til dei få. Målsettinga for utviklinga av produksjonen er ikkje å raskt bruka opp ressursar, til dømes tøyma hava for fisk, øydeleggja dei siste villmarkene og driva opp arbeidstempoet for å produsera fleire varer. Produksjonen må utviklast for å fri menneska frå verkeleg naud og for å gjera det mogleg å fri dei frå slikt slit som reduserer arbeidarane til ein del av maskineriet. Større samfunnsmessig overskot er naudsynt m.a. nettopp for å kunna bruka meir krefter på å skapa eit godt liv for menneska sjølv, og for å skaffa kunnskap og middel slik at menneskesamfunnets produksjon ikkje øydelegg natur og miljø. Vi er imot «vekst»-filosofien til kapitalistane som set profitten til monopola som høgste mål og ikkje bryr seg om menneska, naturen og miljøet. Tilhengjarane av såkalt «nullvekst» har rett i mykje av kritikken av denne filosofien. Men dei tar feil når dei meiner at det er mogleg å skapa eit betre samfunn for menneska utan at produksjonen blir auka.

Til no har vi behandla nokre av dei sidene ved den sosialistiske økonomien som gjer han overlegen i forhold til den kapitalistiske økonomien, og nokre av dei midla proletariatet har til å styra økonomien etter sine egne interesser under sosialismen.

At den sosialistiske økonomien er overlegen på desse områda, fører ikkje i seg sjølv til at utviklinga av økonomien går bra. Sosialismen opphevar ikkje dei økonomiske lovene som gjeld for samfunnsutviklinga. Det er framleis naudsynt at produksjonen som hellskap går med overskot, det vil seia at samfunnet produserer meir enn det som blir brukt til produksjon og til nødvendig konsum, slik at det finst midlar til å setja inn i utvida produksjon. Motseiinga mellom utviklinga av ulike sektorar, motseiingar i distribusjonen osv. kan skada den økonomiske utviklinga. Om den sosialistiske statsplanen ikkje tar omsyn til økonomiske lover, kan han skjerpa motseiingane innanfor økonomien i staden for å løysa dei. Økonomiske kriser er moglege under sosialismen også. Vert dei svært harde, kan

det føra til at at det sosialistiske systemet bryt saman.

Eit nytt sosialistisk land vil enno i lang tid vera prega av restar frå det gamle samfunnet som fanst før revolusjonen. Sjølv om arbeidar-klassen i Noreg tar over monopoleigedomen, vil det til dømes i ei tid etter revolusjonen venteleg finnast småborgarleg eigedom til produksjonsmiddel (mellom anna privat jordbruk), og kan-skje også annan ikkje-monopolistiske kapital-eigedom. Slik småeigedom vil avla meir kapitalisme. For småeigedomen kan gjerast om til sosialistisk eigedom (gruppeeigedom eller stats-eigedom), må det finnast økonomisk og politisk grunnlag for det. Ei slik endring må utvikla og ikkje skada produksjonen, og småbønder og andre småprodusentar må sjølv stø det. Elles vil det skada produksjonen og svekkja sosialismen. Produksjonen i Noreg er innretta på samhandel med den kapitalistiske verdsmarknaden. Sjølv om Noreg vert sosialistisk, vil økonomiske kriser på verdsmarknaden kunna forplanta seg i den norske økonomien. Det vil framleis i lang tid vera naudsynt å bruka systemet med pengar, løn og ein varemarknad til personleg og anna konsum.

Organiseringa av produksjonen vil vera prega av arven frå kapitalismen, med store skilnader mellom leiande administrasjon og produktivt arbeid, og kraftige restar av borgarleg byråkrati. Borgarlege folk i administrasjonen til staten og økonomien kan ta over sosialistisk statseigedom og gjera han til sin eigen. Det er naudsynt å bryta ned dei borgarlege restane i byråkratiet, men det kan ikkje skje på ein dag.

Går ein for sakte fram, kan det truga sosialismen. Men går ein for fort fram, kan det skapa kaos i økonomien og dermed også truga sosialismen. Dette er nokre døme på alle dei restane frå kapitalismen som pregar sosialismen frå starten.

Så lenge det finst eit borgarskap, ei kapitalistisk omverd, og så lenge produksjonen ikkje er så høgt utvikla at vareproduksjonen ikkje er naudsynt lenger, vil det òg kunna skje at borgarskapet tar att makta, styrta sosialismen og gjenopprettar kapitalismen for ei tid.

Det er naudsynt å skjøna at det er vanskeleg å laga ein rett statsplan, og at det ikkje er mogleg å oppretta balanse mellom alle delar av ein sosialistisk økonomi i utvikling ein gong for alle. Harmonisk utvikling vil etter ei tid verta avløyst av at utviklinga fører til ubalanse og skjerpa motsetningar, og harmonien i økonomien må gjenopprettast gjennom inn-grep og kamp. Det er ikkje mogleg å slå fast på førehand kva blandingsformer det kan verta naudsynt å bruka innanfor økonomien, og kva kompromiss med kapitalistiske driftsformer som må gjerast for ei tid.

Rett utvikling av økonomien under sosialismen krev stadig klassekamp og stor demokratisk diskusjon. Arbeidar-klassen og folket må sjølv læra seg å driva økonomisk arbeid gjennom forsøk. Dei må mobilisera diskusjonen for å utvikla den marxistiske økonomiske teorien for sosialismen, og dei må læra seg å gripa inn og retta på feil ved å føra politisk kamp om styringa av økonomien.

c) Proletariatets diktatur og proletarisk demokrati

Statsforma under sosialismen er proletariatets diktatur.

Dette er ikkje lenger ein stat i den opphavlege tydinga av ordet. For den sosialistiske staten er ikkje ein maskin som den vesle utbytarklassen nyttar til å underkua det overveldande fleirtalet av folket. Proletariatets diktatur er ein maskin som arbeidarklassen nyttar for å underkua eit lite fåtal av utbyttrarar, medan det er demokrati for det overveldande fleirtalet av folket.

Den viktigaste oppgåva for proletariatets stat er å fremja produksjonen til beste for det arbeidande folket, tryggja demokratiet for fleirtalet, underkua utbyttrane og dei som vil gjenoppretta kapitalismen og forsvare landet mot åtak frå framande imperialismakter.

Arbeidarklassen kan ikkje bruka den statsmaskinen som er skapt under kapitalismen til dette. Denne statsmaskinen er knytt til borgarskapet og imperialismen med tusen band, og vil ikkje fylgja ordrar får ei sosialistisk regjering som representerer fleirtalet i landet. Difor må arbeidarklassen og folket knusa den gamle borgarlege staten, avvapna og oppløysa den borgarlege hæren og det gamle statsbyråkratiet. Arbeidarklassen må oppretta eit nytt statsapparat som er lojalt mot det arbeidande fleirtalet i landet. Skall embetsmenn, offiserer o.l. frå den gamle staten arbeida for den nye sosialistiske administrasjonen, må dei vera lojale mot fleirtalet i landet og ikkje mot det gamle borgarskapet.

Kjernen i den nye sosialistiske statsmakta – som i alle andre statar – er våpenmakta. Men hæren skil seg frå tidlegare hærar ved at han ikkje underkuar folket, men tvert om er bygd på *folkekvæpning* og er under kommando av proletarar og arbeidsfolk. Denne våpenmakta er retta berre mot framand imperialismen, reaksjonære opprørarar og kriminelle valdsmenn.

Proletariatets diktatur må utvilkast slik at statsmakta meir og meir mistar den formelt sjølvstendige stillinga si «over samfunnet». Det må skje ved at fleirtalet av det arbeidande folket vert dregne inn i statsstyret på alle nivå. Ette kvart må meir og meir av statenesta bli utført på arbeidarløn og utan særskilde fordelar samanlikna med anna arbeid, og tenestemennene må ta del i produksjonen ein del av tida.

Proletariatets diktatur kan berre vera ei sterk statsmakt som ikkje kan styrtast av indre reaksjon eller framande imperialistar, dersom han byggjer på verkeleg demokrati for det arbeidande folket.

Proletarisk demokrati vil seia at det arbeidande folket vel leiarar i staten og leiarane tenestemenn, at det har rett til å kontrollere arbeidet deira og at dette verkeleg er mogleg, og dei kan trekkje dei attende gjennom demokratisk vedtak dersom dei gjer alvorlege feil.

Proletarisk demokrati vil seia verkeleg ytringsfridom og rett til politisk arbeid og så på arbeidsplassar, i det militære, i skular og overalt elles. Det vil seia fridom for debatt og kritikk i kringkastning, presse, på veggaviser, offentlege møte osv. Kritikk vil også seia kritikk av politikken til regjeringa og lina til kommunistpartiet. Proletarisk demokrati vil seia at det arbeidande folket vel leiarar i staten og leiarane tenestemenn, at det har rett til å kontrollere arbeidet deira og at dette verkeleg er mogleg, og dei kan trekkje dei attende gjennom demokratisk vedtak dersom dei gjer alvorlege feil.

Proletarisk demokrati vil seia verkeleg ytringsfridom og rett til politisk arbeid og så på arbeidsplassar, i det militære, i skular og overalt elles. Det vil seia fridom for debatt og kritikk i kringkastning, presse, på veggaviser, offentlege møte osv. Kritikk vil også seia kritikk av politikken til regjeringa og lina til kommunistpartiet. Proletarisk demokrati vil seia at det arbeidande folket vel leiarar i staten og leiarane tenestemenn, at det har rett til å kontrollere arbeidet deira og at dette verkeleg er mogleg, og dei kan trekkje dei attende gjennom demokratisk vedtak dersom dei gjer alvorlege feil.

tarisk demokrati vil seia *arbeidarkontroll* på alle plan i staten og verksemdene.

Om tidlegare kapitalistar, agentar for imperialismen eller andre reaksjonære grip til våpen mot sosialismen, må dei underkua med våpenmakt. Men så lenge reaksjonen ikkje vågar å gripa til våpen, er *det politiske massearbeidet* det viktigaste våpenet for arbeidarklassen i kampen for å undertrykkja borgarleg politikk.

Historiske røynslar syner at det er mogleg å gjera ulike typar feil i utviklinga av proletariatets diktatur. Vert ikkje reaksjonen undertrykt, vil han nytta høvet til å undertrykkja fleirtalet, gjera opprør med vald eller ta statsmakta innanfrå, og innføra kapitalistisk diktatur. Vert dei demokratiske rettane for folket undertrykte, og vert folk redde for å seia meininga si og kjempa politisk, kjem òg sosialismen til å bli alvorleg svekka. Svære feil vil utvikla seg utan å bli kritisert, og eit sosialistisk diktatur med feil kan utvikla seg til eit borgarleg fascistisk tyranni.

Vi veit ikkje på førehand korleis statsmakta vil bli organisert og kva form demokratiet vil få i Noreg under sosialismen. Mellom anna er dette noko som må avgjerast gjennom demokratiske vedtak av arbeidsfolk sjølve. Men vi er overtydde om at det er naudsynt å sameina diktatur over utbyttrarar og reaksjon med stort demokrati, personlege rettar og fridom til debatt og kritikk for det store fleirtalet av dei arbeidande massane.

d) Klassekampen under sosialismen.

«Det sosialistiske samfunnet dekkjer ein ganske lang historisk tidbolk. I den historiske tidbolk for sosialismen finst det framleis klassar, klasse-motseiingar og klassekampar, det går for seg ein strid mellom den sosialistiske vegen og den kapitalistiske vegen, og faren for kapitalistisk gjenopp- retting er framleis til stades» (Mao Zedong).

Klassekamp når det gjeld økonomien, når det gjeld formene til statsmakta og når det gjeld vanane og tenkinga til menneska, avgjer om sosialismen skal halda seg oppe og utvikla seg, eller om han skal li nederlag. «Klassekampen er nykjellekken under sosialismen» (Mao Zedong). Difor er det naudsynt å forstå lovene for klassekampen under sosialismen.

I *det sosialistiske samfunnet finst det to slag klasse-motsetningar*. Det er motsetningane i folket og motsetningane mellom folket og fienden. Dei er ulike i innhald, og må handsamast på ulikt vis.

Motseiingar i folket under sosialismen er slike som desse: Motseiingar mellom ulike grupper innanfor arbeidarklassen, mellom ulike lag blant bøndene, mellom arbeidarklassen og bøndene, mellom dei intellektuelle og arbeidarane og bøndene, mellom ulike grupper intellektuelle osv. Det vil også vera motseiingar mellom staten og folket, mellom interessene til kollektivet og individet, mellom leinga og dei som vert leidde, mellom folket og tendensar til byråkrati osv.

Motseiingar mellom folket og fienden under sosialismen er slike som desse: Mellom arbeidsfolk som før vart utbytta og dei gamle utbyttrarane som vil ha makta si tilbake, mellom arbeidsfolk

og reaksjonære i stat og parti som vil undertrykkja folket og gjenoppretta kapitalismen, mellom folket og agentar for utanlandske imperialismakter, mellom det sosialistiske landet og framande imperialistar som vil leggja landet under seg.

Om ikkje desse to slaga motseiingar vert løyste med ulike metodar, kan det skada sosialismen.

Om til dømes motseiingar innanfor folket blir handsama som om dei var motseiingar til fienden og delar av folket blir undertrykt, kan desse motseiingane verta antagonistiske og føra til at delar av folket slåst mot sosialismen. Men dersom dei blir handsama med demokratisk diskusjon og politisk kamp, kan det føra til at grupper i folket sluttar seg nærare saman og proletariatets diktatur vert styrka.

Om motseiingar mellom til dømes folket og reaksjonære i statsapparatet blir feil behandla, kan slike reaksjonære nytta makta si til å undertrykkja arbeidsfolk og skaffa seg sjølve svære fordelar, mykje pengar og tilmed kapitaleigedom. Historiske røynslar syner at dette er ein av dei aller mest alvorlege farane i forhold til det sosialistiske systemet, som lett kan føra til at kapitalismen vert oppretta på ny.

Under sosialismen vil det også vera periodar då klassekampen blir skjerpa, det oppstår store vanskar, og proletariatet opplever nokre tilbakeslag. Alle revolusjonar i historia har gått gjennom motgangstider og forviklingar. Det har aldri hendt nokon gong før i historia at ein ny produksjonsmåte har fått fofeste med ein gong, utan ei lang rad tilbakeslag, mistak og tilbakefall.

Sjølve fleire generasjonar etter at kapitalismen er styrt, må arbeidarklassen difor ikkje gløyma at det finst eit borgarskap og gløyma klassekampen. Så lenge borgarlege element, borgarleg tenking og grunnlag for borgarleg produksjon finst, er ikkje den endelege sigeren trygg, og sosialismen kan tilmed gå under for ei tid.

Så lenge det finst klassar og klassekamp, vil arbeidarklassen har bruk for eit kommunistisk parti. Under sosialismen og proletariatets diktatur må kommunistpartiet halda fram med å vera partiet som organiserer dei mest politisk medvitne og aktive i proletariatet og folket og den krafta som kjempar for å bryta ned restane av det gamle kapitalistiske samfunnet, og fremja det som legg grunnen for kommunismen i framtida. Utan ei kommunistisk leiding vil arbeidsfolk koma på defensiven overfor borgarskapet og reaksjonen, og sosialismen vil gå under.

Under sosialismen blir ein viktig del av klassekampen kampen i partiet og kampen mellom marxisme og revisjonisme. Av di kommunistpartiet leier den klassen som har statsmakta under sosialismen, blir det viktigare enn nokon gong kva line kommunistpartiet har. Borgarskapet har lært at akkurat som det er lettast å ta ei borg innanfrå, slik er det òg lettare å styrtja sosialismen ved å ta makta i det kommunistiske partiet. Ein viktig del av kampen for å forsvare sosialismen og hindra degenerering til kapitalisme vert difor kampen for å hindra at kommunistpartiet omvandler seg til eit borgarleg parti, og hindra at borgarleg revisjonistisk politikk vert sett

i staten for marxistisk politikk.

23. Dei fyrste oppgåvene for sosialismen i Noreg

Så snart proletariatet har teke makta i Noreg, må det ta til å byggja opp det nye sosialistiske samfunnet. Dette krev at det finst eit program som slår fast kva som er dei fyrste naudsynte tiltaka.

AKP (m-l) har enno (1980) kome stutt i arbeidet med eit slikt program. På førehand kan vi heller ikkje seia heilt sikkert korleis dei fyrste tiltaka for å skapa sosialismen vil bli forma ut. Arbeidarklassen kjem til makta som fylgje av ei svær krise i det norske samfunnet. Det er mogleg at landet vil vera øydelagt av krig eller at det har skjedd andre ting som gjer at forholda er svært forskjellige frå no. Kva som er rett politikk, må avgjerast ut frå den politiske og økonomiske situasjonen i den fyrste tida etter at arbeidarklassen har sigra.

Her skal vi stutt samanfatte kva AKP (m-l) i dag trur vil verta dei fyrste oppgåvene for arbeidarklassen ved makta i Noreg.

a) Skipa ein sterk proletarisk stat og stort proletarisk demokrati

Føresetnaden for at arbeidarklassen kan byggja sosialismen, er at han tar til med å oppretta proletariatets diktatur. Kjernen i denne staten er voldsmakta, som byggjer på allmenn folkekvæpning. Proletariatets diktatur treng òg ein sterk folkehær for å verja landet mot framande imperialismakter.

Sentrale statsorgan, domstolane, leinga i industri, jordbruk, handel, skulevesen osv. må verta nedsette, leidde og kontrollerte av folkevalde forsamlingar. Røysteretten til folket må verta utvida til å gjelda ikkje berre val av delegatar, men også retten til å kalla dei attende og byta dei ut med andre når som helst.

Dette erstattar det borgarleg-parlamentariske systemet med falsk demokrati, med verkeleg sosialistisk demokrati. Veljarane kan verkeleg kontrollere dei folkevalde og byta ut folkevalde organ som ikkje vil fylgja folkets vilje. Dei folkevalde får verkeleg makt til å avgjera politikken. Avgjerdsmakta og den utøvande makta er samla i same statsorgan, slik at dei som vedtar politikken også set han ut i livet.

Den sosialistiske staten må straks starta arbeidet med å få dei arbeidande massane til sjølve å driva meir med statsaker. Staten må gjera det lett for arbeidsfolk å få innsyn og å driva med arbeidarkontroll. Han må arbeida for å bryta ned byråkrati og privileg, og oppmoda til kamp mot at leiarar i staten og økonomien undertrykkjer arbeidsfolk, og byrja å innføra systemet med at nokre slike leiarar driv produktivt arbeid ein del av året.

Staten må sikra talefridom, prentefridom og organisasjonsfridom for folket. Diskriminering på grunn av kjønn, nasjonalitet og tru på religion eller på ingen religion må verta forbode. Kyrkja må skiljast frå staten. Staten må sikra rettstrygd for folket og slå ned på kriminalitet. Han må undertrykkja kontrarevolusjonære som vil gjera oppreist mot sosialismen. Tilhøvet mellom den

sosialistiske staten i Noreg og den samiske nasjonen må ordnast på grunnlag av prinsippet om nasjonal sjølrådrett og etter den frie viljen til samane. (Grundigare om dette i AKP (m-l) sitt same-program.)

b) Tryggja Noregs sjølvstende og kjempa mot imperialismen

Sigere for proletariatet i Noreg kan ikkje tryggast for sosialismen har vunne i verdensomfang. Den sosialistiske staten må difor føra ein utanrikspolitikk som verjer Noregs nasjonale sjølvstende og gjer Noreg i stand til å møte aggresjon frå framande imperialismakter. Han må hevda integriteten til Noreg og suvereniteten over alt retteleg norsk territorium medrekna Svalbard, Jan Mayen og territorialfarvatn og kontinentalsokkel.

Regjeringa må seia opp alle avtaler som legg Noreg under sterkare imperialistiske land. Han må kasta ut alle militæranlegg imperialismaktene har i Noreg og undertrykkja imperialistiske spionorganisasjonar i Noreg.

Noreg må slutta seg saman med dei som kjempar mot undertrykking, støtteriingsrørslene mot imperialismen og samarbeida med statar som kjempar mot hegemoni. Tilhøva til statar med andre samfunns-system må ordnast ut frå dei fem prinsippa om fredeleg samlivnad.*

* Dei fem prinsippa for fredeleg samlivnad, utforma på Bandungkonferansen i 1955:

- Begge partar må visa vrydnad for suverenitet og territorial integritet.
- Partane nyttar ikkje aggresjon mot kvarandre.
- Ikkje-innblanding i indre tilhøve.
- Likestilling og fordel for begge partar.
- Fredeleg samlivnad.

Regjeringa må gjera kjend at ho gir avkall på avtaler som gir Noreg rett til imperialistisk utbytting i utlandet, og gir avkall på norsk imperialistisk eigedom i utlandet.

c) Gjera monopola til sosialistisk statseigedom, laga ein statsplan

Den sosialistiske staten må straks gjera ein del av den kapitalistiske eigedomen til sosialistisk statseigedom. Dette må omfatta:

- Dei store kapitalistiske statsmonopola som finst før revolusjonen.
- Bankar, finansinstitusjonar og forsikringselskap.
- Dei store private monopolselskapa (irekna utanlandske imperialistisk eigedom).
- Selskap som driv med produksjon som er militært viktig.
- Industri, gruvedrift og transport som kan vera særleg farleg for natur og menneskeleg miljø.
- Den sosialistiske staten må oppretta statsmonopol for utanrikshandelen.

Med dette eig den sosialistiske staten dei dominerande selskapa i industri, gruvedrift, byggje- og anleggsverksmed, dei store jord- og skogeigedomane som før hørde til godseigarar, dei største verksemdene i transport, dei store reiarlaga, varehuskjedene og heile bank- og forsikringssektoren.

Frå då av dominerer den sosialistiske statssektoren heile den norske økonomien.

Han er grunnleggjande vorten sosialistisk.

Kva staten vil gjera med den eigentlege kapitalistiske verksemda i industri, samferdsel, handel osv. som fell utanom dei gruppene som er nemnde her, er avhengig av tilhøva.

Dersom staten tillet privatkapitalistisk drift ved sidan av statssektoren for ei tid, så må han leia og kontrollere denne delen av økonomien ved å nytta den økonomiske styrken til statssektoren.

I jordbruk og fiske som er prega av mykje småborgarleg produksjon, er det ikkje rett å gjera jorda og båtane til dei småborgarlege produsentane til sosialistisk eigedom like etter revolusjonen. Staten si oppgave må i fyrste rekkje vera å stø småprodusentane i desse sektorane, fri dei frå utplyndringa til monopola og frå å bli utkonkurrerte gjennom stordrift. Det er eit mål at den småborgarlege eigedomen skal bli omlaga til sosialistisk gruppeeigedom. Men denne omdanninga må skje på lenger sikt og på grunnlag av at dei arbeidande bøndene og fiskarane sjølve vedtar det. Same lina vil truleg vera rett for annan småborgarleg produksjon, distribusjon og handel.

Bygginga av den svære sosialistiske statsektoren gjer det mogleg å gjennomføra sosialistisk planøkonomi. Produksjonen må verta styrt ut frå ein statsplan. Staten må mobilisera massane til å utvikla statsplanen og setja han ut i livet ved å leggja han ut til demokratisk debatt før han vert endelig vedteken av sentrale statsorgan.

d) Arbeida for å oppfylle dei viktigaste behova til folk.

Skipinga av sosialistisk planøkonomi gjer det mogleg å utvikla produksjonen og etter kvart oppfylle fleire og fleire av behova til folk. Med behov meiner vi både nødvendig personleg konsum, kollektivt konsum som helsevesen, skular, offentleg kulturverksemd osv., forsvaret, tiltak for å verna menneskeleg miljø og natur.

Noko av det aller fyrste som må gjerast er å tryggja dei mest naudsynte behova og rydja ut den armada som kapitalismen har skapt. Sosialismen må sikra arbeid til alle som kan arbeida, tryggja levekåra for uføre og pensjonistar, skaffa bustad til alle, utvikla helsestellet, gi all ungdom høve til utdanning osv.

Ut over det mest naudsynte er det oppgåva til sosialismen å gi menneska høve til eit betre og rikare liv enn før. Sosialismen kan ikkje nøya seg med å gi lik rett til kvinnene. Han må bruka krefter på å leggja verkeleg økonomisk og politisk grunnlag for verkeleg jamstelling mellom kjønna. Sosialismen må leggja tilhøva til rette for vitskap og kunst, både for dei intellektuelle som har arbeidet sitt på desse områda, og for at dei arbeidande massane elles kan driva meir og meir med det. Han kan ikkje nøya seg med å verna naturleg menneskeleg miljø. Ettersom kreftene blir større, må menneska ta opp arbeidet med å bota på dei skadene som den kapitalistiske raseringa gjorde. Sosialismen må skapa tryggleik for massane og kjempa mot kriminaliteten, for å sameina undertrykking av kriminelle bandar og fengsling av dei kapitalistiske bakmennene med tiltak som fjernar dei sosiale

årsakene til kriminalitet. Filleproletarar, kriminelle, prostituerte osv. må få oppseding og hjelp, slik at dei kan venda ryggen til fortida, arbeida og bli medlemmer av samfunnet med same rettar og plikter som andre.

Vi veit ikkje kor raskt det blir mogleg å gjennomføra ei slik utvikling. Det er avhengig av korleis den økonomiske situasjonen er i landet like etter revolusjonen, av klassekampen i landet og av om regjeringa evnar å føra ein rett politikk. Den sosialistiske revolusjonen i Noreg vert til å byrja med vanskelegare enn revolusjonane i mange land i den tredje verda. Det er fordi statsapparatet i desse landa er nokså veik, medan staten til det norske monopolborgarskapet er svært sterk. Men etter at revolusjonen har sigra, er det godt mogleg å utvikla sosialismen vidare raskt. Det er på grunn av at Noreg er eit rikt land med høgt utvikla produktivkrefter, og arbeiderklassen og folket har eit høgt kulturrelt nivå med lange røynslar frå moderne storindustri. Dersom dei veldige rikdomane som dei kapitalistiske monopola eig blir konfiskerte og heile produksjonen blir organisert for å tena folket sine interesser, blir det mogleg for folk i Noreg å utretta mirakel.

Den sosialistiske revolusjonen kan bli opninga på den rikaste perioden i norsk historie. Det blir mogleg å utvikla eit samfunn der arbeidsfolk flest får nytta evnene sine og skaparevna si på ein måte som kapitalismen ikkje tillet, eit samfunn der eit fleirtal av arbeidsfolk er med i kunstnarleg verksemd og idrett, studerer og er med på vitenskapleg granskning, tar aktivt del i demokratisk styre av produksjonen og staten. Dette er ei utvikling som peikar fram mot det kommunistiske samfunnet der det ikkje finst klassekilje og der menneske ikkje har ein fastlåst plass i den samfunnsmessige arbeidsdelinga som vedheng til ein maskin.

24. Utviklinga av sosialismen til kommunismen.

Sosialismen avskaffar systemet med at menneske utbyttrar menneske. Staten er ik-

kje lenger ein maskin som undertrykkjer det store fleirtalet. Proletariatet og folket blir herrar over produktivkreftene. Dette gjer det mogleg for fleirtalet av arbeidande menneske å avgjera utviklinga av menneskesamfunnet.

«Fyrst frå denne stunda vil menneske gjera historia si sjølv på fullt medvite vis, fyrst no vil dei samfunnskreftene som dei har sett i rørsle koma til å få dei verknadene som menneske ynskjer i den overveiande delen og i stadig større mon.» (Engels)

Derfor er sosialismen «den fyrste fasen i kommunismen». (Lenin)

Men sosialismen er enno ikkje fullt utvikla kommunisme. Det finst klasser og klassekamp. Det finst framleis ein stat med folkehær og statsadministrasjon som har til oppgåve å tryggja makta til dei revolusjonære klassane mot framande imperialistar og borgarskapet innanlands. Sjølv om det er eit mindretal som blir undertrykt, så er systemet med at menneske undertrykkjer menneske ikkje avskaffa.

Samfunnsmedlemene som eig produksjonsmidla til saman og det arbeidande folket rår over overskuddet av produksjonen, men fordelinga av forbruksgoda fylgjer prinsippet om «frå kvar etter evne til kvar etter arbeid». Denne like retten til fordeling etter arbeid er ein rett til ulik fordeling. Dette er ein borgarleg rett for til eigninga som framleis gjeld under sosialismen.

Under sosialismen vil det enno lenge finnast ulike former for eigedom til produksjonsmiddel: sosialistisk statseigedom, gruppeeigedom, restar av privateigedom.

Det vil lenge finnast ein marknad for handel mellom landa, for handel mellom statsektoren og dei andre sektorane i den sosialistiske økonomien, og folk arbeider for pengeløn. I organiseringa av produksjonen og staten vil det framleis finnast store skilnader mellom dei med sentrale stillingar og det store fleirtalet, og det vil finnast restar av borgarleg byårkrati.

Motseiinga mellom åndsarbeid og kroppsarbeid, mellom kvinne og mann,

mellom by og land vil også finnast i byrjinga under sosialismen. I verda vil det lenge vera motseiingar mellom nasjonar og stater.

I kulturen, i vanane og tenkinga til menneske — også til proletariatet og arbeidsfolk elles — vil det lenge finst restar av reaksjonære og borgarlege idear og haldningar, som vil verka til å ta vare på den forma for forhold mellom menneske som fanst under kapitalismen.

Fyrst når alt dette er avskaffa, har menneskesamfunnet nådd det utviklingsnivået som gjer det rett å snakka om fullt utvikla kommunisme. Sosialismen er ein *overgangssperiode* mellom det kapitalistiske og det fullt utvikla sosialistiske samfunnet, «perioden då det eine samfunnet blir endra revolusjonært til det andre». (Marx)

Denne overgangstida vil ta fleire generasjonar. Det kjem av at utviklinga av eit fullt ut kommunistisk samfunn krev føresetnader som ikkje finst på jorda i dag, og som ikkje vil oppstå på lang tid enno.

Det krev at arbeiderklassen får makta i alle land i verda, gjer slutt på all imperialismen og all nasjonal underkuing.

Vidare krev det ei svær utvikling av den samfunnsmessige produksjonen, som gjer det mogleg å endra menneske sitt forhold til arbeidet, den samfunnsmessige arbeidsdelinga og fordelinga, slik at det blir ulikt både kapitalismen og sosialismen:

«(...) i ein høgare fase i det kommunistiske samfunnet, etter at individet si træl bundne underordning under arbeidsdelinga, og dermed også motsetninga mellom ånds- og kroppsarbeid er forsvunne; etter at arbeidet ikkje berre er blitt eit middel til livsopphaldet, men det fremste livsbehovet; etter at produktivkreftene har vakse samtidig med individa si allsidige utvikling og alle kjeldene til rikdommen til fellesskapet flyt meir rikeleg — fyrst då kan den tronge borgarlege horisonten overskridast fullstendig og samfunnet kan skriva på fanene sine: 'Frå einkvar etter evne, til einkvar etter behov'.» (Marx)

Vidare krev det at det store fleirtalet i samfunnet

sjølv evnar å organisera og leia produksjonen og kontrollera det vesle mindretalet av utbyttrarar og reaksjonære. «Jo meir fullstendig demokratisk staten er, staten som består av dei væpna arbeidarane og «ikkje lenger er ein stat i den eigentlege tydinga av ordet», jo raskare byrjar *alle* former for stat å døy bort. For når *alle* har lært å styra og styrer den samfunnsmessige produksjonen verkeleg uavhengig, fører uavhengig rekneskap og kontroll med døgeniktene, herremennene og svindlarane og liknande «vaktarar av dei kapitalistiske tradisjonane», vil det unngåeleg verta så vanskeleg å vri seg unna denne folkelege rekneskapsføringa og kontrollen ... at *det er naudsynt* å fylgja dei enkle, grunnleggjande reglane for menneskeleg samliv svært snart vert ein *vane*. Og då vil døra vera opna på vid vegg for overgangen frå den fyrste fasen i det kommunistiske samfunnet til den høgaste fasen, og dermed til at staten døyr bort fullstendig.» (Lenin)

Proletariatet kan berre skapa desse føresetnadene gjennom mange års klassekamp. Difor sa Lenin om tida under sosialismen at ho er «ein hardnakka strid, ein blodig og ublodig, valdeleg og fredelag, militær og økonomisk, pedagogisk og administrativ strid mot krefte og tradisjonane frå det gamle samfunnet.»

Arbeiderklassen og det arbeidande folket må kjempa i mange år med å utvikle produksjonen, styrka arbeiderkontrollen og det sosialistiske demokratiet, endra arbeidsdelinga, utvida sosialistisk eigedom og avgrensa borgarleg rett i fordelinga. Dette kan berre skje bit for bit, og ettersom utviklinga av økonomien og produksjonen legg grunnlag for det.

Ikkje noko av dette vil gå av seg sjølv. Det vil krevja kamp både mot den borgarlege reaksjonen og mot grupper og lag innanfor folket sjølv som ser sine interesser tente med å bli ståande på eit særskilt nivå i den sosialistiske utviklinga og ikkje gå vidare til det neste. Vegen er ikkje godt kjend enno, og det kjem til å bli gjort mange feil. Samstundes som proletariatet leier folket i kampen for å

omskapa verda, må proletariatet læra å omskapa seg sjølv.

Det blir vanskeleg å nå fram til kommunismen. Ingen som lever no vil få oppleve den tida. Likevel er ikkje dette eit mål som berre er oppstått i menneskefantasia. Det byggjer på studiar av den historiske økonomiske utviklinga. Dei syner at utviklinga fram i retning av kommunismen er styrt av lover som er uavhengige av menneskeviljen. Det er dei same lovene som gjorde at urkommunismen vart erstatta av slavesamfunnet, slavesamfunnet av føydalismen, føydalismen av kapitalismen. Kapitalismen har skapt proletariatet, som ikkje kan verta fritt utan å gjera ende på all utbytting og alle klassar i det heile.

Ein gong vil menneskesamfunnet koma dit. Utviklinga kjem ikkje til å ta slutt med det. Det kjem framleis til å finnast motsetningar mellom menneske, rett vil kjempa mot gale og gamalt mot nytt. Men menneske vil leva og arbeida saman utan å undertrykkja kvarandre, fordeling vil skje etter kva folk treng og ikkje ved hjelp av pengar og ein marknad, arbeid vil bli ei kjelde til lukke og utvikling og ikkje noko som trælbind eit fleirtal på jorda.

Det siste og største målet til AKP (m-l) er å føra denne tida nærare.

Nødvendig materiale til diskusjonen om AKP (m-l)s prinsipp-program

Dette materialet er nødvendig for alle som skal delta i debatten:

Prinsippprogram og vedtekter for AKP (m-l), vedtatt på det andre landsmøtet 1976.

AKP (m-l)s militærpolitiske program, vedtatt på Landskonferansen våren 1979. Dette programmet gjeld no, på ein del punkt inneheld det endringar i forhold til prinsippprogrammet frå 1976.

AKP (m-l) sameprogram. Vedtatt på det fyrste landsmøtet 1973.

Dette materialet blir tilrådd som viktig hjelpemateriale til programdebatten:

AKP (m-l) program og vedtekter, vedtatt på det fyrste landsmøtet 1973.

Sosialimperialismen Sovjet i dag (Forlaget Oktober 1975). Inneheld AKP (m-l)s landskonferansevedtak om sosialimperialismen frå 1974.

Norden mellom supermakterne. Dokument frå dei nordiske marxist-leninistiske partia sitt fyrste fellesmøte, januar 1975.

Dette materialet blir tilrådd som supplement til debatten om beretning og arbeidsprogram:

Beretning fra AKP (m-l) vedtatt på det andre landsmøtet 1976.

AKP (m-l)s tre første år. Vedtak, uttalelser og opprop fra AKP (m-l) februar 1973 til mai 1975. Boka inneheld også dokument frå Rød Valgallianse 1973 og 1975.

AKP (m-l) vedtak og uttalelser juni 1975 — november 1976. Boka inneheld også dokument frå Rød Valgallianse 1975.

Ein pakke med alt dette materialet, unnateke militærpolitisk program, er laga særskilt til landsmøteførebuingane av Forlaget Oktober. Han vil vera i sal i Oktoberbokhandlane frå byrjinga av oktober månad, eller kan tingast frå Forlaget Oktober, Boks 6875 St. Olavs plass, Oslo 1. Prisen er kr. 30,—